

2018

ÅRSRAPPORT
165. forretningsår



SPAREBANK 1 SØRE SUNNMØRE
NO 937 899 785
TELEFON 70 07 00 00

SpareBank 1
SØRE SUNNMØRE



Utsikt mot Ørsta frå Niven, foto: Robert Bratteberg

INNHALD

| | |
|---|----|
| 2018 – SOLID UTVIKLING OG VEKST | 04 |
| NØKKELTAL | 05 |
| ÅRSMELDING FRÅ STYRET 2018 | 07 |
| ERKLÆRING FRÅ STYRET OG ADMINISTRERANDE DIREKTØR I SPAREBANK 1 SØRE SUNNMØRE | 16 |
| ORGANISASJON OG LEIINGSSTRUKTUR | 17 |
| RESULTAT | 21 |
| BALANSE | 22 |
| EIGENKAPITALOPPSTILLING | 23 |
| KONTANTSTRAUMOPPSTILLING | 24 |
| NOTAR | 25 |
| REVISJONSMELDING | 89 |

2018 – Solid utvikling og vekst

SpareBank1 Søre Sunnmøre levert i 2018 eit solid resultat, med ein vekst utover marknaden. Vi tek soleis marknadsandeler igjen både på privat og bedriftsmarknaden. Dette er i tråd med våre mål, etter å ha fokusert på soliditet og endringsprosesser dei siste par åra.

Konkurransen i bankmarknaden hardnar til, både frå tradisjonelle bankar og nye aktørar som ynskjer å ta ein posisjon i bank og finans marknaden. PSD2 direktivet har opna for sterkare konkurranse i finansmarknaden. Dette må vi ta innover oss og gjere dei rette tiltaka for å utvikle ein enda sterkare lokal og sjølvstendig bank.

Gjennom 2017 og 2018 gjennomførte vi prosjektet «Rett kompetanse 2020». I nært samarbeid med dei tillitsvalde utarbeida vi ei kartlegging av kva kompetanse vi treng, kva kompetanse har vi, kva vi kan utvikle og kva vi må avvike. Målet vårt var å ende opp med både rett kompe-

tanse for framtida og rett dimensjonering i forhold til eit mål om å drive banken med færre årsverk en tidlegare. Dette har vi lukkast godt med.

I vår strategiplan for perioda 2019 til 2021 har vi vore tydelege på at vi skal ha fokus på personkunder og små og mellomstore bedrifter. Vi forventar å styrke vår marknadsposisjon gjennom balansert vekst i åra framover.

Vårt konkurransefortrinn skal vere å kombinere dei beste digitale løysingane med eit superlokalt og kompetent rådgjevarteam.

Dei økonomiske utsiktene i vårt marknadsområde er gode og vi skal gjere det vi kan for å leve opp til vår visjon om å vere ei drivkraft for å gjere det betre å bu og virke på Søre Sunnmøre!



Volda, 1. mars 2019

Stig Brautaset
Administrerende Direktør

NØKKELTAL

| HOVUDTAL KONSERN | 2018 | | 2017 | | 2016 | |
|--|--------------|-------------|--------------|-------------|--------------|-------------|
| RESULTAT | mill. kr | % | mill. kr | % | mill. kr | % |
| Netto renteinntekter | 137,6 | 1,54 | 139,1 | 1,65 | 131,7 | 1,56 |
| Netto provisjon- og andre inntekter | 71,0 | 0,79 | 79,4 | 0,94 | 84,5 | 1,00 |
| Netto avkastn. på finansielle eignelutar | 46,3 | 0,52 | 38,3 | 0,46 | 56,3 | 0,67 |
| Sum inntekter | 254,9 | 2,85 | 256,9 | 3,05 | 272,5 | 3,24 |
| Sum driftskostnader | 132,4 | 1,48 | 126,4 | 1,50 | 124,8 | 1,48 |
| Resultat før tap | 122,5 | 1,37 | 130,4 | 1,55 | 147,7 | 1,76 |
| Tap på utlån og garantiar | 10,1 | 0,11 | 19,8 | 0,23 | 32,9 | 0,39 |
| Nedskrive på aksjar | 0,4 | 0,00 | 3,2 | 0,04 | 6,5 | 0,08 |
| Resultat før skatt | 112,1 | 1,25 | 107,5 | 1,28 | 108,3 | 1,29 |
| Skattekostnad | 17,9 | 0,20 | 13,7 | 0,16 | 16,5 | 0,20 |
| Resultat for rekneskapsåret | 94,2 | 1,05 | 93,7 | 1,11 | 91,9 | 1,09 |

| BALANSE | 2018 mill.kr | 2017 mill.kr | 2016 mill.kr |
|--|-----------------|-----------------|-----------------|
| Utlån selt til SB1 Boligkreditt og SB1 Næringskreditt | 2 289,2 | 2.426,4 | 2.381,4 |
| Brutto utlån inkl. SB1 Boligkreditt og SB1 Næringskreditt | 10 549,5 | 9.771,1 | 9.325,9 |
| Innskot | 6 454,4 | 5.838,4 | 5.637,3 |
| Utlånsvekst siste 12 mnd. Inkl. SB1 Boligkreditt og SB1 Næringskreditt | 778,5 | 445,2 | 299,8 |
| Utlånsvekst siste 12 mnd eks. SB1 Boligkreditt og SB1 Næringskreditt | 769,2 | 400,3 | 96,1 |
| Innskotsvekst siste 12 mnd. | 615,9 | 201,2 | 355,9 |
| Innskotsdekning inkl. SB1 Boligkreditt og SB1 Næringskreditt | 61,2 % | 59,70 % | 60,40 % |
| Forvaltningskapital | 9.272,0 | 8.611,0 | 8.367,8 |
| Forvaltningskapital inkl. SB1 Boligkreditt og SB1 Næringskreditt | 11.707,7 | 11.037,4 | 10.749,2 |
| Eigenkapital eks. fondsobligasjon | 1 130,0 | 1.038,4 | 832,3 |
| Gjennomsnittleg forvaltningskapital | 8 972,3 | 8.440,7 | 8.414,4 |

| NØKKELTAL | 2018 | 2017 | 2016 |
|---|----------|----------|---------|
| Lønnsomheit | | | |
| Eigenkapitalavkastning etter skatt | 8,4 % | 9,9 % | 11,3 % |
| Kostnadsprosent | 52,0 % | 49,2 % | 45,8 % |
| Soliditet | | | |
| Kapitaldekning | 21,1 % | 21,85 % | 16,92 % |
| Rein kjernekapitaldekning | 17,2 % | 18,49 % | 15,11 % |
| Risikovekta balanse | 4 853,3 | 4 436,0 | 4 378,3 |
| Rein kjernekapital | 834,5 | 820,2 | 661,7 |
| Ansvarleg kapital | 1 026,0 | 969,3 | 740,7 |
| Uvekta kjernekapital (Leverage Ratio - LR) | 9,6 % | 9,31 % | 7,67 % |
| Likviditetsreserve (Liquidity Coverage Ratio - LCR) | 146 % | 226 % | 153 % |
| Eigenkapitalbevis | | | |
| Resultat per eigenkapitalbevis (konsern) | 10,76 kr | 10,82 kr | |
| Resultat per eigenkapitalbevis (morbank) | 9,75 kr | 10,11 kr | |
| Tal på utferda bevis (mill) | 100 | 100 | |
| Bokført eigenkapital for eigenkapitalbevisegarane | 118,4 | 110,3 | |
| Eigenkapitalbevisbrøken i % | 11,42 % | 11,55 % | |

ÅRSMELDING FRÅ STYRET 2018

Banken og verksemda

Historie

SpareBank 1 Søre Sunnmøre vart etablert i Volda 17. september 1853 og hadde sin første opningsdag 2. januar 1854. Namnet var den gong Volda og Ørsta Sparebank og hovudkontor låg i Volda, slik som i dag. Banken vaks fort og vart ein viktig samfunnsaktør for utviklinga i nærområdet. I 1964/65 blei sparebankane på Vartdalsstranda og i Hjørundfjorden fusjonert med banken, og i 2006 blei den ein del av SpareBank 1-alliansen og endra namn til SpareBank 1 Volda Ørsta. Hausten 2006 etablerte banken seg i Ulsteinvik under namnet SpareBank 1 Ulstein, og to år seinare vart kontoret i Fosnavåg opna. I 2009 vart det juridiske namnet endra til SpareBank 1 Søre Sunnmøre.

Visjon

SpareBank 1 Søre Sunnmøre skal vere ei drivkraft for å gjere det betre å bu og virke på Søre Sunnmøre. Visjonen uttrykker korleis banken ønskjer å bli oppfatta, samtidig som den gir ei retning internt. Med visjonen meiner banken at: Banken skal gjere sitt ytterste for at kundane når sine mål og draumar, ha eit sterkt samfunnsengasjement, vere ein aktiv part i utvikling av det lokale næringslivet og at banken skal vere ein aktiv støttespelar overfor kultur og idrett. Å vere ein sjølvstendig bank er ein føresetnad for å kunne vere ei drivkraft for å gjere det betre å bu og virke på Søre Sunnmøre.

Marknadsområde

SpareBank 1 Søre Sunnmøre har forretningsadresse og hovudkontor i Volda, med avdelingskontor i tre andre kommunar på Søre Sunnmøre; Ørsta, Ulstein og Herøy. Banken er totalleverandør av produkt og tenester innan finansiering, sparing og plassering, forsikring og betalingsformidling.

Dotterselskap og felleskontrollerte verksemder

Konsernet SpareBank 1 Søre Sunnmøre består av morbanken og det heileigde dotterselskapet Eiksundregionen Eigedom AS. Banken har også eigardelar i to felleskontrollerte verksemder, Samarbeidende Sparebanker AS og Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS. Samarbeidene Sparebanker AS har 10 eigarar, der SpareBank 1 Søre Sunnmøre sin andel er 7,87%. Banken eig også 4,63% av Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS og er ein av 10 eigarar som igjen eig 20% i BN Bank AS.

Strategisk samarbeid

SpareBank 1-alliansen er eit bank- og produksamarbeid der SpareBank 1-bankane i Noreg samarbeider gjennom dei felleseigde selskapa SpareBank 1 Gruppen

og SpareBank 1 Banksamarbeidet DA med deira dotterselskap i tillegg til fleire andre direkte eigde selskap. Alliansen er Noregs nest største finansgruppering og består av 14 sjølvstendige sparebankar som er fullverdige leverandørar av finansielle produkt og tenester til privatpersonar, bedrifter og organisasjonar.

Formålet med alliansesamarbeidet er å levere attraktive produkt og tenester med fokus på gode kundeopplevingar for å bidra til SpareBank 1-bankane si konkurransekraft og lønsemd, slik at dei held fram med å vere sterke og sjølvstendige. Alliansesamarbeidet sin visjon er: Attraktiv for kundane og bankane. Kundane skal oppleve at SpareBank 1-Alliansen er den beste på nærleik, lokal forankring og kompetanse.

SpareBank 1 Gruppen AS er morselskapet i konsernet som består av: SpareBank 1 Forsikring AS, SpareBank 1 Skadeforsikring AS, ODIN Forvaltning AS, SpareBank 1 Gruppen Finans AS, Conecto AS og SpareBank 1 Medlemskort AS. Morselskapet er eigd av: SpareBank 1 SR-Bank ASA (19,5%), SpareBank 1 Nord-Norge (19,5%), SpareBank 1 SMN (19,5%), Samarbeidende Sparebanker AS (19,5%), SpareBank 1 Østlandet (12,4%) og LO/fagforbund tilknytt LO (9,6%).

SpareBank 1 Banksamarbeidet DA leverer forretningsplattformer og felles forvaltnings- og utviklingstenester til alliansebankane som kundar, og bidreg til at felles utvikling og felles aktiviteter gir bankane stordrifts- og kompetansefordelar. Banksamarbeidet utviklar og leverar felles IT-/mobilløysingar, merkevare- og marknadsføringskonsept, forretningskonsept, kompetanse, analyser, prosessar, beste praksis-løysningar og innkjøp. Selskapet eig og forvaltar også dei immaterielle rettigheter til alliansen under det felles merkevarenamnet SpareBank 1.

SpareBank 1 Banksamarbeidet DA består av følgjande dotterselskap: EiendomsMegler 1 Norge AS, SpareBank 1 Kundesenter AS, SpareBank 1 Verdipapirservice AS, SpareBank ID AS og SpareBank 1 Asept AS. Selskapet er eigd av: SpareBank 1 SR-Bank ASA (17,74%), SpareBank 1 SMN (17,74%), SpareBank 1 Nord-Norge (17,74%), Samarbeidende Sparebanker Utvikling AS (17,74%), SpareBank 1 Østlandet (19,04%) og SpareBank 1 Gruppen AS (10%).

Andre strategiske eigedelar i SpareBank 1 Søre Sunnmøre er EiendomsMegler 1 Midt-Norge AS, SpareBank 1 Finans Midt-Norge AS, SpareBank 1 Betaling AS, SpareBank 1 Kredittkort AS, SpareBank 1 Næringskreditt AS, SpareBank 1 Boligkreditt AS, SpareBank 1 Markets AS og SpareBank 1 Regnskapshuset AS.

Hovudtal konsern

(Tal for 2017 i parentes)

- Resultat før skatt er 112,1 mill. kr (107,5 mill. kr)
- Eigenkapitalavkastninga etter skatt er 8,4 prosent (9,9 prosent)
- Netto renteinntekter er 137,6 mill. kr (139,1 mill. kr)
- Netto provisjon- og andre inntekter er 71,0 mill. kr (79,4 mill. kr)
- Netto avkastning på finansielle investeringar er 46,3 mill. kr (38,3 mill. kr)
- Kostnadsprosent er 51,9 prosent (49,2 prosent)
- Tap på utlån og garantiar er 10,1 mill. kr (19,8 mill. kr)
- Utlånsvekst inklusiv overføring til SpareBank 1 Boligkreditt AS og Næringskreditt AS er 778,4 mill. kr (445,2 mill. kr)
- Innskotsvekst 615,9 mill. kr (201,2 mill. kr)
- Forvaltningskapitalen er på 9.272 mill. kr (8.611 mill. kr)
- Kapitaldekning er 21,14 prosent (21,85 prosent)
- Rein kjernekapitaldekning er 17,20 prosent (18,49 prosent)

Verksemdsområde

Konsernrekneskapen per 31.12.18 er konsolidert på grunnlag av rekneskapane frå morbank og det heileigde dotterselskapet, Eiksundregionen Eigedom AS.

Vidare er banken sin eigardel i dei felleskontrollerte verksemdene Samarbeidende Sparebanker AS på 7,82 % og Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS på 4,63 % konsolidert inn, sjå i denne samanheng noten for rekneskapsprinsipp.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre rapporterer årsrekneskapen etter IFRS. Alle tal i årsmeldinga er knytt til konsern om ikkje anna er opplyst.

Eigenkapitalbevis

Banken gjennomført i september 2017 ein vellukka emisjon av eigenkapitalbevis.

Det blei utferda 1 mill. eigenkapitalbevis à kr 100. Pr 31.12.2018 var det 368 eigenkapitalbevisegarar i banken.


Utvikling i resultat og balanse

Resultat

SpareBank 1 Søre Sunnmøre har eit konsernresultat for 2018 på 94,2 mill. kroner som tilsvarar 1,05 prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK), mot 93,7 mill. kroner i 2017, tilsvarande 1,11 prosent av GFK.

Avkastninga på eigenkapital etter skatt utgjorde i 2018 8,4 prosent mot 9,9 prosent i 2017.


Resultat etter skatt i mill. kroner og eigenkapitalavkastning i prosent



Fordeling netto driftsinntekter


Netto renteinntekter utgjør 137,6 mill. kroner og 1,53 prosent av GFK. Dette er 1,5 mill. kroner lågare enn i 2017. Det har vore sterk volumvekst i 2018, men rentemarginen blei satt under press av pengemarknadsrenta som har stege gjennom året. Sterk konkurranse i regionen har også bidrege til at utlånsrenta har vore låg gjennom året, og dermed redusert rentenettoen.

Netto renteinntekter i mill. kroner og i prosent av GFK



Netto provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester utgjør 65,4 mill. kroner mot 66,7 mill. kroner i 2017. Inntekene vart redusert som følger av lågare provisjon frå boligkreditt. Andre provisjonsinntekter frå banktenester viste ei auke samanlikna med 2017 grunna auka aktivitetsnivå. Andre driftsinntekter var på 5,6 millioner kroner. Ein nedgang på 7,1 millionar kroner mot 2017 og skuldast hovudsakleg avhending av dotterselskap.

Provisjon og andre inntekter



Netto avkastning på finansielle plasseringar hadde eit resultatbidrag på 46,3 mill. kroner, mot 38,3 mill. kroner i 2017. Utbytte aukar med 1,8 mill. kroner til 10,6 mill. kroner, og inntekter frå felleskontrollerte eigardelar bidrog med 25,3 mill. kroner som er ein reduksjon på 5,4 mill. kroner.


I andre kvartal vart verdiane på aksjane til Vipps, BankID og BankAxept skreve opp med 7 mill. kroner basert på førestående fusjon i desse selskapa.

Kostnader

Samla kostnader i konsernet i 2018 var på 132,4 mill. kroner, mot 126,4 i 2017. Auken kjem hovudsakleg som følge av positive avsetningar på pensjon i 2017. I tillegg så er det i 2018 sett av 4,5 mill. kroner til estimert kostnad av sluttpakkar for førtidspensjonering.

Kostnader i prosent av totale inntekter i konsernet er på 51,9 % i 2018 mot 49,2 % i 2017.

Driftskostnader i prosent av inntekter og driftskostnader i prosent av GFK




Tap

Banken har i 2018 bokført 10,1 mill. kroner i tap på utlån mot 19,8 mill. kroner i 2017. Dette tilsvarar 0,12 prosent av GFK mot 0,23 prosent i 2017.

Forventa tap på utlån/ECL utgjør 27,9 mill. kroner (34,1 mill. kroner) som tilsvarar 0,31 prosent i prosent av GFK (0,46 prosent). Inkludert individuelle avsetningar på 6 mill. kroner, utgjør dei totale tapsnedskrivningar 33,9 mill. kroner, tilsvarande 0,41 % av utlån.

Brutto misleghaldne og tapsutsette engasjement over 90 dagar er 60,6 mill. kroner og utgjør 0,75 prosent av samla utlån (74,8 mill. kroner, 0,77 prosent av samla utlån).


Tap i prosent av utlån



Balansutvikling

Ved årsskiftet var forvaltningskapitalen i konsernet 9.272 mill. kroner. Dette er ei auke i høve fjoråret på 661 mill. kroner, tilsvarande ein vekst på 7,7 prosent. Forretningskapital i konsernet inkludert overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt og SpareBank 1 Næringskreditt er på 11.707,7 mill. kroner (11.037,4 mill. kroner), ei auke på 6,1 prosent.

Forvaltningskapital i mill. kroner og årleg prosentvis vekst




Utlån til kundar

Utlån til kundar utgjør 8.113,9 mill. kroner i 2018 (7.344,7 mill. kroner). Dette er ei auke på 769,2 mill. kroner som utgjør ein vekst på 10,5 prosent over 12 månadar.

Banken fører over lån til Boligkreditt og Næringskreditt. Per 31.12.2018 utgjorde denne porteføljen henholdsvis 2.289,2 og 146,5 mill. kroner som er ein reduksjon i året på henholdsvis 5,5 mill. kroner (auke på 20,0 mill. kroner) og ein auke 14,7 mill. kroner (24,9 mill. kroner).

Utlån til kundar inkludert overførte lån til Bolig- og Næringskreditt utgjør 10.549,5 mill. kroner (9.771,1 mill. kroner). Dette er ei auke på 778,5 mill. kroner som utgjør ein vekst på 8,0 prosent (445,2 mill. kroner, ein vekst på 4,8 prosent). Inkludert desse overføringane har veksten på personmarknaden vore 6,8 prosent, medan veksten i bedriftsmarknaden er på 14,6 prosent.

Brutto utlån i mill. kroner inkl. Bolig- og Næringskreditt og årleg prosentvis vekst



Innskot frå kundar

Innskota er på 6.454,4 mill. kroner, ei auke med 615,9 mill. kroner som utgjør ein vekst på 10,5 prosent i 2018 (201,2 mill. kroner, ein vekst på 3,6 prosent). Banken har ei god innskotsdekninga som er uforandra på 79,5 prosent samanlikna med 2017.

Innskotsdekninga inkludert Bolig- og Næringskreditt er 61,2 prosent (59,8 prosent).

Likviditet

Ekstern obligasjonsfinansiering er redusert med 95 mill. kroner til 1.371,6 mill. kroner og utgjør 14,8 prosent av balansen. Banken har ei likviditetsportefølje på over 600 mill. kroner i innskot, obligasjonar og plasseringar ved utgangen av året.

Ved utgangen av året er det overført totalt 2,3 mrd. kroner til SpareBank 1 Boligkreditt. Per 31.12.2018 har banken ei portefølje på klargjorte lån for overføring til Boligkreditt på 2,3 mrd. kroner.

Utbyttepolitikk og resultatdisponering

Styret gjer framlegg om at morbanken sitt årsoverskot på 85.337.461 kroner vert nytta slik:

- Overført til sparebankfondet: 65.590.881 kroner
- Overført til utjamningsfondet: 9.746.580 kroner
- Avsett til gåvefondet: 10.000.000 kroner

Del av eigenkapital tilordna eigenkapitalbeveigarane var 11,42 prosent. Resultatet per eigenkapitalbevis var 9,75 kroner for året i morbanken. Det vert foreslått å dele ut utbytte på 61,5 prosent av årets resultat. Dette er foreslått til å vere 6,00 kroner per eigenkapitalbevis.

Soliditet

Samla eigenkapital er på 1.180 mill. kroner per 31.12.2018 inkludert fondsobligasjon på 50 mill. kroner (1.088 mill. kroner). Samla eigenkapital utgjør 12,7 prosent av forvaltningskapitalen. Eigandelskapital var innbetalt med 100 mill. kroner i september 2017. I tillegg er andre fond tilordna eigarkapitalen på 18,3 mill. kroner.

I juli 2017 gjorde Finanstilsynet vedtak om Pilar 2-tillegg op 3,1 prosent gjeldande frå 31.12.2017. Minimumskravet til rein kjernekapital er 15,1 prosent.

Kapitaldekning ved utgangen av 2018 er over dei regulatoriske kapitalkrava og dei interne minimumsmål for rein kjernekapital. Rein kjernekapital er på 1.032,3 millionar kroner og rein kjernekapitaldekning er på 16,25 prosent. Kapitaldekninga er 20,06 prosent og uvekta kjernekapitaldekning er 8,48 prosent.

I morbanken er rein kjernekapital 16,70 prosent, medan kapitaldekninga er på 17,81 prosent.

Overordna risikostyring

Styret i banken har som målsetting at banken sin risiko-profil skal vere moderat til låg.

Banken har valt å nytte ekstern funksjon for intern-revisjon og valte i 2014 PwC til internrevisjonspartner for å utføre denne funksjonen.

Marknadsmessige ambisjonar skal nøye balanserast mot finansiell evne til å ta på seg risiko. Styret har vedteke retningslinjer knytt til dei ulike risikoområda med årleg oppdatering. Banken er eksponert for kreditt-, marknads- og likviditetsrisiko, samt rente- og operasjonell risiko. Styret har vedteke i sin strategiplan at risikostyring er eit av dei områda banken har høge målsetjingar for framover, og organisasjonen har brukt meir ressursar på eit breiare område på denne satsinga i 2018.

Kredittrisiko

Kredittrisiko vert definert som risiko for tap som følgje av at kundar eller motpartar ikkje har evne til å oppfylle sine forpliktingar overfor banken. Styret har som policy at banken skal ha ein moderat til låg kredittrisiko-profil. Kredittrisikoen er definert til å vere det vesentlegaste risikoområdet i banken si verksemd, og er under kontinuerleg overvaking.

Banken har størst utlån i personmarknaden. Av totale engasjement, inkludert overførte lån til Boligkreditt og Næringskreditt, utgjør personmarknaden 84 prosent av totale engasjement.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre låner primært ut til privatpersoner i kommunar på Søre Sunnmøre og elles til personer hovudsakleg rundt Oslo-området og andre store byar, der kunden har tilknytning til området vårt.

Banken fokuserer på å låne ut pengar til kundar med god kredittverdighet og med fornuftig beteningsevne.

På bedriftsmarknaden har banken som strategi å fokusere på totalkundar i SMB-segmentet og lokale bedrifter.

Eksposering utanfor balansen (unytta kredittar og garantiar) er i 2018 auka med 26,1 mill. kroner. Totalt er unytta kredittar 547,2 mill. kroner, medan utstedte garantiar er 236,2 mill. kroner.

Banken arbeider kontinuerleg for å sikre god bransjespreiing og har rammer for eksponering i ulike bransjar. Dei største bransjane er eigedomsdrift og offshore. Eksposering (utlån inkludert unytta kredittar og garantiar) til bedriftsmarknaden er auka i 2018 med 13,1 prosent.

Eksposering i offshorebransjen er redusert med 1,7 prosent i 2018, og bransjen sin andel av total bedriftsmarknad minkar med 2,8 prosent til 16 prosent. Banken har fem kundar i dette segmentet og har pant i eit breitt spekter av fartøystyper. Vekta alder på fartøya banken har pant i er omlag 5 år. Dei fleste engasjementa har vore gjennom ei fase med restrukturering av selskapa og beteningsevne er sannsynleggjort dei næraste åra.

Viktige tiltak i 2018 har vore auka fokus på spesialisering for å utnytte kompetansen best mogeleg og effektivisering av kredittarbeidet.

Banken fordeler alle kundar i utlånsportefølja på risikogrupper der inndeling vert bestemt etter ei misligholds-sannsynligheit kalkulert utfrå objektive historiske data. 74 prosent av bankens portefølje ligg i kategori svært låg til låg risiko, og 93,4 prosent av portefølja er kategorisert innan middels risiko.

Totale netto misleghaldne og tapsutsette engasjement over 90 dagar var på 54,7 mill. kroner ved utgangen av 2018, mot 53,7 mill. kroner for eitt år sidan. Banken legg vekt på engasjementsoppfølging på eit tidlegare stadium og ser positive effekter av dette. Styret følgjer utviklinga månadleg både når det gjeld misleghald, tap og porteføljen si utvikling i risikoklasser. Styret vurderer kredittrisikoen til å vere relativt låg for personmarknaden. Konjunktursituasjonen er i betring og utsiktene for bedriftsmarknaden er positive i regionen. Bedriftsmarknaden har noko høgare, men akseptabel kredittrisiko.

Styret vurderer kredittrisikoen i kredittporteføljen til å vere moderat.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko vert definert som risiko for at banken ikkje klarer å oppfylle forpliktingane sine og/eller finansiære auke i eignelutar utan at banken vert påført vesentlege ekstrakostnader.

Banken har som mål å ha ei likviditetsreserve tilsvarande minst 12 månader netto finansieringsbehov utan tilgang på ekstern finansiering.

Ved årsskiftet hadde banken ekstern finansiering på i alt 1.571,6 mill. kroner inklusive fondsobligasjon og ansvarleg lån, tilsvarende 17,5 prosent av GFK, mot 19,8 prosent ved førre årsskifte. Samla ekstern opplåning er redusert i 2018.

Banken er medeigar i SpareBank 1 Boligkreditt og hadde ved utgangen av året 2.289,2 mill. kroner (2.294,6 mill. kroner) av låna overført til Boligkreditt. Per 31.12.2018 har banken ei portefølje på klagjorte lån for overføring til Boligkreditt på 2,3 mrd. kroner.

Banken har innvilga kredittramme på 100 mill. kroner på oppgjerskonto i SpareBank 1 SMN.

Ved årsskiftet hadde 78,9 prosent (85,6 prosent) av den samla eksterne finansieringa ei attståande løpetid på over eitt år. Banken har ikkje hatt problem med å refinansiere lån i løpet av året.

Innskot frå kundar er banken si viktigaste finansieringskjelde. Ved årsskiftet var innskotsdekninga 79,5 prosent (79,5 prosent). Innskotsdekninga inkl. Bolig- og Næringskreditt var 61,2 prosent (59,8 prosent).

Forholdstalet for likviditetsreserven (Liquidity Coverage Ratio - LCR) var per 31.12.2018 på 146 prosent (226 prosent).

Styret vurderer likviditetsrisikoen til å vere godt innanfor det forsvarlege og i samsvar med vedteken strategi og policy for likviditetsrisiko.

Marknadsrisiko

Marknadsrisiko er risiko for tap som følgje av endringar i marknadsprisar på renter, valutakursar og verdipapirkursar. Plasseringane i obligasjonar og obligasjonsfond utgjer 339,6 mill. kroner (354,2mill. kroner) ved årsskiftet.

Risikostorleiken vert overvaka løpande og følgd opp gjennom rapportering til styret. Styret vurderer kursrisikoen knytt til banken si behaldning av verdipapir til å vere låg.

Renterisikoen er hovudsakleg knytt til statsobligasjonar, fastrentelån og -innskot. Store delar av statsobligasjonar og fastrentelånsporteføljen er sikra gjennom rentebytteavtalar. Styret vurderer renterisikoen løpande. Ved årsskiftet vart netto renterisiko 0,4 mill. kroner mot 2,7 mill. kroner ved utgangen av 2017.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre har ei avgrensa og låg eksponering i valuta.

Operasjonell risiko

Operasjonell risiko knyt seg til feil og manglar som følgje av m.a.:

- Menneskeleg svikt og utilstrekkeleg kompetanse
- Svikt i IKT-system
- Uklar policy, strategi eller rutinar
- Kriminalitet og interne mislegheiter

Operasjonell risiko vert ofte sett på som den mest vesentlege risiko også fordi det er meir krevjande å bygge eit sikkerhetsnett for å unngå denne.

Styret er kjend med at operasjonell risiko representerer ein trussel som kan påføre banken vesentleg kostnad, både på kort og lang sikt. Risikoen blir vurdert som moderat. Det vert arbeidd kontinuerleg med oppfølging av viktige rutinar og prosessar, og med risikoreducerande tiltak, som internkontroll, systemtestar, revisjonshandlingar og kompetanseheving.

Oppsummering

Styret har i strategiplanen for 2019-2021 vedteke ein moderat til låg risikoprofil. Det ligg føre styrande dokument for dei ulike risikoområda og styret får rapportar om utviklinga. Dei ulike dokumenta er gjenstand for årleg oppdatering og reviderast i takt med nye krav og reglar som vert pålagt bankdrifta. Dei siste åra er arbeidet med å kontrollere og redusere dei ulike risikoane auka. Internrevisjon vart implementert i 2014 og styret ser på aktiviteter sidan oppstarten som ei ytterlegare styrking av arbeidet med risikoreducerande tiltak.

Det er styret si oppfatning at SpareBank 1 Søre Sunnmøre arbeider godt med internkontroll og risikostyring.

Organisasjon og styring

Styring av verksemda

SpareBank 1 Søre Sunnmøre har vedteke tydelege etiske retningslinjer og har interne prosedyrar for å sikre at tilsette etterlev desse. For å utvikle eit godt tillitsforhold mellom banken og dei viktigaste interessegruppene, er det også nødvendig med gode styringssystem for verksemda.

Dette betyr mellom anna at banken må ha:

- Eit kompetent og uavhengig styre
- Gode interne styringsprosessar

- Ein objektiv og uavhengig eksternrevisjon
- Open og god kommunikasjon med tilsette og omgjevnadane

Styremedlemene har yrkesbakgrunn frå område som er typiske for næringslivet i distriktet, jamfør eigen omtale av styret. Bankens styre arbeider etter ein styreinstruks og årsplan, og har også årleg vurdering av arbeidsforma med sikte på forbedringar. Styret fokuserer på strategiske spørsmål og vedtek/reviderer årleg strategidokumentet til banken.

Banken sin interne og eksterne revisor arbeider etter ein årleg plan for revisjonsarbeidet. Ekstern revisor deltek i styremøtet der årsoppgjeret vert handsama. Det er intern revisor som avgir den uavhengige vurderinga både av totalkapitalbehovet og styring/kontroll av likviditetsrisikoen.

Revisjons-, risikostyrings- og godtgjeringsutval

Bankens styre har vedteke at heile styret skal utgjere bankens sitt revisjonsutval, risikostyringsutval og godtgjeringsutval.

Eigarstyring og selskapsleiing

Eigarstyring og selskapsleiing omfattar dei mål og overordna prinsipp som banken vert styrt og kontrollert etter for å trygge innskytarane, eigenkapitalbeviseigarane, investorar og andre interessentar.

Compliance

Banken har ein compliancefunksjon og arbeidet vert utført av eit complianceutval som syter for at banken har system og prosessar for etterleving av gjeldande regelverk og at komande endringar vert implementert.

Styring av verksemda skal sikre ei forsvarleg formuesforvaltning og bidra til at kommuniserte mål vert nådd og planar realisert. Bankens sine styringsdokument omfattar strategiplan som vert revidert årleg, strategi- og policydokument som regulerer ulike sider ved banken si verksemd og administrativt utarbeidde retningslinjer som supplerer desse. Marknaden vert fortløpande halden orientert om banken si utvikling gjennom årsrapportar, kvartalsrapportar, børsmeldingar og pressemeldingar elles.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre er ein institusjon som har innretta verksemda si i tråd med gjeldande lover, føreskrifter og vedtekter.

Helse, miljø og sikkerheit

SpareBank 1 Søre Sunnmøre skal vere ein attraktiv arbeidsplass som involverer medarbeidarane i utviklinga av banken. Banken er opptatt av å ivareta medarbeidarane på ein best mogleg måte gjennom systematisk HMS-arbeid. Det skal vere ein open dialog mellom leiing og tillitsvalde og leiinga vil strekke seg langt for sette i verk tiltak for å betre arbeidsmiljøet i banken.

Banken vil kontinuerleg ha fokus på arbeidet med helse, miljø og sikkerheit. Dette skal følgast opp ved hjelp av tiltak basert på resultat frå risikokartleggingar, bedriftshelseteneste og årlege organisasjonsundersøkingar. Banken scorar høgt på målingar som gjeld arbeidsmiljø. Vidare vil banken utvikle positive haldningar, gode rutinar og arbeidsprosessar som bidreg til å redusere helse- og sikkerheitsmessig risiko.

Banken har avtale om inkluderande arbeidsliv. Bankens sitt totale sjukefråvær i 2018 var 8,0 prosent mot 5,6 prosent i 2017. Årsaka til denne utviklinga er ei auke i langtidsfråværet m.a. med bakgrunn i nokre uføresaker, men det er for 2019 forventa ein reduksjon og normalisering av sjukefråværet. Banken har prosessar for oppfølging av sjukmelde på kort og lang sikt. Det har ikkje vore registrert arbeidsrelaterte skadar eller ulykker i 2018.

Banken har felles Samarbeids- og Arbeidsmiljøutval. Det består av tre representantar frå dei tilsette og tre frå leiinga. Utvalet har hatt 8 møter i løpet av 2018. Bedriftsavtalen er gjeldande for 2015-2017 og er prolongert å gjeld for 2018.

Tilsette og kompetansebygging

SpareBank 1 Søre Sunnmøre har ved årsskiftet 63 fast tilsette (71). Dette tilsvarar 62,5 årsverk.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre satsar sterkt på kompetansebygging. Gjennom SpareBank 1-samarbeidet vert det lagt til rette for omfattande kompetansebygging gjennom ein kompetanseportal med tilgang til e-læring og aktuelle sertifiseringsordningar. Banken har vedteke at alle kundefråværingane skal autoriserast innanfor fagområda sparing, kreditt og forsikring. Så langt er stort sett alle av kundefråværingane på personkundemarknaden autorisert. Det vert løpande gjennomført sertifiserings-tiltak for kundefråværingane i banken. Banken har fast internopplæring innan områda rådgjeving, produkt og system.

Banken har i løpet av 2018 auka kompetanse innanfor personkundeområdet, ved å rekruttere ny og framtidssrette kompetanse. Banken avslutta eit omfattande kompetanseprosjekt våren 2018. I prosessen lykkast ein med å dimensjonere banken på ein god og effektiv måte, samt at ein fekk sikra at banken har rett kompetanse.

Likestilling og diskriminering

Kjønnsfordeling i bankens styrande organ er slik:

- Generalforsamlinga: 8 kvinner og 12 menn
- Styret: 4 kvinner og 5 menn
- Valnemda: 2 kvinner og 3 menn
- Banken si leiargruppe: 1 kvinne og 4 menn

Av banken sine faste tilsette er det jamn fordeling mellom kvinner og menn. Generalforsamlinga har gjort vedtak om at det skal vere minimum 40 prosent av kvart kjønn i styret.

I banken sin personalpolitikk vert det framheva at ein vil stimulere kvinner til vidareutvikling og avansement. I banken si leiargruppe er ein av fem kvinner. Banken skal gi alle tilsette dei same moglighetene for fagleg og personleg utvikling, løn og karriere.

Ved stillingsutlysingar og tilsetjingar stiller alle likt uavhengig av etnisk bakgrunn, funksjonsevne, kjønn og alder.

Samfunnsansvar

SpareBank1 Søre Sunnmøre skal gjennom sitt samfunnsansvar spele ei aktiv rolle og vere ei synleg drivkraft i utviklinga av regionen. Banken skal vere ein aktiv part i utvikling av det lokale næringslivet gjennom nettverksbygging, kompetansetilføring og profesjonell rådgjeving. Med lokal kompetanse og med nærleik til kundane gjer vi vurderingar som i tillegg til økonomi og risiko, også har eit samfunnsperspektiv der drivkrafta vil vere å gjere det betre å bu og virke på Søre Sunnmøre. Banken er bevisst både samfunnsansvaret og den ekstra risiko dette kan medføre. I den samanheng er banken si viktigaste oppgåve å drive eit godt og kontrollert bankhandtverk med vekt på inntening og soliditet.

Gåvetildeling

Samfunnsengasjementet er ei viktig drivkraft for å gjere det betre å bu og virke på Søre Sunnmøre. Gåvetildeling og sponsorarbeid er eit ledd i dette arbeidet og difor skal banken yte støtte til det frivillige organisasjonsliv både gjennom gåver og anna form for støtte. Banken skal sjå på gåvetildelinga som utbytte på eigenkapitalen til dei lokalsamfunna som har vore med på å bygge opp

og nytte banken. Gåvetildelinga skal vere ein viktig del av banken sin strategi og medviten bruk av gåvemidlar, sponning og andre støttetiltak skal støtte opp under at banken får ein sterk lokal profil og identitet.

Miljø

SpareBank 1 Søre Sunnmøre skal ha ein klar og tydeleg miljøprofil og vere ei ansvarleg bedrift som gjer tiltak som monnar ift. miljøet. Vi skal stimulere til miljøvennleg kundeåtfærd og ha ordningar som gjer at det lønner seg også for kundane våre å vere miljøbevisste. Banken skal ta miljøansvar i forhold til eiga drift og dei tilsette skal framstå som miljøbevisste medarbeidarar. For å understreke vårt bidrag til berekraftig utvikling i banken sitt nedslagsfelt skal vi etterleve ein klar policy innan berekraft og etikk.

Etikk

Banken sine tilsette skal etterleve ein klar og tydeleg etikk-policy med krav om høg etisk standard. Banken er avhengig av tillit. Kundar, leverandørar og offentlege instansar må til ei kvar tid ha tiltru til banken både med omsyn til profesjonalitet og integritet. Dette inneber at banken og den enkelte tilsette må opptre med aktsemd, vere ærlege og objektive og lojalt rette seg etter normer, lover og reglar som gjeld i samfunnet.

Banken sine etiske reglar gir rettleiing for korleis vi som tilsette skal handle for å etterleve banken sine verdinormer (visjon, forretningsidé og personalpolitikk). Alle har eit sjølvstendig ansvar for å opptre i tråd med dei etiske reglane. Ved tvilstilfelle må vi avstå frå handlinga, eller ta kontakt med næraste overordna. Banken sine etiske retningslinjer er ein del av personalhandboka og banken sine tilsette har årleg gjennomgang av desse i eit ledd i å skape ein open og positiv kultur. Det er også utvikla eigne etikkmodular med årleg oppdatering i samband med sertifisering av rådgjevarar.

Kvitvasking og terrorfinansiering

Kompetanse om eigen verksemd og banken sine kundar er viktig for å utøve risikobasert tilnærming i forhold til dei krav som lovverket stiller. Banken må difor kjenne sin kunde og kunne dokumentere dette. Banken arbeider systematisk med å kunne avdekke og hindre økonomisk kriminalitet. Vi er pålagde å gjennomføre kontrollar og risikovurderingar for kvitvasking og terrorfinansiering knytt mot banken vår. Vår risikovurdering tek utgangspunkt i identifikasjon og vurdering av risiko knytt til kunde, kundeforhold, produkt og transaksjonar. Alle medarbeidarar skal gjennomføre årleg opplæring og oppdateringar innanfor kvitvasking og terrorfinansiering.

Fortsatt drift

Føresetnaden om framleis drift er lagt til grunn i årsrekneskapen.

Utsiktene framover

Det er fortsatt god vekst i norsk økonomi og Norges Bank estimerar ein vekst i BNP for fastlands Norge på 2,3 prosent i 2019. Det er venta at hushaldningane sitt konsum ved kjøp av varer og tenester vil auke noko. Det er eit høgt nivå på føretaksinvesteringar i fastlandsøkonomien og det er venta at investeringsviljen vil auke gjennom året.

Utsiktene i regionen er gode. Det gjerast investeringar i offentleg sektor, det er gunstige forhold for eksportretta industri gjennom svak kronekurs, og det er venta ei vesentleg auke i oljeinvesteringane fram mot 2021.

Utviklinga i bustadmarknaden er stabil, og prisane har hatt ei meir moderat utvikling enn byane.

Med venta vidare vekst i fastlandsøkonomien og auka investeringar i oljerelatert sektor er det sannsynleg at arbeidsløysa vil fortsette den gode utviklinga på Søre Sunnmøre.

Kredittveksten er moderat både innanfor person - og bedriftsmarknaden. Styret trur på vekst både i utlån og innskot både på person- og bedriftsmarknaden.

Banken har i 2018 hatt vesentlege kostnader knytt til effektivisering og omstilling. Styret forventar inntening frå bankdrifta for 2019 på nivå med 2018, og har tru på moderate tap på utlån i 2019. Dette arbeidet vil framover bidra til betring av bankens kostnadsprosent.

Banken har eit sterkt fokus på effektiv drift.

Kapitaldekninga for banken er tilfredsstillande.

Styret vil legge vekt på å styre veksten slik at banken vil framstå med god soliditet og lønsomheit, og bidra til god utvikling i lokalmiljøet.

Takk

Styret vil takke dei mange kundane for den tillit dei har synt banken ved å bruke han til forretningane sine. Styret vil vidare takke alle tillitsvalde for stor interesse og godt samarbeid. Styret vil spesielt takke alle tilsette for god innsats og for vilje til å omstille seg og møte nye utfordringar.

Volda, 31. desember 2018 / 4. mars 2019

I styret for SpareBank 1 Søre Sunnmøre

Kjell Arvid Storeide
Styreleiar

Ole Reinhart Notø
Nestleiar

Mona Ryste
Styremedlem

Arne Steinsvik
Styremedlem

Arild Hatløy
Styremedlem

Bente Fylken
Styremedlem

Kjersti Kleven
Styremedlem

Møyfrid Lillenes
Tilsetterepresentant

Runar Gretland
Tilsetterepresentant

Stig Brautaset
Administrerende Direktør

ERKLÆRING FRÅ STYRET OG ADMINISTRERANDE DIREKTØR I SPAREBANK 1 SØRE SUNNMØRE

Styret og administrerende direktør har i dag handsama og godkjend årsmeldinga og årsrekneskapen for SpareBank 1 Søre Sunnmøre, konsern og morbank, per 31. desember 2018.

Konsernrekneskapen er avlagt i samsvar med dei EU-godkjende IFRS reglane og tilhøyrande tolkningsuttalelsar, samt dei ytterlegare norske opplysningskrava som følgjer av rekneskapslova og som skal nyttast per 31.12.2018.

Årsrekneskapen for morbanken er avlagt i samsvar med rekneskapslova og god norsk rekneskapskikk per 31.12.2018. Årsmeldinga for konsern og mor er i samsvar med rekneskapslova sine krav og god norsk rekneskapskikk.

Etter vår beste overtyding:

- Er årsrekneskapen 2018 for morbanken og konsernet utarbeidd i samsvar med gjeldande rekneskapsstandardar
- Gir opplysningane i rekneskapen eit rettvisande bilete av konsernet sine eignelutar, gjeld og finansielle stilling og resultat som heilskap per 31. desember 2018
- Gir årsmeldinga for konsernet og morbanken ein rettvisande oversikt over
 - Utviklinga, resultatet og stillinga til konsernet og morbanken
 - Dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar konsernet og morbanken står overfor.


Volda, 31. desember 2018 / 4. mars 2019
I styret for SpareBank 1 Søre Sunnmøre


Kjell Arvid Storeide
Styreleiar



Ole Reinhart Notø
Nestleiar


Mona Ryste
Styremedlem


Arne Steinsvik
Styremedlem


Arild Hatløy
Styremedlem


Bente Fylken
Styremedlem



Kjersti Kleven
Styremedlem


Møyfrid Lillenes
Tilsettere representant


Runar Gretland
Tilsettere representant


Stig Brautaset
Administrerende Direktør

ORGANISASJON OG LEIINGSSTRUKTUR



Styret

Kjell Arvid Storeide, styreleiar

Utdanna siviløkonom ved NHH med mange års erfaring som næringslivsleiar, mellom anna 15 år som administrerende direktør i Stokke AS. Er no engasjert i styrearbeid på heiltid mellom anna som styreleiar i Slettvoll Møbler AS, Nordplan AS, Nordfjord Turisthotell AS, Moengården AS og Lefdal Invest AS, som nestleiar i styret i Salmar ASA, og som styremedlem i fleire selskap.

Ole-Reinart Notø, nestleiar

Siviløkonom og jurist, og med lang erfaring som advokat. I dag partner og advokat i ADVISO Advokatfirma AS. Har lang erfaring som styreleiar i ulike selskap på Sunnmøre.

Kjersti Kleven, styremedlem

Utdanna bedriftsøkonom frå BI og Cand.Polit frå universitetet i Oslo. Har lang erfaring frå styrearbeid og sit i dag som styreleiar og styremedlem i fleire ulike nasjonale og internasjonale selskap.

Bente Fylken, styremedlem

Utdanna Diplomøkonom frå BI og har erfaring innanfor økonomi og rekneskap. Dei siste åra som økonomisjef i Tussa Kraft AS og Møre Nett AS. Erfaring som styremedlem i ulike selskap.

Arne Steinsvik, styremedlem

Utdanna ingeniør og diplomøkonom frå BI. Daglig leiar i Nordplan AS. Tidligere leiarstillingar frå blant anna Synnøve Finden AS, Landteknikk AL, Saferoad AS. Har også erfaring frå industriverksemder og teknisk/økonomisk rådgjeving. Lang erfaring med styrearbeid i ulike verksemder.

Mona Ryste, styremedlem

Utdanna sosionom ved Høgskulen i Volda med vidareutdanning innan rehabilitering og cand.mag. frå NTNU i Ålesund. Arbeidar som avdelingssjef ved medisinsk avdeling for Helse Møre og Romsdal i Volda og har tidlegare arbeid som styrar/avdelingssjef ved Mork rehabiliteringssenter.

Arild Hatløy, styremedlem

Utdanning frå DH (Molde) innan økonomi, administrasjon og revisjon. Har i mange år hatt leiande stillingar innan blant anna finans og strategi for ODIM og Rolls Royce Marine, dessutan diverse styreverv i dei same selskapa. Jobbar i dag som finansdirektør i Marin Teknikk.

Runar Gretland, styremedlem, tilsettere representant

Bachelor i kommunal planlegging og administrasjon frå Høgskulen i Volda. Finansiell rådgjevar. Tilsette sin representant i styret. Har jobba i banken sidan 2006. Kom som konsulent frå NAV og har erfaring frå ulike roller i banken og er i dag bedriftsrådgjevar på Storkundemarknaden.

Møyfrid Lillenes, styremedlem, tilsettere representant

Utdanning frå Bankakademiet, BI Kreditt og depotjus, og andre bankinterne kurs. Fast tilsett i SpareBank 1 Søre Sunnmøre sidan 1997. Har jobba i ulike avdelinga i banken, per i dag som rådgjevar på Servicesenter Kreditt. Valt inn som tilsettere representant i styret 13.3.2017. Hovudtillitsvald i Finansforbundet frå mars 2017.

Generalforsamling

Kommunevalde Volda

Arild Iversen

Kommunevalde Ørsta

Karl Asgeir Sæbønes

Kommunevalde Ulstein

Einar Nevstad

Kommunevalde Herøy

Olaug Andreassen

Kundevalde frå valdistrikt Volda kommune

Audhild G. Rotevatn
Stein Monsholm

Kundevalde frå valdistrikt Ørsta kommune

Hans Olav Myklebust
Geir Arne Aarseth

Kundevalde frå valdistrikt Ulstein kommune

Hilde Sæter Aglen

Kundevalde frå valdistrikt Herøy kommune:

Anne-Marte Berge

Kundevalde øvrig

Magnhild Eikens Kile


Eigenkapitalbevisegarar

Svein Rune Gjerde
Hans Olav Øyehaug
Torbjørn Hovden
Norunn Lindvik Velsvik

Tilsette

Mads Vinjevoll
Rolf Driveklepp
Per Martin Vikene
Sverre Haugen
Karin Myklebust

Leiinga



Stig Brautaset, Administrerende direktør

Utdanna Siviløkonom frå Bedriftsøkonomisk Institutt, samt 1. avd. juridikum frå Universitetet i Oslo. Begynte som administrerende direktør i SpareBank 1 Søre Sunnmøre i 2016. Har i perioden 1987-2016 hatt ulike leiarstillingar i DNB, Sparebanken Møre og Danske Bank. Kom frå stilling som direktør for Danske Finans i Danske Bank.

Olaf Eskeland

Utdanna siviløkonom frå NHH med fordypning i finans. Tok til i Sparebank 1 Søre Sunnmøre i 2018. Erfaring frå Handelsbanken, Rolls-Royce Marine AS og sist som Finance Manager i Frontline Management AS.

Rolf Driveklepp, Banksjef forretningsstøtte og -utvikling

Utdanna høgskulekandidat i Informasjonsteknologi og Bedriftsøkonom ved BI. Begynte i SpareBank 1 Søre Sunnmøre i kunderetta arbeid i 1993 og har hatt ansvar for teknologiområdet sidan 1997. Ansvarleg for Forretningsstøtte og -utvikling sidan 2016.

Sigrun Heltne Vartdal, Banksjef bedriftsmarknad

Bachelor i økonomi frå Handelshøgskolen BI. Begynte i SpareBank 1 Søre Sunnmøre i 2000 som bedriftsrådgjevar. Har tidlegare erfaring som regnskapsansvarleg i ØR-rekneskap og Pan Fish ASA.

Andre Skotheim, Banksjef personmarknad

Utdanna innan økonomi og leing frå Høgskulen i Agder. Starta i banken 2017 som leiar for sal og marknad. Mange års erfaring frå Sparebank Møre og Danske Bank. Kom frå stillinga som banksjef personkunder i Danske Bank.



Sel på Standaleidet, foto:Robert Bratteberg

Resultat

| MORBANK | | | | KONSERN | |
|----------------|----------------|--|--------|----------------|----------------|
| 2017 | 2018 | (Tal i heile tusen kroner) | Notar | 2018 | 2017 |
| 215.211 | 224.580 | Renteinntekter målt til amortisert kost | 3, 6 | 220.550 | 211.379 |
| 23.957 | 16.248 | Renteinntekter målt til verkeleg verdi | 3, 6 | 16.248 | 23.957 |
| 96.210 | 101.251 | Rentekostnader | | 99.237 | 96.205 |
| 142.958 | 139.578 | Netto renteinntektar | | 137.562 | 139.131 |
| 70.509 | 70.386 | Provisjonsinntekter | | 70.386 | 70.509 |
| 3.857 | 5.005 | Provisjonskostnader | | 5.005 | 3.857 |
| 1.004 | 894 | Andre driftsinntekter | | 5.651 | 12.750 |
| 67.656 | 66.275 | Netto provisjons- og andre inntekter | 7 | 71.032 | 79.402 |
| 49.824 | 32.548 | Utbytte | | 10.640 | 8.879 |
| - | - | Inntekt av eigarinteresser i felleskontrollerte verksemder | 27 | 25.291 | 30.730 |
| -1.280 | 10.351 | Netto verdiendring på finansielle eignelutar | 20, 26 | 10.401 | -1.280 |
| 48.544 | 42.898 | Netto avkastning på finansielle investeringar | 8 | 46.331 | 38.329 |
| 259.158 | 248.751 | Sum inntekter | | 254.926 | 256.862 |
| 61.540 | 67.357 | Personalkostnader | 9 | 67.527 | 66.790 |
| 33.719 | 39.444 | Administrasjonskostnader | 11 | 39.444 | 33.730 |
| 5.687 | 5.103 | Avskrivningar av varige driftsmidlar | 28 | 7.118 | 8.836 |
| - | - | Gevinst sal/Nedskrivningar på varige driftsmidlar | | - | -4.300 |
| 17.000 | 16.294 | Andre driftskostnader | 11 | 18.300 | 21.391 |
| 117.946 | 128.198 | Sum driftskostnader | | 132.388 | 126.446 |
| 141.212 | 120.553 | Resultat før tap | | 122.537 | 130.416 |
| 20.206 | 7.223 | Nedskrivning anleggsaksjar | 27 | 350 | 3.206 |
| 19.763 | 10.076 | Tap på utlån, garantiar | 14, 17 | 10.076 | 19.763 |
| 101.243 | 103.254 | Resultat før skatt | | 112.111 | 107.448 |
| 13.737 | 17.917 | Skattekostnad | 12 | 17.917 | 13.737 |
| 87.507 | 85.337 | Resultat for perioden | | 94.194 | 93.711 |
| | | Utvida resultatrekneskap | | | |
| 87.507 | 85.337 | Resultat for rekneskapsåret | | 94.194 | 93.711 |
| - | - | Verdiendring aksjeinvesteringar tilgjengeleg for sal | 26 | - | - |
| - | - | Verdiendring renter fondsobligasjon | | - | - |
| 1.130 | 735 | Årets estimatavvik pensjonar | | 735 | 1.130 |
| -283 | -184 | Netto estimatavvik pensjonar og skatteavvik pensjonar | | -184 | -283 |
| 88.354 | 85.888 | Totalresultat for perioden | | 94.745 | 94.559 |

Balanse

| MORBANK | | | KONSERN | | |
|---------------------|-------------------|--|-------------|-------------------|-------------------|
| 31.12.2017 | 31.12.2018 | (Tal i heile tusen kroner) | Notar | 31.12.2018 | 31.12.2017 |
| Eignelutar | | | | | |
| 40.540 | 35.842 | Kontantar og fordringar på sentralbanken | | 35.842 | 40.540 |
| 377.999 | 219.453 | Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar | 13 | 219.453 | 377.999 |
| 7.407.744 | 8.176.938 | Utlån til og fordringar på kundar | 14,16,17,20 | 8.113.907 | 7.344.713 |
| 21.092 | 5.951 | Individuelle nedskrivningar | 17 | 5.951 | 21.092 |
| 34.096 | 27.909 | Forventa tap på utlån/ECL | 17 | 27.909 | 34.096 |
| 7.352.556 | 8.143.078 | Netto utlån til kundar | 14,18,19,21 | 8.080.047 | 7.289.525 |
| 1.566 | 1.566 | Overtekte eignedomar | 29 | 1.566 | 1.566 |
| 225.511 | 190.412 | Sertifikat og obligasjonar med fast avkastning | 21,24,26 | 190.412 | 225.511 |
| 376.445 | 406.442 | Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinteresser | 25,26 | 406.442 | 376.445 |
| 81.317 | 81.317 | Investeringar i felleskontrollerte verksemdar | 27 | 157.254 | 154.371 |
| 9.873 | 3.000 | Investering i konsernselskap | 27 | - | - |
| 1.246 | 2.749 | Utsett skattefordel | 12 | 2.749 | 1.246 |
| 38.228 | 41.076 | Varige driftsmidlar | 28 | 121.208 | 125.637 |
| 1.859 | 52.099 | Andre eignelutar | 20,29 | 52.278 | 4.160 |
| 20.422 | 4.492 | Forskotsbet. kostnader og oppt.inntekter | 29 | 4.775 | 14.045 |
| 8.527.562 | 9.181.526 | Sum eignelutar | | 9.272.025 | 8.611.045 |
| Gjeld | | | | | |
| 2.762 | 2.636 | Innskot frå kredittinstitusjonar | 13 | 2.636 | 2.762 |
| 5.839.027 | 6.457.037 | Innskot frå og gjeld til kundar | 30 | 6.454.385 | 5.838.437 |
| 1.466.557 | 1.371.606 | Gjeld stifta ved utferding av verdipapir | 31 | 1.371.606 | 1.466.557 |
| 33.837 | 89.646 | Anna gjeld | 20,27,32 | 90.256 | 34.309 |
| 20.619 | 7.527 | Påkomne kostnader og forsk.bet. inntekter | 32 | 7.527 | 20.618 |
| 9.948 | 15.157 | Avsetjing til forpliktingar | | 15.157 | 9.974 |
| 150.000 | 150.426 | Ansvarleg lånekapital | 33 | 150.426 | 150.000 |
| 7.522.749 | 8.094.035 | Sum gjeld | | 8.091.993 | 7.522.657 |
| Eigenkapital | | | | | |
| 100.000 | 100.000 | Eigardelskapital | 35 | 100.000 | 100.000 |
| 193 | 193 | Overkursfond | | 193 | 193 |
| 10.080 | 18.307 | Utjæmningsfond | | 18.307 | 10.080 |
| 825.933 | 895.613 | Sparebankfondet | | 895.613 | 825.933 |
| 17.125 | 21.896 | Gåvefond | | 21.896 | 17.125 |
| 1.482 | 1.482 | Kompensasjonsfond | | 1.482 | 1.482 |
| - | - | Fond for vurderingsskilnader FKV/TS | | 75.937 | 73.054 |
| - | - | Annan Eigenkapital | | 16.605 | 10.522 |
| 50.000 | 50.000 | Hybridkapital | 33 | 50.000 | 50.000 |
| 1.004.813 | 1.087.491 | Sum eigenkapital | | 1.180.033 | 1.088.388 |
| 8.527.562 | 9.181.526 | Forvaltningskapital | | 9.272.025 | 8.611.045 |
| 10.953.933 | 11.615.655 | Forvaltningskapital inkl. Boligkreditt/Næringskreditt | | 11.706.154 | 11.037.417 |
| 228.680 | 236.237 | Garantiansvar | | 236.237 | 228.680 |
| - | - | Deponert i Norges Bank | | - | - |

Eigenkapitaloppstilling

| MORBANK | Eigardels- kapital | Overkurs og kompensa- sjonsfond | Sparebank- fondet | Utjæmnings- fond | Gåvefond | Fond for vurderings- forskjellar | Annan eigen- kapital | Kompensa- sjonsfond | Hybrid- kapital | Sum eigen- kapital |
|------------------------------------|-----------------------|---------------------------------------|----------------------|---------------------|---------------|--|----------------------------|------------------------|--------------------|--------------------------|
| (Tal i heile tusen kroner) | | | | | | | | | | |
| Eigenkapital per 31.12.2016 | - | - | 757.837 | - | 12.500 | - | - | - | 50.000 | 820.337 |
| Emisjon | 100.000 | 193 | - | - | - | - | - | 1.482 | - | 101.675 |
| Estimatavvik mot EK | - | - | 848 | - | - | - | - | - | - | 848 |
| Skatteeffekt på konsernbidrag | - | - | -2.500 | - | - | - | - | - | - | -2.500 |
| Renter fondsobligasjonar mot EK | - | - | -2.679 | - | - | - | - | - | - | -2.679 |
| Utdeling av gåver | - | - | - | - | -375 | - | - | - | - | -375 |
| Resultat for rekneskapsåret | - | - | 72.427 | 10.080 | 5.000 | - | - | - | - | 87.507 |
| Eigenkapital per 31.12.2017 | 100.000 | 193 | 825.933 | 10.080 | 17.125 | 0 | 0 | 1.482 | 50.000 | 1.004.813 |
| Utbetaling av utbytte | - | - | - | -1.520 | - | - | - | - | - | -1.520 |
| Estimatavvik mot EK | - | - | -184 | - | - | - | - | - | - | -184 |
| Utdeling av gåver | - | - | - | - | -5.229 | - | - | - | - | -5.229 |
| Prinsippending tap IFRS9 | - | - | 6.946 | - | - | - | - | - | - | 6.946 |
| Renter fondsobligasjonar mot EK | - | - | -2.673 | - | - | - | - | - | - | -2.673 |
| Resultat for rekneskapsåret | - | - | 65.591 | 9.747 | 10.000 | - | - | - | - | 85.337 |
| Eigenkapital per 31.12.2018 | 100.000 | 193 | 895.613 | 18.307 | 21.896 | 0 | 0 | 1.482 | 50.000 | 1.087.490 |
| KONSERN | | | | | | | | | | |
| (Tal i heile tusen kroner) | | | | | | | | | | |
| Eigenkapital per 31.12.2016 | - | - | 757.837 | - | 12.500 | 83.269 | -5.897 | - | 50.000 | 897.709 |
| Emisjon | 100.000 | 193 | - | - | - | - | - | 1.482 | - | 101.674 |
| Estimatavvik mot EK | - | - | 848 | - | - | - | - | - | - | 848 |
| Skatteeffekt på konsernbidrag | - | - | -2.500 | - | - | - | - | - | - | -2.500 |
| Renter fondsobligasjonar mot EK | - | - | -2.679 | - | - | - | - | - | - | -2.679 |
| Utdeling av gåver | - | - | - | - | -375 | - | - | - | - | -375 |
| Resultat for rekneskapsåret | - | - | 72.428 | 10.080 | 5.000 | -10.215 | 16.419 | - | - | 93.712 |
| Eigenkapital per 31.12.2017 | 100.000 | 193 | 825.933 | 10.080 | 17.125 | 73.054 | 10.522 | 1.482 | 50.000 | 1.088.388 |
| Utbetaling av utbytte | - | - | - | -1.520 | - | - | - | - | - | -1.520 |
| Estimatavvik mot EK | - | - | -184 | - | - | - | - | - | - | -184 |
| Korreksjon årsresultat | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| Utdeling av gåver | - | - | - | - | -5.229 | - | - | - | - | -5.229 |
| Prinsippending tap IFRS9 | - | - | 6.946 | - | - | - | - | - | - | 6.946 |
| Renter fondsobligasjonar mot EK | - | - | -2.673 | - | - | - | - | - | - | -2.673 |
| Resultat for rekneskapsåret | - | - | 65.591 | 9.747 | 10.000 | 2.883 | 6.084 | - | - | 94.305 |
| Eigenkapital per 31.12.2018 | 100.000 | 193 | 895.613 | 18.307 | 21.896 | 75.937 | 16.605 | 1.482 | 50.000 | 1.180.033 |

Kontantstraumoppstilling

| MORBANK | | | KONSERN | |
|-----------------|----------------|---|----------------|-----------------|
| 2017 | 2018 | (Tal i heile tusen kroner) | 2018 | 2017 |
| 101.244 | 103.254 | Årsoverskot før skatt | 112.111 | 107.448 |
| - | - | Tap/(Gevinst) ved sal av anleggsmidler | - | - |
| 5.687 | 5.102 | + av- og nedskrivningar | 7.118 | 8.836 |
| 19.763 | 10.076 | + Tap på utlån/garantiar | 10.076 | 19.763 |
| -13.737 | -17.917 | - Betalbar skatt | -17.917 | -13.737 |
| 112.957 | 100.515 | Tilført frå årets verksemd | 111.388 | 122.310 |
| -29.373 | -30.372 | Reduksjon/(auke) andre fordringar | -35.723 | -30.633 |
| -40.191 | 41.214 | Auke/(reduksjon) annan kortsiktig gjeld | 41.353 | -46.182 |
| -335 | 5.209 | Auke/(reduksjon) pensjonsforpliktning | 5.183 | - |
| - | -13.153 | Auke/(reduksjon) forpliktingar | -13.091 | - |
| -69.899 | 2.899 | Likviditetsendring i resultatrekneskapen | -2.278 | -76.815 |
| -351.606 | -790.522 | Reduksjon/(auke) utlån | -790.522 | -400.272 |
| -76.031 | 158.546 | Reduksjon/(auke) utlån kredittinstitusjonar/sentralbank | 158.546 | -76.031 |
| 197.595 | 618.010 | Auke/(reduksjon) innskot kundar | 615.948 | 201.166 |
| -92 | -126 | Auke/(reduksjon) innskot kredittinst. | -126 | -92 |
| 34.968 | 35.099 | Reduksjon/(auke) sertifikat og obligasjonar | 35.099 | 34.968 |
| -152.108 | 124.421 | A) Netto likviditetsendring frå verksemd | 128.054 | -194.765 |
| -3.063 | -8.811 | Brutto investeringar bygningar/drifsmidler | -9.551 | -3.063 |
| - | - | Avgang bygningar/drifsmidler | 6.862 | 54.856 |
| 33.624 | 6.873 | Reduksjon/(auke) kap. tilkn. selskap/dotterselskap | -2.883 | 14.797 |
| 137.191 | -29.997 | Reduksjon/(auke) aksjar og eigarinteresser | -29.997 | 137.190 |
| 167.752 | -31.935 | B) Netto likviditetsendring investeringar | -35.569 | 203.780 |
| - | 426 | Auke ansvarlig lånekapital | 426 | - |
| 100.000 | - | Emisjon av eigenkapitalbevis | - | 100.000 |
| -9.929 | -2.660 | Endringar direkte mot eigenkapital | -2.660 | -3.336 |
| -101.969 | -94.951 | Auke/(reduksjon) annan langsiktig gjeld | -94.951 | -101.970 |
| -11.898 | -97.184 | C) Netto likviditetsendringar finansiering | -97.185 | -5.306 |
| 3.746 | -4.698 | A) + B) + C) Netto endringar i likvidar i året | -4.699 | 3.709 |
| 36.794 | 40.540 | Likviditetsbeholdning inngåande balanse | 40.540 | 36.831 |
| 40.540 | 35.842 | Likviditetsbeholdning utgåande balanse | 35.842 | 40.540 |
| 3.746 | -4.699 | Endring | -4.699 | 3.709 |

NOTAR

| | | | |
|--|----|---|----|
| 1. GENERELL INFORMASJON | 26 | 21. KREDITTKVALITET PR KLASSE AV FINANSIELLE EIGNELUTAR | 62 |
| 2. REKNESKAPSPRINSIPP | 27 | 22. MARKNADSRISIKO KNYTT TIL RENTERISIKO | 63 |
| 3. FINANSIELL RISIKO | 35 | 23. FORFALLSANALYSE AV EIGNELUTAR OG FORPLIKTINGAR I MORBANK | 64 |
| 4. KRITISKE ESTIMAT OG VURDERINGAR OM BRUK AV REKNESKAPSPRINSIPP | 37 | 24. OBLIGASJONAR OG SERTIFIKAT | 66 |
| 5. SEGMENTINFORMASJON | 38 | 25. AKSJAR OG ANDELAR I FOND | 67 |
| 6. NETTO RENTEINTEKTER | 40 | 26. FINANSIELLE EIGNELUTAR VURDERTE TIL VERKELEG VERDI | 68 |
| 7. NETTO PROVISJONS- OG ANDRE DRIFTSINTEKTER | 41 | 27. INVESTERINGAR I EIGARINTERESSER | 72 |
| 8. INNTEKTER FRÅ FINANSIELL VERKSEMD | 42 | 28. EIGEDOM, ANLEGG OG UTSTYR | 74 |
| 9. PERSONALKOSTNADER OG YTINGAR TIL LEIANDE TILSETTE OG TILLITSVALDE | 43 | 29. ANDRE EIGNELUTAR | 75 |
| 10. PENSJONAR | 44 | 30. INNSKOT FRÅ KUNDAR | 76 |
| 11. ADMINISTRASJONS- OG ANDRE DRIFTSKOSTNADER | 46 | 31. GJELD VED UTFERDING AV VERDIPAPIR | 77 |
| 12. SKATT | 47 | 32. ANDRE FORPLIKTINGAR | 78 |
| 13. KREDITTINSTITUSJONAR - KRAV OG GJELD | 49 | 33. ANSVARLEG LÅNEKAPITAL (KJERNEKAPITAL OG TILLEGGSKAPITAL) | 79 |
| 14. UTLÅN TIL OG KRAV PÅ KUNDAR | 50 | 34. KAPITALDEKNING | 79 |
| 15. FRÅREKNING AV FINANSIELLE EIGNELUTAR | 51 | 35. EIGARDELSKAPITAL OG EIGARSTUKTUR | 81 |
| 16. ALDERSFORDELING PÅ FORFALNE, MEN IKKJE NEDSKRIVNE LÅN | 54 | 36. VESENTLEGE TRANSAKSJONAR MED NÆRSTÅANDE SELSKAP | 82 |
| 17. TAP PÅ UTLÅN, GARANTIA M.M. | 55 | 37. HENDINGAR ETTER BALANSEDAGEN | 82 |
| 18. KREDITTEKSPONERING FOR KVAR INTERNE RISIKORATING | 59 | 38. SKILDING AV UTREKNING MÅLTAL OG UTREKNING FRÅ OFFISIELL REKNESKAPSPOPSTILLING | 83 |
| 19. MAKS KREDITTRISIKOEKSPONERING, UTAN OMSYN TIL PANTSETJINGAR | 60 | 39. IFRS 9 | 85 |
| 20. FINANSIELLE INSTRUMENT | 61 | | |

Note 1 Generell informasjon

Rekneskapen er utarbeidd og rapportert i samsvar med rekneskapslova og International Financial Reporting Standards (IFRS). Alle tal er oppgitt i heile 1.000.

Konsernet SpareBank 1 Søre Sunnmøre

Konsernet består av morbanken SpareBank 1 Søre Sunnmøre og det heileigde dotterselskapet Eiksundregionen Eigedom AS .

I tillegg har banken eigardelar i dei felleskontrollerte verksemdene Samarbeidende Sparebanker AS og Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS.

Skildring av verksemda

SpareBank 1 Søre Sunnmøre sitt kjerneområde er Søre Sunnmøre. Banken har kontor i kommunane Volda, Ørsta, Ulstein og Herøy.

Banken deltek i SpareBank 1-Alliansen.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre er ein totalleverandør av produkt og tenester innan finansiering, sparing og plassering, forsikring og betalingsformidling. Banken er medeigar i EiendomsMegler 1 og Regnskapshuset 1 SMN som tilbyr tenester i heile fylket.

Årsrekneskapen og konsernrekneskapen for 2018 vart godkjent av styret den 4. mars 2019.

Note 2 Rekneskapsprinsipp

Informasjon om selskapet

SpareBank 1 Søre Sunnmøre er ein sparebank registrert i Noreg. Banken har utferda 100 millionar unoterte eigenkapialbevis.

Konsernet består av morbanken SpareBank 1 Søre Sunnmøre og dotterselskapet Eiksundregionen Eigedom AS.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre avlegg konsernrekneskap og selskapsrekneskap for 2018 i samsvar med IFRS som godkjent av EU.

Nye reviderte IFRS'ar eller IFRIC fortolkningar som er tatt i bruk i konsernet med ikrafttredelse i 2018

I 2018 har følgande nye eller endra IFRS'ar eller IFRIC fortolkningar tredd i kraft med verkning for konsernets årsrekneskap.

IFRS 9 Finansielle instrument

IFRS 9 Finansielle instrument har erstatta IAS 39 Finansielle instrument – innrekning og måling. IFRS 9 omhandlar innregning, klassifisering, måling og frårekning av finansielle eignelutar, forplikingar, og sikringsbokføring.

IFRS 9 vert nytta frå og med 1. januar 2018, samanlikningstala for 2017 er utarbeida i samsvar med IAS 39. Nedanfor er prinsippa for IFRS 9 og IAS 39 skildra i egne avsnitt.

Implementeringa av IFRS 9 medførte fleire endringar i rekneskapen med verkning frå 1. januar 2018. Effekten av endringane er nærmare skildra i note 39 til årsrekneskapen og note 1 til delårsresultatet 2018.

IFRS 15 - Driftsinntekter frå kontrakter med kundar

IFRS 15 er ein felles standard for inntektsføring utgitt av IASB og FASB. Standarden erstattar alle eksisterande IFRS- og US GAAP krav for inntektsføring og trådte i kraft 1.januar 2018. Standarden hadde ingen effekt ved ikrafttredelse og forventast ikkje å ha fremtidige effektar.

For øvrig er det ingen andre IFRS eller IFRIC-fortolkningar som ikkje er tredd i kraft som forventast å ha ei vesentleg påverking på rekneskapen.

Nye standardar som ikkje er tekne i bruk

IFRS 16 - Leasing

Implementering av IFRS 16 Leigeavtalar, med verkning frå 1.1.2019, vil primært påverke leigetakers rekneskapsføring og vil føre til at vesentlege leigeavtalar for konsernet balanseførast. Standarden fjernar dagens skilje mellom operasjonell og finansiell leige og krev innrekning

av ein bruksrettsdel (rett til å bruke eigedelen) og ein finansiell forpliktelse til å betale leige for vesentlege leige kontrakter.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre vil nytte seg av fritak som finnast for kortsiktige leigeavtalar (under 12 månadar) og leigeavtalar med låg verdi.

Resultatrekneskapen vil også påverkast fordi den totale kostnaden vanlegvis er høgare dei første åra av ei leige-kontrakt. I tillegg vil driftskostnadar bli erstatta med renter og avskrivningar.

Basert på leigeavtalar som er inngått per 31. desember 2018 vil implementering av IFRS 16 gi ein "rett til bruk" eigedel og leigeforpliktelse som balanseførast frå 1. januar 2019 på 10,3 millionar kroner for morbank og 4,6 millionar kroner for konsernet. Resultateffekt vil for 2019 vere i størrelsesorden 0,1 millionar kroner for morbank og 0,04 millionar kroner for konsernet.

Regnskapsprinsipper

IFRS 9 – Finansielle instrumenter

Klassifisering og måling

Finansielle eignelutar

Etter IFRS 9 skal finansielle eignelutar klassifiserast i tre målekategoriar: verkeleg verdi med verdiendring over resultatet, verkeleg verdi med verdiendringar over andre inntekter og kostnader (OCI) og amortisert kost. For finansielle eignelutar skil ein mellom gjeldsinstrument, derivat og eigenkapitalinstrument, der gjeldsinstrument er alle finansielle eignelutar som ikkje er derivat eller eigenkapitalinstrument.

Finansielle eignelutar som er gjeldsinstrument

Gjeldsinstrument med kontraktsfesta kontantstraumar som berre er betaling av rente og hovedstol på faste datoar, og som blir haldne i ein forretningsmodell med formål å motta kontraktsmessige kontantstraumar, skal målast til amortisert kost. Instrument med kontraktsfesta kontantstraumar som berre er betaling av rente og hovedstol på faste datoar, og som blir haldne i ein forretningsmodell både for å motta kontraktsmessige kontantstraumar og for sal, skal målast til verkeleg verdi med verdiendringar over OCI, med renteinntekt, valutaomrekningseffektar og eventuelle nedskrivningar presentert i det ordinære resultatet. Verdiendringar førte over OCI skal reklassifiserast til resultatet ved sal eller annan avhending av eignelutane. Dei andre gjeldsinstrumenta skal målast til verkeleg verdi med verdiendring over resultatet. Dette gjeld instrument med kontant-

straumar som ikkje berre er betaling av normal rente og hovedstol, og instrument som blir haldne i ein forretningsmodell der formålet i hovudsak ikkje er mottak av kontraktsfesta kontantstraumar.

Instrument som i utgangspunktet skal målast til amortisert kost, eller til verkeleg verdi med verdiendringar over OCI, kan peikast ut for måling til verkeleg verdi med verdiendringar over resultatet dersom dette eliminerer eller vesentleg reduserer eit rekneskapsmessig misforhold.

Derivat og investeringar i eigenkapitalinstrument

Alle derivat skal i utgangspunktet målast til verkeleg verdi med verdiendring i resultatet, men derivat som er utpeikte som sikringsinstrument, skal rekneskapsførast i tråd med prinsippa for sikringsbokføring. Investeringar i eigenkapitalinstrument skal målast i balansen til verkeleg verdi. Verdiendringar skal som hovudregel førast i det ordinære resultatet, men eit eigenkapitalinstrument, som ikkje er halde for handelsformål, og som ikkje er eit betinga vederlag etter ei overdraging av verksemd, kan utpeikast som målt til verkeleg verdi med verdiendringar over OCI.

Finansielle forpliktingar

For finansielle forpliktingar er reglane hovudsakleg dei same som i dagens IAS 39. Ei endring frå IAS 39 er at for finansielle forpliktingar som er bestemt rekneskapsførte til verkeleg verdi over resultatet, skal endringar i verdien som skuldast selskapet sin eigen kredittrisiko, reknast inn i OCI, og ikkje i det ordinære resultatet som i dag, med mindre innrekninga i OCI skaper eller forsterkar eit rekneskapsmessig misforhold. RS 9 – Finansielle instrument

Tapsnedskrivning utlån

Etter gjeldande reglar skal nedskrivningar for tap berre skje når det er objektive bevis for at ei tapshending har funne stad etter første gongs balanseføring. Etter IFRS 9 skal tapsavsetningane reknast inn basert på forventa kredit-tap (ECL). Den generelle modellen for nedskrivningar av finansielle eignelutar i IFRS 9, vil gjelde for finansielle eignelutar som blir målte til amortisert kost eller til verkeleg verdi med verdiendringar over OCI, og der det ikkje hadde skjedd tap ved første gongs balanseføring. I tillegg er også lånetilsagn, finansielle garantikontraktar som ikkje er målte til verkeleg verdi over resultatet, og leigeavtalefordringar, omfatta.

Målinga av avsetninga for forventa tap i den generelle modellen, er avhengig av om kredittrisikoen har auka

vesentleg sidan første gongs balanseføring. Ved første gongs balanseføring, og når kredittrisikoen ikkje har auka vesentleg etter første gongs balanseføring, skal det setjast av for 12-månaders forventa tap. 12-månaders forventa tap er det tapet som er forventa å kome over levetida til instrumentet, men som kan knytast til hendingar som skjer dei første 12 månadene. Hvis kredittrisikoen har auka vesentleg etter førstegongsinnrekning, skal det setjast av for forventa tap over heile levetida. Forventa kredittap er utrekna basert på noverdien av alle kontantstraumar over gjenverende forventa levetid, dvs. skilnaden mellom dei kontraktsmessige kontantstraumane etter kontrakten og den kontantstrømmen som banken forventar å motta, diskontert med effektiv rente på instrumentet.

I tillegg til den generelle modellen er det egne prinsipp for utferda inkludert reforhandla lån som blir behandla som nye, og kjøpte lån der det har kome til kredittap ved første gongs balanseføring. For desse skal det reknast ut ei effektiv rente som tek omsyn til forventa kredittap, og ved endringar i forventa kontantstraumar, skal endringa diskonterast med den opprinneleg fastsette effektive renta og resultatførast. For desse eignelutane er det såleis ikkje behov for å overvake om det har vore ein vesentleg auke i kredittrisiko etter først gongs balanseføring, då det uansett skal takast omsyn til forventa tap over heile levetida. For kundefordringar utan vesentlege finansieringskomponentar, skal ein forenkla modell nyttast, der det blir avsett for forventa tap over heile levetida frå første gongs balanseføring. Banken har valt som rekneskapsprinsipp å bruke den forenkla modellen også for kundefordringar med vesentlege finansierings-element og leigefordringar.

Innrekning og frårekning av finansielle eignelutar og forpliktingar

Finansielle eignelutar og forpliktingar blir rekna inn på handledagen, det vil seie tidspunktet banken blir part i dei kontraktsmessige vilkåra til instrumenta.

Finansielle eignelutar blir frårekna når dei kontraktsmessige rettane til kontantstraumane frå den finansielle eigneluten er avslutta, eller når rettane til kontantstraumane frå eigneluten er overførte på ein slik måte at risiko og avkastning knytte til eigarskapet i det alt vesentlege er overførte. Finansielle forpliktingar skal reknast frå når dei kontraktsmessige vilkåra er innfridde, kansellerte eller avslutta.

Nedskrivingsmodellen

Tapsanslaget skal lagast kvartalsvis, og vil bygge på data

i datavarehuset som har historikk over konto- og kundedata for heile kredittporteføljen, utlån, kreditt og garantiar. Tapestimata vil bli utrekna basert på 12 månaders og livslangt sannsyn for misleghald frå kunden si side (probability of default – PD), lånetap ved misleghald (loss given default – LGD) og eksponering av lånet ved misleghald (exposure at default – EAD). Datavarehuset inneheld historikk for observert misleghaldsrate (PD) og observert tapsgrad (LGD). Dette vil danne grunnlag for å lage gode estimat på framtidige verdiar for PD og LGD. Banken vurderer fremtidsretta informasjon som makro-økonomiske faktorar, som for eksempel arbeidsløyse, BNP-vekst, renter, bustadprisar og økonomiske prognosar for å kunne gi framtidsretta informasjon som er så korrekt som mogleg.

Misleghaldsdefinisjonen under IFRS 9 fell saman med IAS 39, og her blir det avsett for forventa tap over levetida. Definisjonen av misleghald under trinn 3 er samanfallande med intern risikostyring og kapitalkravsutrekningar, her nyttar ein også 90 dagars overtrekk som eit viktig kriterium for misleghald. Kriteria for vesentleg auke i kredittrisiko er skildra i trinn 1 og 2 under. Vesentleg auke i kredittrisiko blir målt for det einskilde utlånet. Tapsavsetninga i trinn 2 og 3 blir rekna ut og rapportert i grupper av finansielle instrument. For utlånsporteføljen skil ein mellom PM og BM. I tråd med IFRS 9 grupperer banken sine utlån i tre trinn baserte på anvendt metodikk som er skildra under.

Trinn 1

Dette er startpunkt for alle finansielle eignelutar som er omfatta av den generelle tapsmodellen. Alle eignelutar som ikkje har vesentleg høgere kredittrisiko enn ved førstegongsinnrekning, får ei avsetning til tap som tilsvarer 12 månaders forventa tap. I denne kategorien ligg alle eignelutar som ikkje er overførte til trinn 2 eller 3.

Følgjande kriterium må være oppfylte for at det ikke har skjedd ein vesentleg auke i kredittrisiko:

- PD er mindre enn dobla frå innvilging, og/eller
- PD < 1,25 %

Trinn 2

I trinn 2 i tapsmodellen er eignelutar som har hatt ein vesentleg auke i kredittrisiko sidan førstegongsinnrekning, men der det ikkje er objektive bevis på tap. For desse eignelutane skal det avsettast for forventa tap over levetida. I denne gruppa finn vi utlån med vesentleg grad av kredittforverring, men som på balansedato tilhøyrrer kundar som ikkje er i misleghald (risikoklasse er ikkje J eller K). Grensa mellom trinn 2 og 3 er derfor klar

frå standarden. Når det gjeld avgrensing mot trinn 1, må banken sjølv definere kva som er vesentleg grad av kredittforverring. IFRS 9 beskriv likevel at det har vore ein vesentleg auke i kredittrisiko, med mindre dette kan tilbakevisast, dersom betaling er forseinka med 30 dagar eller meir.

Banken har vidare definert at eignelutar knytte til kundar som kjem på watchlist, skal gå inn i trinn 2, og at det som hovudregel har vore ein vesentleg auke i kredittrisiko dersom PD er minst dobla sidan innvilging, og PD er høgere enn 1,25 %. Vidare vil ei betaling som er minst 30 dagar forseinka, indikere vesentleg auke i kredittrisiko, uavhengig av nivået på PD. Følgjande kriterium må dermed vere oppfylte for at det skal ha skjedd ein vesentleg auke i kredittrisiko:

- PD er minst dobla sidan innvilging, og
- PD > 1,25 %
- eller, minst 30 dagars forseinka betaling

Trinn 3

I trinn 3 i tapsmodellen er eignelutar som har hatt ein vesentleg auke i kredittrisiko sidan innvilging, og der det er objektive bevis på tap på balansedato. For desse eignelutane skal det avsettast for forventa tap over levetida. Banken har definert at det er objektive bevis for tap når eit utlån er i misleghalde (risikoklasse J eller K). Denne definisjonen er i tråd med definisjonen som gjeld for intern risikostyring og for regulatorisk kapitalkravs-berekening for IRB-bankane. Misleghald er definert som følgjande:

- 90 dagar overtrekk og beløp over 1.000 kr
- Tapsavsetning/konstatert
- Konkurs/gjeldsordning

Modifiserte finansielle eignelutar

For modifiserte finansielle eignelutar vurderer banken om det har vore vesentleg auke i kredittrisiko ved å samanlikne misleghaldsrisikoen på rapporteringstidspunkt ut frå instrumentet sine modifiserte kontantstraumar med misleghaldsrisikoen ved førstegongsinnrekning, basert på instrumentet sine opphavlege kontraktsmessige vilkår (før modifisering).

Effekt av framtidsretta informasjon

Det skal produserast månadsrapportar for validering og stresstesting, som inneheld historikk for observert PD og observert LGD. Dette er viktige analysar for å kunne lage gode estimat på PD og LGD framover, som ECL-formelen krev. Stresstestane inneheld ulike scenario for makroøkonomiske hovudstorleikar, og korleis dette kan påverke estimata for PD, LGD, EAD, EL og UL både

i regulatoriske og økonomiske kredittmodellar. Basisscenarioet frå stresstestane er laga på bakgrunn av referansebanen i Pengepolitisk rapport frå Noregs Bank. Dette gir eit grunnlag for å lage eit basisscenario for IFRS 9-berekingane.

IAS 39 – Finansielle instrument

Tilordning til ulike kategoriar

Omfattar alle kontraktar som fører til både ein finansiell egedel for eit føretak og ei finansiell plikt eller eit eigenkapitalinstrument for eit anna føretak. Ved første gongs innrekning er alle finansielle egedelar og plikter, som er omfatta av standarden, identifisert og klassifisert i ein av dei følgjande kategoriane, avhengig av formålet med investeringa:

1. Finansielle egedelar og gjeld til verkeleg verdi halde for handelsformål med verdiendring over resultat
2. Finansielle egedelar og plikter vurdert til verkeleg verdi med verdiendring over resultat i samsvar med Verkeleg Verdi Opsjon (omtala som VVO)
3. Utlån og fordringar, balanseført til amortisert kost
4. Finansielle instrument tilgjengeleg for sal vurdert til verkeleg verdi med verdiendring mot andre innrekna inntekter og kostnader
5. Andre finansielle plikter balanseført til amortisert kost

1. Finansielle egedelar og gjeld til verkeleg verdi halde for handelsformål med verdiendring over resultat
Handelsporteføljen er kjenneteikna ved at instrumenta i porteføljen i hovudsak er skaffa til veie eller fått med det formål å selje den eller kjøpe den tilbake på kort sikt, eller ved at instrumentet er ein del av ei portefølje av identifiserte instrument som blir styrt saman, og der det føreligg eit faktisk mønster for kortsiktig realisering av overskot. Finansielle derivat, som rentebytteavtalar og valutaterminkontraktar, vert alltid kategorisert til verkeleg verdi over resultat.

2. Finansielle egedelar og plikter vurdert til verkeleg verdi med verdiendring over resultat i samsvar med Verkeleg Verdi Opsjon, omtala som VVO
Porteføljen omfattar sertifikat- og obligasjonsplasse- ringar, fastrenteutlån, fastrenteinnskot og utvalde obligasjonsinnlån. Slike instrument, og rentebytte- avtalar, blir styrte og vurdert samla til verkeleg verdi. Finansielle instrument blir klassifiserte i denne kateg- orien dersom eitt av følgjande kriterium er til stades:

- Klassifiseringa eliminerer eller i vesentleg grad reduserer måleinkonsistens som elles ville ha oppstått ved måling av egedelar eller plikter, eller ved rekneskapsføring av tilhøyrande vinst eller tap.

- Dei finansielle instrumenta er ein del av ein portefølje som blir styrt og vurdert på bakgrunn av verkeleg verdi i samsvar med ein dokumentert risikohandterings- eller investeringsstrategi.

3. Utlån og fordringar, balanseført til amortisert kost
Kategorien omfattar alle utlån og fordringar som ikkje er definerte til verkeleg verdi over resultat, eller som finansiell egedel tilgjengeleg for sal. Delar av verdipapirgjelda inngår i denne kategorien. Etter første gongs innrekning av eignelutar tilgjengeleg for sal vert desse vurderte til verkeleg verdi. Urealiserte verdiendringar vert fortløpande rekna inn i eigenkap- italen. Når verdipapir vert selde eller nedskrivne, vert akkumulerte verdjusteringar fjerna frå eigenkapitalen og innrekna i resultatrekneskapan. Bokført verdi etter nedskrivning vert sett på som ny kostpris. Ved seinare verdiauke vil differansen mellom ny kostpris etter nedskrivning og verkeleg verdi verte ført mot eigen- kapitalen.

4. Finansielle instrument tilgjengelege for sal vurdert til verkeleg verdi med verdiendring mot andre innrekna inntekter og kostnader
Denne kategorien omfattar egedelar som ikkje er klassifiserte i nokon av dei gruppene som er nemnde tidlegare.

5. Andre finansielle plikter balanseført til amortisert kost.
Andre finansielle plikter, som ikkje inngår i handels- porteføljen eller som er definert som plikter til verkeleg verdi med verdiendring over resultatet, blir balanseførte til amortisert kost.

Kjøp og sal
Kjøp og sal av finansielle eignelutar vert bokførte på handelsdato, dvs. den dato då konsernet forpliktar seg til å kjøpe eller selje instrumentet. Alle finansielle eignelutar som ikkje vert målt til verkeleg verdi med verdiendringar over resultatrekneskapan, vert rekna inn første gong til verkeleg verdi inkludert transaksjonskostnader.

Instrumentet vert fjerna frå rekneskapan når rettane til å ta i mot kontantstraumar frå investeringa er over, overført til andre og konsernet har overført ein ves- entleg del av risiko og eigeomsrett til andre.

Verdiendring
Realisert og urealisert gevinst og tap som oppstår som følgje av endringar i verkeleg verdi på finansielle eignelutar til verkeleg verdi over resultatrekneskapan, er inkludert i resultatrekneskapan i den perioden dei

oppstår. Finansielle eignelutar for sal, vert innrekna i eigenkapitalen, bortsett frå tap ved verdifall som vert rekna inn i resultatet.

Verkeleg verdi på noterte instrument tek utgangspunkt i gjeldande børskurs. Dersom det ikkje finst ein aktiv marknad for ein finansiell eignelut (eller eigneluten er unotert), kan konsernet rekne verkeleg verdi ved bruk av ulike verdsettingsmodellar. Viss eigneluten ikkje let seg måle påliteleg vert eigneluten vurdert til kost, jf. IAS 39.46.

Frårekning av finansielle eignelutar
Dersom mesteparten av risiko og avkastning for ein eige- del er overført til ein motpart skal egedelen frårekast.

Verdivurdering
Første gongs rekneskapsføring av finansielle instrument
Finansielle instrument skal balanseførast til verkeleg verdi på handelsdagen.

Etterfølgjande verdimåling
Verdimåling til verkeleg verdi
Verkeleg verdi er definert som det beløpet ein eigardel kan bytast i, eller ei plikt kan gjerast opp i, ved ein transaksjon mellom uavhengige partar. I vurderinga legg ein til grunn føresetnad om framhaldande drift, og at avsetning for kreditrisiko er tatt omsyn til i verdsettinga.

Instrument som blir omsett i ein aktiv marknad
Ein marknad er aktiv dersom det er mogleg å finne eksterne, observerbare prisar, kursar eller volatilitetar og desse prisane representerer faktiske og hyppige marknadstransaksjonar. For instrument som blir handla i ein aktiv marknad, nyttar vi den noterte prisen innhenta frå børs, meklar eller eit prissettingsbyrå. Instrument omsett i ein aktiv marknad gjeld mellom anna finansielle instrument som er børsnoterte eller på annan måte kvotert som t.d. aksjar, obligasjonar og sertifikat. I tillegg gjeld det finansielle derivat som er basert på under- liggande kvoterte eller børsnoterte prisar/indeksar/ instrument.

Instrument som ikkje blir omsett i ein aktiv marknad
Finansielle instrument, som er klassifiserte i nemnde kategori, blir verdsette etter ulike evalueringsteknikkar.

Til dømes blir vanlege og enkle finansielle instrument som aksjar, verdsett etter godkjende modellar basert på observerbare data i marknaden. Finansielle instrument som ikkje blir handla i ein aktiv marknad, omfattar i

hovudsak portefølje av fastrenteutlån, innskot og inn- lån, investeringar i aksjar som ikkje er noterte på børs, samansette produkt og finansielle garantiar. Sistnemnde blir initielt vurderte til verkeleg verdi. Ved framtidig framlegging av rekneskap blir slike garantiar verdsette til det høgaste av verkeleg verdi justert for amortiser- ing av garantiprovisjonar og den underliggende plikta i garantien.

Verkeleg verdi av porteføljen av fastrenteutlån blir ut- rekna som verdien av kontraktsfesta kontantstraumar neddiskontert med marknadsrente.

Eigenkapitalinvesteringar i aksjar og andelar som blir handla i ikkje-aktive marknader blir verdsette til verkeleg verdi etter følgjande forhold:

- Pris ved siste kapitalutviding eller siste omsetning mellom uavhengige partar, justert for endring i marknadsforhold sidan kapitalutviding/omsetning.
- Verdsetting gjort tidlegare i samband med føretaks- integrasjon, justert for eventuell endring i marknads- forholda sidan føretaksintegrasjonen.
- Verkeleg verdi basert på forventa framtidige kontant- straumar på investeringa.

Verdimåling til amortisert kost
Finansielle instrument som ikkje blir målt til verkeleg verdi, blir verdsette til amortisert kost, og inntektene etter effektiv rentemetode. Ved effektiv rentemetode blir den effektive renta på engasjementet utrekna. Den effektive renta blir fastsett ved diskontering av kontraktfesta kontantstraumar innafor forventa løpetid.

Kontantstraumane inkluderer etableringsgebyr og direkte transaksjonskostnader som ikkje blir dekte av kunden, og eventuell restverdi ved utgangen av forventa levetid. Amortisert kost er noverdien av slike kontantstraumar neddiskontert med effektiv rente.

Utlån
Utlån vert målt til amortisert kost i samsvar med IAS 39. Utlån vert vurdert til verkeleg verdi med tillegg av even- tuelle direkte transaksjonskostnader ved fyrste gongs måling. Utlån skal i seinare periodar vurderast til amor- tisert kost med bruk av effektiv rentemetode. Amortisert kost er Innkjøpskost minus tilbakebetalingar på hovud- stolen, pluss eller minus kumulativ amortisering som følgjer av ein effektiv rentemetode, og fråtrekt eventu- elle beløp for verdifall eller risiko for tap. Den effektive renta er den renta som nøyaktig diskonterer estimerte framtidige kontante inn- eller utbetalingar over det finansielle instrumentet si forventa levetid.

Nedskrivning av finansielle eignelutar

Individuelle- og gruppevis nedskrivningar

Nedskrivningar for tap skal utførast når det ligg føre objektive bevis for at eit utlån eller ei gruppe av utlån har verdifall. Som objektive bevis reknar ein mellom anna vesentlege finansielle problem hos debitor, betalingsmisleghald eller andre vesentlege kontraktsbrot. Nedskrivninga vert berekna som skilnaden mellom balanseført verdi og noverdien av estimerte framtidige kontantstraumar neddiskontert med effektiv rente. Det vert ikkje gjort individuell nedskrivning basert på forventningar om tap. Hendingane som medfører eventuell nedskrivning skal ha hendt før eller på balansedagen.

Utlån med fast rente

Fastrenteutlån til kundar er bokført til verkeleg verdi. Banken gjer rentebytteavtalar for å motverke denne eksponeringa, og dei er medtekne ved utrekninga av eksponeringa over løpetida for låna. Noverdien av desse låna og rentebytteavtalane vert kalkulert og innteken i rekneskapen.

Overtekne eignelutar

Overtekne eignelutar er vurdert i tråd med vurderingsreglar for den enkelte eignelut.

Presentasjon i balanse og resultatrekneskap

Inntektsføring

Renteinntekter blir inntektsført ved bruk av effektiv rentemetode. Dette medfører løpande inntektsføring av nominelle renter med tillegg av amortisering av etableringsgebyr. Inntektsføring av renter etter effektiv rentemetode blir gjort både for balansepostar vurderte til amortisert kost og balansepostar vurderte til verkeleg verdi over resultat. Renteinntekter på nedskrivne engasjement blir utrekna etter effektiv rentemetode av nedskrivne verdi.

Utbytte

Utbytte blir resultatført ved utbetaling.

Periodisering av renter og gebyr

Renter og provisjonar blir resultatført etter kvart som dei vert opptente eller påløpne. Urealisert vinst og tap på rentesikringsforretningar vert periodisert under «Netto verdiendring på finansielle eignelutar».

Gebyr for etablering av låneavtalar inngår i kontantstraumane ved utrekning av amortisert kost, og er inntektsført under «Netto renteinntekter» etter effektiv rentemetode. Gebyr som inngår ved etablering av finansielle garantiar inngår i verdsetting av garantiane og blir

inntektsførte under «Netto verdiendring på finansielle eignelutar». Under-/overkurs (evt. vinst/tap) som oppstår ved tilbakekjøp av eigen gjeld blir resultatført på tidspunkt for tilbakekjøp og er klassifisert som «Nettoverdiendring på finansielle eignelutar».

Kontantar og fordringar

Kontantar er definert som kontantar og fordringar på Noregs Bank.

Sertifikat og obligasjonar

I denne kategorien inngår sertifikat og obligasjonar som konsernet ikkje har til hensikt å halde til forfall. Porteføljen omfattar både sertifikat og obligasjonar inkluderte i handelsporteføljen og sertifikat og obligasjonar definerte som egedelar balanseført til verkeleg verdi med verdiendring over resultat (VVO). Renteinntekter og –kostnader på sertifikat og obligasjonar inngår i «Netto renteinntekter» basert på effektiv rentemetode. Andre verdiendringar inngår i «Netto verdiendring på finansielle eignelutar».

Aksjar

Aksjar, til verkeleg verdi over resultat (VVO)

Aksjar vurdert til verkeleg verdi over resultat (VVO) inkluderer aksjar, egenkapitalbevis og aksjefond som er skaffa med kortsiktig sal eller tilbakekjøp som formål. Aksjane blir vurderte til verkeleg verdi over resultat i medhald av VVO. Verdiendringar for aksjar inngår i «Netto verdiendring på finansielle eignelutar».

Aksjar, tilgjengeleg for sal til verkeleg verdi

Urealiserte verdiendringar i porteføljen tilgjengeleg for sal vert ført mot andre innrekna inntekter og kostnader under «Resultat finansielle egedelar, tilgjengeleg for sal». Dersom det er objektive bevis for verdifall på balansedatoen for instrument klassifisert som tilgjengeleg for sal, vert nedskrivninga resultatført. Nedskrivning er differansen mellom historisk kost og verkeleg verdi.

Realiserte vinstar eller tap, og nedskrivning under kostpris blir resultatførte i ordinært resultat under «Netto verdiendring på finansielle eignelutar» i den perioden dei oppstår. Ved realisering vil tidlegare oppskrivning bli reversert mot andre innrekna inntekter og kostnader under «Resultat finansielle egedelar, tilgjengeleg for sal».

Finansielle derivat

Eit derivat er eit finansielt instrument med følgjande karakteristikkar:

- Verdien på instrumentet blir endra som eit resultat av

endringar i rente, kurs eller pris på eit underliggende objekt

- Instrumentet krev ingen eller liten initiell investering
- Instrumentet blir gjort opp på ein framtidig dato

Derivat blir balanseført til verkeleg verdi når derivatkontrakten blir inngått, og deretter løpande til verkeleg verdi. Finansielle derivat vert presenterte som ein egedel dersom verdien er positiv og som ei forplikting dersom verdien er negativ. Motrekning vert føreteke dersom banken har ein bindande kontrakt med motparten, om å motrekne, og har til hensikt å innfri netto eller realisere egedelar og forpliktingar samtidig.

Gjeld til kredittinstitusjonar og innskot frå kundar

Forpliktingar til kredittinstitusjonar og kundar er rekneskapsførte, avhengig av motpart, enten som gjeld til kredittinstitusjonar eller som innskot frå kundar, uavhengig av verdimålingsprinsipp. Rentekostnader på instrumenta inngår i «Netto renteinntekter» basert på effektiv rentemetode. Andre verdiendringar inngår i «Netto verdiendring på finansielle eignelutar».

Verdipapirgjeld

Verdipapirgjeld (og ansvarleg lånekapital) omfattar utferda sertifikat, obligasjonar og ansvarleg lånekapital. Rentekostnader på instrumenta inngår i «Netto renteinntekter» basert på effektiv rente-metode. Andre verdiendringar inngår i «Netto verdiendring på finansielle eignelutar».

Usikre forpliktingar

Banken utferder finansielle garantiar som ledd i den ordinære verksemda. Tapsvurderingar skjer som ledd i vurderinga av tap på utlån og vert vurderte i samsvar med IAS 37. Det vert gjort avsetjingar for andre usikre forpliktingar dersom det er sannsynsovervekt for at forpliktinga materialiserer seg og dei økonomiske konsekvensane kan reknast pålitelege. Det vert gitt opplysningar om usikre forpliktingar som ikkje fyller kriteria for balanseføring dersom dei er vesentlege. Avsetnad for restruktureringsutgifter vert gjort når banken har ei avtalemessig eller rettslig forplikting.

Ansvarlege lån

Ansvarlege lån har prioritet etter all anna gjeld. Tidsavgrensa ansvarleg lån kan telje med 50% av kjernekapitalen i kapitaldekninga, mens evigvarande ansvarlege lån kan telje med inntil 100% av kjernekapitalen. Ansvarlege lån vert klassifiserte som forplikting i balansen og målte til amortisert kost.

Langsiktige lån

Innlån med flytande rente

Lån vert innrekna første gong til opptakskost, som er verkeleg verdi av det mottekne vederlaget etter frådrag av transaksjonsutgifter. Lån vert deretter målte til amortisert kost. Einkvar skilnad mellom opptakskost og oppgjersbeløpet ved forfall vert dermed periodisert over løpetida ved hjelp av effektive rente.

Fastrenteinnlån

Fastrenteinnlån er klassifisert til verkelig verdi med verdiendringar over resultatrekneskapen. Desse er øyremerkte og forvalta saman med finansielle eignelutar slik at den samla innteninga vert vurdert på grunnlag av verkeleg verdi.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar først i balansen til anskaffelseskost fråtrekt akkumulerte av- og nedskrivningar. Ordinære avskrivningar er beregna lineært over driftmidlanes forventede økonomiske levetid. Eigedom, anlegg og utstyr som vert avskrive, er gjenstand for nedskrivningstest i samsvar med IAS 36 når omstenda indikerer det.

Nedskrivning av ikkje finansielle eignelutar

Balanseført beløp av bankens eignelutar med enkelte unntak, vert gjennomgått på balansedagen, for å vurdere om det ligg føre indikasjonar på verdifall. Dersom det ligg føre slike indikasjonar, estimerer ein eignelutens gjenvinnbare beløp. Årleg reknar ein gjenvinnbart beløp på balansedagen for eignelutar som har ei uavgrensa utnyttbar levetid, og andre immaterielle eignelutar som enno ikkje er tilgjengelege for bruk. Nedskrivningar vert gjort når balanseført verdi av ein eignelut eller kontantstraumgenererande eining overstig gjenvinnbart beløp. Nedskrivningar vert førte over resultatrekneskapen. Nedskrivning av andre eignelutar reverserer nedskrivningar dersom det er ei endring i estimat som er nytta for å rekne gjenvinnbart beløp.

IT-system og programvare

Kjøpt programvare vert balanseført til kostpris med tillegg av utgifter for å bringe programvara klar til bruk. Identifiserte utgifter til eigenutvikla programvare der det kan påvisast at det er sannsynleg at framtidige økonomiske fordelar dekkjer utviklingsutgiftene, vert balanseførte som immateriell egedel. Direkte utgifter inkluderer utgifter til tilsette som er direkte involvert i programutviklinga, materiell og ein del av relevante administrasjonsutgifter. Utgifter knytte til vedlikehald av programvare og IT-system vert direkte kostnadsførte i resultatrekneskapen. Balanseførte programvareutgifter

vert avskrivne over forventna økonomisk levetid, som normalt er 3 år. Vurdering av nedskrivingsbehov følgjer same prinsipp som omtalt ovanfor.

Pensjonar

Ytingsbaserte ordningar

I samsvar med IAS 19 er pensjonskostnaden delt opp og kostnaden med pensjonsopptening og netto rente-inntekter-/kostnad er resultatført. Verdiregulering som følgje av estimatavvik er ført i utvida resultatrekneskap under linja for «Andre innrekna inntekter og kostnader» og er følgjeleg med i totalresultatet. Netto pensjonsansvar vert ført som «Anna gjeld» i balansen. Netto pensjonsansvar vert utrekna som differansen mellom brutto pensjonsansvar, som er noverdien av estimert framtidig pensjonsytning og pensjonsmidlar i forsikringsfond eller pensjonspremiefond. Netto balanseført pensjonsansvar er korrigert for avvik i estimat og effekt av endra føresetnader.

Innskotsbaserte ordningar

Innskotsbaserte pensjordsordningar inneber at konsernet ikkje gir løfte om framtidig pensjon på eit fast nivå, men betalar eit årleg innskott til ei kollektiv pensjordsordning. Den framtidige pensjonen vil vere avhengig av storleiken på tilskotet og den årlege avkastninga på pensjonssparinga. Konsernet har ikkje noko ansvar for dette utover å innbetale det årlege innskottet. Det er ingen avsetning for påkome pensjonsansvar i slike ordningar. Innbetalingar til innskotsbaserte pensjordsordningar blir kostnadsførte direkte i den enkelte rekneskapsperioden. Pensjonskostnader for året blir ført netto i resultatrekneskapen under posten «Lønn og andre personalkostnader».

Skatt

Resultatført skatt består av periodeskatt (betalbar skatt) og endring i utsett skatt. Periodeskatt er rekna skatt på årets skattepliktige resultat. Utsett skatt vert rekneskapsført etter gjeldsmetoden i samsvar med IAS 12. Det vert rekna forplikting eller eignelut ved utsett skatt på mellombelse skilnader, som er differansen mellom balanseført verdi og skattemessig verdi på eignelutar og forpliktingar. Det vert rekna ein eignelut ved utsett skatt på framførbare skattemessige underskot. Eignelut ved utsett skatt vert rekna inn berre i det omfang det er venta framtidig skattepliktige resultat som gjer det mogleg å utnytte den tilhøyrande skattefordelen. Utsett

skatt/utsett skattefordel er utrekna med 25% på grunnlag av mellombelse skilnader som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar ved utgangen av året.

Skattekonsern

Skattekonsernet består av morbank og dotterselskap der morbank eig meir enn ni tidelar av aksjane, og har ein tilsvarande del av stemmene som kan nyttast på generalforsamlinga.

Segmentrapportering

Banken har i hovudsak to forretningsområde som sitt rapporteringsformat, personmarknad og bedriftsmarknad.

Sjølv om banken opererer i ulike kommunar, ser ein på det som om banken primært opererer innanfor ein og same geografiske marknad.

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd i samsvar med den indirekte metode. Resultatet blir justert for verdien av transaksjonar utan kontantoppgjjer, periodisering av framtidige inn- eller utbetalingar knytt til drift, og inntekter eller kostnader knytt til kontantstraumar frå investering eller finansiering.

Hendingar etter balansedagen

Det skal opplysast om hendingar etter balansedagen i samsvar med IAS 10.

Rekneskapen vert rekna som godkjent for offentleggjering når styret har handsama det. Generalforsamlinga og regulerande mynde vil etter dette kunne nekte å godkjenne rekneskapen, men ikkje forandre det. Hendingar fram til rekneskapen vert rekna som godkjend for offentleggjering og som vedkjem tilhøve som alt var kjent på balansedagen, vil inngå i informasjonsgrunnlaget for fastsettinga av rekneskapestimat og såleis bli reflektert fullt ut i rekneskapen. Hendingar som vedkjem tilhøve som ikkje var kjent på balansedagen, vil bli opplyst om dersom dei er vesentlege. Rekneskapen er avlagt etter føresetnad om framleis drift. Denne føresetnaden var etter styret si oppfatning til stade på det tidspunkt rekneskapen vart godkjend for framlegging.

Note 3

Finansiell risiko

Overordna

Risikotilhøva innanfor bankens verksemd blir handtert gjennom kontinuerleg identifisering, måling og overvaking i høve til gitte risikogrenser. Denne risikostyringa er kritisk for bankens lønsemd og soliditet.

Banken er eksponert for strategisk risiko, operasjonell risiko, kredittrisiko, marknadsrisiko, renterisiko og likviditets- og oppgjersrisiko.

Struktur for risikostyring

Styret er ansvarleg for overordna tilnærming til risikostyring og for å godkjenne risikostrategiar og prinsipp.

Leiinga i banken har risiko og risikorapportering høgt på si arbeidsliste. Banken si risikoavdeling er eigen funksjon. Elles er det gjort mykje for å samle, rapportere og handsame risikoelementa som banken har.

Leiarane på PM og BM har eit særskilt ansvar for å handtere risikostrategien på sine område og implementere banken sine prinsipp, rammeverk, retningslinjer og risikogrenser innan kredittområdet. Økonomiavdelinga har det operative ansvaret for dei andre risikoområda.

Leiargruppa har årleg gjennomgang av risikostyringsprosessane. Dette omfattar både ei vurdering av effekten av etablerte prosedyrar og etterlevinga av desse. Resultata av gjennomgangane blir rapporterte til styret gjennom internkontrollrapportane.

Banken si økonomiavdeling styrer banken sine eigne plasseringar på ein slik måte at risikoen er innanfor måltal som gjeld for rente- og kredittrisiko. Banken har for det meste flytande rente både på utlån og innskott. Økonomiavdelinga har også det operative ansvaret for likviditetsstyringa.

Risikomålings- og rapporteringssystem

Banken gjer måling og kvantifisering av risiko ved bruk av ulike metodar, både statistiske og ikkje-statistiske. Kvar metode er basert på ulike nivå av uvisse.

Banken har risikorapportering for risikoområda til styret jamnleg. Risikorapportering til bruk i bankdrift og leiing har vore eit prioritert område i dei seinare år, og stadig fleire delar av organisasjonen vert sterkare involvert i informasjonsflyten og kan utføre risikoreduserande tiltak.

Fastrenter

Banken er etter vår vurdering relativt lite risikoeksponert samanlikna med andre bankar då ein har relativt lite volum av fastrenteinnskott og -utlån. I tillegg er likviditetsbufferen i stor grad plassert i konservative papir med liten kredittrisiko og som bankinnskott. Samtidig er fundinga i all hovudsak flytande rente. Funding inngått med fastrente er sikra med renteswapavtalar. Banken vurderer kontinuerleg om ein bør ta i bruk derivat for ytterlegare å redusere eksponeringa som kjem av endringar i rentenivået og eventuell eksponering knytt til framtidige transaksjonar.

Strategi knytt til bruken av finansielle instrument

Banken har i liten grad fastrenteinnskott og har difor ikkje sett det naudsynt å gjere sikringsforretning gjennom derivat. Når det gjeld fastrentelån følgjer banken til ei kvar tid opp den risiko som ligg i denne form for verksemd, og det vert jamleg gjort sikringsforretning gjennom derivat for å redusere denne risikoen.

Banken har ei mindre portefølje aksjefond, og styret har sett ei øvre grense for desse investeringane. Porteføljen av andre verdipapir har banken berre for å tilfredstille dei gjeldande krav til likvidar. Verdipapira består i hovudsak av papir som kan deponerast som trygd for lån i Noregs Bank eller tilpassa grupperinga til Finanstillsynets krav i LCR-berekninga.

Konsentrasjon av risiko

Konsentrasjon oppstår når fleire av banken sine motpartar opererer innanfor same bransje, geografiske område eller har andre samanfallande økonomiske eigenskapar som gjer at evna deira til å oppfylle forpliktingane blir påverka samtidig av endringar i økonomiske, politiske eller andre tilhøve.

Under prosessen med etterleving av intensjonane og implementeringa av risikostyring etter Basel III og ICAAP, har leiinga saman med styret, ein kontinuerleg prosess med utarbeiding av måltal for ytterlegare å identifisere og redusere risiki.

Den geografiske lokaliseringa av eignelutar og forpliktingar er spesifisert i notar til relevante balansepostar. Banken søkjer å oppnå ei forsvarleg geografisk spreing av lån innanfor sin lokale marknad, men lokal økonomisk utvikling, og særleg eigedomsprisane, vil kunne ha betydeleg innverknad på kundane si evne til å tilbakebetale lån og på verdien av dei underliggjande trygder. Banken vil i første rekkje søkje å avgrense denne type risiko gjennom høg kvalitet i kredittarbeidet, å utnytte

sin lokalkunnskap og gjennom å operere innanfor trygge marginar med omsyn til låntakarane si betalingsevne og kvaliteten på stilte trygder.

Kredittrisiko

Kredittrisiko er risiko for tap på utlån og plasseringar (hovudstol og rentekrav) som følgje av manglande betalingsevne/-vilje hjå banken sine kundar. Begrepet dekkjer også tap som følgje av svikaktig framferd av kundar i samband med slike lån/plasseringar. Det omfattar også risiko for at realisering av pantsette trygder/kausjonar ikkje gir den forutsette dekning for banken sine krav. Det vert gjort eit stort arbeid i SpareBank 1 Alliansen for å syte for at systema skal vere best mogleg og at sakshandsamar skal få korrekt og tidsmessig informasjon slik at risikovurderingar vert utførte på best mogleg måte. Samstundes vert det arbeidd med porteføljekvaliteten og endringar som skjer, av dei ansvarlege funksjonar og avdelingar i banken. Kredittrisikoen for utlån og sjansen for tap vert nøye overvaka gjennom utviklinga i misleghald og overtrekk, i tillegg til jamleg vurdering av alle større nærings- og personlån etter fastsette retningsliner. At bankens vedtekne retningsliner for kreditttyting vert etterlevd, vert fylgt opp gjennom internkontroll.

All plassering av midlar vert kredittvurdert og vurdert opp mot dei reglane som finst for deponering i Noregs Bank, eller tilpassa grupperinga til Finanstilsynets krav i LCR-berekninga Bankens verdipapirportefølje består i hovudsak av spesielt sikre sertifikat og obligasjonar. Styret vurderar kredittrisikoen for våre verdipapir som liten/moderat.

Kursrisiko

Kursrisiko er risiko for at verkeleg verdi på ein balansepost avvik frå opphavleg verdi.

Operasjonell risiko

Operasjonell risiko knyter seg til feil/manglar som følgje av mangelfulle system, rutinar og kompetanse.

Renterisiko

Utlån og innskot der banken har adgang til å endre renta, medfører en renterisiko som ikkje fullt ut lar seg sikre. Typisk vil banken ha ein innskotsportefølje med flytande rente som overstig eignelutar som lar seg reprise innanfor 1 månad. Innanfor løpetidsintervallet 0–3 månader vil det imidlertid vere ei rimeleg grad av balanse.

Likviditets- og oppgjersrisiko

Likviditetskriser i norske bankar har primært oppstått som eit resultat av store kredittap. Banken har ei målsetting om ei konsolidert kapitaldekning på minimum 16,1 prosent. Bankens styre vil vurdere naudsynte tiltak dersom denne etterlevinga av målsettingane er truga.

Likviditetsrisiko er primært knytt til banken si evne til å refinansiere innlån i verdipapirmarknaden og innlån frå andre finansinstitusjonar. Risikoen vil dels vere knytt til den norske rentemarknaden der det f. eks. kan oppstå ein kortsiktig ubalanse som gjer det umogleg å refinansiere til akseptable vilkår. Banken søker å minimere denne type risiko gjennom å definere rammer for forfallstruktur i kvart løpetidsintervall. I tillegg er det definert minimumskrav til likviditetsreservar for å sikre at banken har tilstrekkelege likviditetsreservar til å kunne handtere eit stressscenario. Banken gjer minimum årleg stresstesting for å vurdere om likviditetsrisikoen ligg innanfor dei styrevedtekne rammene.

Ut over dette har banken kommittert trekkfasilitet.

Banken er også medlem i SpareBank 1-alliansen som også skulle innebere ytterlegare tryggleik.

Valutarisiko

Banken har ikkje valutaposisjonar av betydning, og dermed heller ikkje valutarisiko.

Note 4

Kritiske estimat og vurderingar om bruk av rekneskapsprinsipp

Tap på utlån og garantiar

Banken rescorar utlånsporteføljen månadleg. Kundar med svak risikoklasse, betalingsmisleghald, negativ migrering eller andre objektive kriterium vert vurderte med tanke på behov for individuell nedskriving. Individuell nedskriving vert rekna som skilnaden mellom lånet sin bokførte verdi og noverdien av diskontert kontantstrøm basert på effektiv rente på tidspunktet for første gongs rekning av individuelle nedskrivingar.

Vurdering av behov for nedskriving vert gjort for eksponeringar større enn 2 mill kroner som er misleghaldne, eller der banken har annan objektiv informasjon.

Øvrege nedskrivningar i trinn 1 - 3 baserar seg på tapsestimat beregna med grunnlag på 12 månaders og livslang sannsynlighet for misleghald, tap ved misleghald og eksponering ved misleghald. Datavarehuset inneheld historikk for oververt PD og oberservert LGD og dannar grunnlaget for gode estimater på framtidige verdiar for PD og LGD.

Sjå nærare skildring av bankens tapsmodell i note 2.

Verkeleg verdi aksjar og obligasjonar

Eignelutar som vert vurderte til verkeleg verdi over resultatrekneskapen, vil i hovudsak vere verdipapir som vert omsette i ein aktiv marknad. Dei aksjane som ikkje lar seg verdivurdere med rimelig stor visse, vert vidareført til kostpris. Nedskriving blir vurdert ved verdifall.

Verkeleg verdi derivat

Verkeleg verdi av derivat kjem vanlegvis fram ved bruk av verdivurderingsmodellar der prisen på underliggende storleikar, eksempelvis renter og valuta, vert innhenta i marknaden. For opsjonar vil volatilitetar vere observerte implisitte volatilitetar eller rekna volatiliteter basert på historiske kursendringar for underliggende papir. I dei tilfella bankens risikoposisjon er tilnærma nøytral, vil midtkursar verte nytta. Med nøytral risikoposisjon meiner vi eksempelvis at renterisiko innanfor eit tidsintervall er tilnærma null. I motsett fall bruker vi den relevante kjøps- eller salskurs for å vurdere nettoposisjonen.

For derivat der motpart har svakare kredittrating enn banken, vil prisen reflektere ein underliggjande kredittrisiko. I den utstrekning marknadsprisar vert innhenta med utgangspunkt i transaksjonar med lågare kredittrisiko, vil dette verte teke omsyn til ved at den opphavlege prisdifferansen målt mot slike transaksjonar med lågare kredittrisiko vert amortisert over løpetida.

Pensjonar

Netto pensjonsforpliktingar og årets pensjonskostnad er basert på ei rekke estimat, herunder avkastning på pensjonsmidlane, framtidig rente- og inflasjonsnivå, lønnsutvikling, turnover, utvikling i grunnbeløp og den generelle utviklinga i tal på uføretrygda og levealder. Uvissa er i stor grad knytt til bruttoforpliktinga og ikkje til den nettoforpliktinga som kjem fram i balansen.

Note 5 Segmentinformasjon

Leiinga har vurdert kva for segment som er rapporterbare med utgangspunkt i distribusjonsform, produkt og kundar. Det primære rapporteringsformatet tek utgangspunkt i risikoen i eignelutane og avkastningsprofil og er delt opp i privatmarknad inkludert sjølvstendig næringsdrivande og bedriftsmarknad. Banken sine egne investeringsaktivitetar er ikkje eit separat rapporterbart segment og kjem fram under posten ufordelt saman

med aktivitetar som ikkje let seg allokere til privat- eller bedriftsmarknaden. Banken opererer i eit geografisk avgrensa område og rapportering på geografiske sekundærsegment gir lite tilleggsinformasjon. Viktige eignelutsklassar (utlån og innskot) er fordelt både etter sektor og geografi – sjå eigen note under utlån og innskot.

| KONSERN 2018 (Tal i heile tusen kroner) | Person | Bedrift | Anna | Totalt |
|---|------------------|------------------|------------------|------------------|
| Resultatrekneskap | | | | |
| Netto renteinntekter | 94.140 | 38.890 | 4.531 | 137.562 |
| Netto provisjons- og andre inntekter | 50.576 | 10.501 | 9.955 | 71.032 |
| Driftskostnader | -91.009 | -27.789 | -13.590 | -132.389 |
| Netto avkastning på finansielle investeringar | - | - | 46.331 | 46.331 |
| Resultat før tap | 53.707 | 21.602 | 47.228 | 122.537 |
| Tap på utlån og garantiar | -350 | -7.243 | -2.483 | -10.076 |
| Tap på anleggsmidler | - | - | -350 | -350 |
| Resultat før skatt | 53.357 | 14.359 | 44.394 | 112.111 |
| Balanse | | | | |
| Utlån til kundar | 6.588.043 | 1.525.864 | - | 8.113.907 |
| Individuell nedskrivning utlån | -1.673 | -4.278 | - | -5.951 |
| ECL nedskrivningar (IFRS 9) | -11.911 | -15.998 | - | -27.909 |
| Andre eignelutar | - | - | 1.190.475 | 1.190.475 |
| Sum eignelutar per segment | 6.582.397 | 1.498.613 | 1.189.512 | 9.270.522 |
| Innskot frå og gjeld til kundar | 3.845.781 | 2.031.142 | 577.462 | 6.454.385 |
| Anna gjeld og eigenkapital | - | - | 2.816.138 | 2.816.138 |
| Sum eigenkapital og gjeld per segment | 3.845.781 | 2.031.142 | 3.393.600 | 9.270.522 |

| KONSERN 2017 (Tal i heile tusen kroner) | Person | Bedrift | Anna | Totalt |
|---|------------------|------------------|------------------|-------------------|
| Resultatrekneskap | | | | |
| Netto renteinntekter | 84.890 | 47.052 | 7.189 | 139.131 |
| Netto provisjons og andre inntekter | 64.705 | 13.918 | 779 | 79.402 |
| Driftskostnader | -88.231 | -25.531 | -12.684 | -126.446 |
| Netto avkastning på finansielle investeringar | - | - | 38.329 | 38.329 |
| Tap på utlån og garantiar | -36 | -19.727 | - | -19.763 |
| Tap på anleggsmidler | - | - | -3.205 | -3.205 |
| Resultat før skatt | 61.328 | 15.712 | 30.408 | 107.448 |
| Balanse | | | | |
| Utlån til kundar | 6.011.656 | 1.333.057 | - | 7.344.713 |
| Individuell nedskrivning utlån | -11.911 | -9.181 | - | -21.092 |
| Gruppenedskrivning utlån | -4.820 | -29.226 | - | -34.046 |
| Andre eignelutar | 7.202 | 436.364 | 877.904 | 1.321.470 |
| Sum eignelutar pr segment | 6.002.127 | 1.731.014 | 877.904 | 8.611.045 |
| Innskot frå og gjeld til kundar | 3.683.855 | 1.731.014 | 423.568 | 5.838.437 |
| Anna gjeld og eigenkapital | 2.318.272 | - | 454.336 | 2.772.608 |
| Sum eigenkapital og gjeld pr segment | 6.002.127 | 1.731.014 | 877.904 | 8.611.045 |
| Anna gjeld og eigenkapital | 2.015.918 | - | 714.563 | 2.730.481 |
| Sum eigenkapital og gjeld per segment | 8.018.045 | 1.731.014 | 1.592.467 | 11.341.526 |

Note 6 Netto renteinntekter

| MORBANK | | | KONSERN | |
|----------------|----------------|---|----------------|----------------|
| 2016 | 2018 | (Tal i heile tusen kroner) | 2018 | 2016 |
| | | Renteinntekter | | |
| 1.724 | 2.446 | Renter av utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar | 2.446 | 1.724 |
| 230.921 | 237.016 | Renter av utlån til og fordringar på kundar | 232.986 | 227.089 |
| 4.206 | 3.677 | Renter av sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir | 3.677 | 4.206 |
| 2.318 | -2.311 | Andre renteinntekter og liknande inntekter | -2.311 | 2.318 |
| 239.168 | 240.828 | Sum renteinntekter | 236.798 | 235.336 |
| | | Rentekostnader | | |
| 173 | 170 | Renter på gjeld til kredittinstitusjonar | 170 | 173 |
| 49.580 | 59.089 | Renter på innskott frå og gjeld til kundar | 57.075 | 49.575 |
| 32.776 | 28.211 | Renter på utferda verdipapir | 28.211 | 32.776 |
| 4.158 | 4.266 | Renter på ansvarleg lånekapital | 4.266 | 4.158 |
| 4.719 | 4.542 | Avgift til Bankenes Sikringsfond | 4.542 | 4.719 |
| 4.806 | 4.972 | Andre rentekostnader og liknande kostnader | 4.972 | 4.806 |
| 96.210 | 101.250 | Sum rentekostnader | 99.237 | 96.205 |
| 142.958 | 139.578 | Netto renteinntekter | 137.562 | 139.131 |

Note 7 Netto provisjons- og andre driftsinntekter

| MORBANK | | | KONSERN | |
|---------------|---------------|--|---------------|---------------|
| 2017 | 2018 | (Tal i heile tusen kroner) | 2018 | 2017 |
| | | Provisjonsinntekter | | |
| 3.572 | 4.237 | Garantiprovisjon | 4.237 | 3.572 |
| 3.925 | 4.111 | Verdipapiromsetnad | 4.111 | 3.925 |
| 97 | 97 | Forvaltning | 97 | 97 |
| 3.977 | 3.860 | Formidlingsprovisjon | 3.860 | 3.977 |
| 22.743 | 19.885 | Provisjon frå Boligkreditt | 19.885 | 22.743 |
| 1.325 | 1.649 | Provisjon fra Næringskreditt | 1.649 | 1.325 |
| 18.738 | 19.800 | Betalingsformidling | 19.800 | 18.738 |
| 15.400 | 15.619 | Forsikringstenester | 15.619 | 15.400 |
| 733 | 1.128 | Andre provisjonsinntekter | 1.128 | 733 |
| 70.509 | 70.386 | Sum provisjonsinntekter | 70.386 | 70.509 |
| 1.360 | 2.045 | Provisjonskostnader | 2.045 | 1.360 |
| 2.497 | 2.959 | Betalingsformidling | 2.959 | 2.497 |
| 3.857 | 5.004 | Sum provisjonskostnader | 5.004 | 3.857 |
| 66.652 | 65.382 | Sum netto provisjon | 65.382 | 66.652 |
| 79 | 316 | Driftsinntekter fast eigedom | 316 | 79 |
| 925 | 577 | Andre driftsinntekter | 5.334 | 12.671 |
| 1.004 | 893 | Sum andre driftsinntekter | 5.650 | 12.750 |
| 67.656 | 66.275 | Netto provisjon- og andre inntekter | 71.032 | 79.402 |

Note 8 Inntekter frå finansiell verksemd

| MORBANK | | | KONSERN | |
|---------------|---------------|--|---------------|---------------|
| 2017 | 2018 | (Tal i heile tusen kroner) | 2018 | 2017 |
| | | Netto inntekter frå finansielle eignelutar til verkeleg verdi | | |
| 503 | -1.249 | Verdiendring på renteinstrument | -1.249 | 503 |
| - | - | - Obligasjonar og sertifikat - halde for trading | - | - |
| 503 | -1.249 | - Obligasjonar og sertifikat - til verkeleg verdi | -1.249 | 503 |
| 3.923 | 9.237 | Verdiendring på eigenkapitalinstrument | 9.237 | 3.923 |
| - | - | - Utbytte frå eigenkapitalinstrument | - | - |
| - | - | - Eigenkapitalinstrument - halde for trading | - | - |
| 3.923 | 9.237 | - Eigenkapitalinstrument - til verkeleg verdi | 9.237 | 3.923 |
| -5.707 | 2.363 | Verdiendring på andre derivat | 2.413 | -5.707 |
| - | - | Netto verdiendring på sikra obligasjonar og derivat | - | - |
| -5.707 | 2.363 | Netto verdiendring på sikra fastrenteutlån og derivat | 2.363 | -5.707 |
| -1.280 | 10.351 | Sum netto inntekter frå finansielle eignelutar til verkeleg verdi | 10.401 | -1.280 |
| | | Netto inntekter frå finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal | | |
| 49.824 | 32.548 | Utbytte frå eigenkapitalinstrument | 10.640 | 8.879 |
| - | - | Inntekter av andre eigarinteresser | 25.291 | 30.730 |
| - | - | Nedskrivning/oppskriving av tilgjengeleg for sal instrument | - | - |
| 49.824 | 32.548 | Sum netto inntekter frå verdipapir tilgjengeleg for sal | 35.931 | 39.609 |
| | | Valutahandel | | |
| - | - | - Netto omrekningsgevinst | - | - |
| - | - | - Netto transaksjonsgevinst | - | - |
| - | - | Sum netto inntekter frå valutahandel | - | - |
| 48.544 | 42.898 | Sum netto inntekter frå andre finansielle investeringar | 46.331 | 38.329 |

Note 9 Personalkostnader og ytingar til leiande tilsette og tillitsvalde

| MORBANK | | | KONSERN | |
|---------------|---------------|--|---------------|---------------|
| 2017 | 2018 | (Tal i heile tusen kroner) | 2018 | 2017 |
| | | Personalkostnader | | |
| 48.531 | 47.963 | Lønn | 48.132 | 52.541 |
| -508 | 6.330 | Pensjonskostnader | 6.330 | -508 |
| 13.517 | 13.064 | Sosiale kostnader | 13.064 | 14.757 |
| 61.540 | 67.357 | Sum personalkostnader | 67.527 | 66.790 |
| | | Gjennomsnittleg tal på tilsette | | |
| 69 | 63 | Tal på årsverk per 31.12. | 63 | 69 |
| 71 | 63 | Tal på tilsette per 31.12. | 63 | 71 |
| | | Honorar tillitsvalde | | |
| 617 | 791 | Godtgjering til styret | 791 | 617 |
| 161 | 168 | - herav godtgjering til styreleiar | 168 | 161 |
| - | - | Godtgjering til kontrollkomite | - | - |
| 76 | 78 | Godtgjering til forstandarskap | 78 | 76 |
| 27 | 28 | - herav godtgjering til leiar i Generalforsamlinga | 28 | 27 |

Alle lån til tilsette og tillitsvalde er bokførte i morbanken. Det er stilt særskilte krav til trygd for slike lån. Det er ikkje gjort vesentlege transaksjonar mellom banken, styret og leiande tilsette.

| Styret og leiande tilsette | 2018 | 2017 |
|----------------------------------|--------------|--------------|
| Lån | | |
| Lån utestående per 1.1. | 6.343 | 8.628 |
| Lån innvilga i løpet av perioden | 6.383 | 1.368 |
| Tilbakebetaling / avgang | 5.053 | 3.653 |
| Utestående lån per 31.12. | 7.673 | 6.343 |

| Utlån til tilsette | 2018 | 2017 |
|----------------------|---------|---------|
| Lån | 144.861 | 145.343 |
| Rentefordel tilsette | 1.008 | 1.009 |

Styreleiar

Styreleiar har verken bonusavtale eller avtale om etterløn.

| Godtgjering til leiging | 2018 | 2017 |
|-------------------------------|----------------|----------------|
| Godtgjering til adm. direktør | Stig Brautaset | Stig Brautaset |
| Lønn | 1.617 | 1.540 |
| Andre kortsiktige ytingar | 184 | 178 |
| Etterløn | - | - |
| Pensjon | 200 | 200 |
| Andre langsiktige ytingar | - | - |
| Sum | 2.001 | 1.918 |

Banken har inngått avtaler om sluttavtalar for 15 personar, og det er avsett 10 mill. kroner til etterløn. Administrerande direktør har verken bonusordning eller liknande.

Eigenkapitalbevis eigd av styret eller leiargruppa

| Namn | Tittel | Behaldning |
|-----------------------|------------------------------------|------------|
| Stig Olav Brautaset | Adm.dir | 1000 |
| Vidar Egset | Banksjef HR | 1000 |
| Sigrun Heltne Vartdal | Bansjef BM | 1000 |
| Thomas Lundberg | Banksjef Kreditt og Juridisk | 500 |
| May Iren Odde | Ansvarleg Risk/Compliance | 500 |
| Andre Skotheim | Banksjef Personmarknad | 500 |
| Rolf Driveklepp | Banksjef Forr.støtte og -utvikling | 100 |
| Kjell A. Storeide | Styrelseiar | 7718 |
| Arild Hatløy | Styremedlem | 4011 |
| Mona Ryste | styremedlem | 200 |
| Møyfrid Lillenes | styremedlem | 100 |
| Runar Gretland | styremedlem | 100 |

Talet på eigenkapitalbevis vedkomande eig i SpareBank 1 Søre Sunnmøre. Det er også tatt med eigenkapitalbevis tilhøyrande den næraste familie og kjente selskap der vedkomande har avgjerande innflyting.

Note 10 Pensjonar

Generell beskrivelse av selskapets pensjonsforpliktingar

SpareBank 1 Søre Sunnmøre har kollektiv pensjonsordning for alle tilsette, som tilfredsstillar kravet til obligatorisk tenestepensjon. 25 pensjonistar har ytelsesbasert ordning, mens alle andre tilsette er over på innskotsbasert ordning per 31.12.2017. Banken har også pensjonsforpliktingar ut over den kollektive pensjonsordninga. Pensjonskostnader og pensjonsforpliktingar er rekna etter internasjonal standard for rekneskapsføring av tilsetteytningar, IAS 19. Netto pensjonskostnad vert i sin heilskap ført under lønnskostnader i resultatrekneskapsføring og omfattar pensjonsforpliktinga i perioden og rentekostnad på pensjonsforpliktinga fråtrekt estimert avkastning.

Ved verdsetting av pensjonsmidlane (som inkluderer ordinært pensjonspremierfond, premiereserve, del av tilleggsavsetjingar og pensjonsreguleringsfond) nyttar ein estimert verdi ved rekneskapsavslutninga. Denne estimerte verdien vert korrigerert kvart år i samsvar med oppgåve frå livsforsikringselskapet over flyttingverdien til

pensjonsmidlane. Ved måling av noverdien av påkomne pensjonsforpliktingar nyttar ein estimerte forpliktingar ved rekneskapsavslutninga. Denne estimerte forpliktinga vert korrigerert kvart år i samsvar med ei uavhengig aktuarberekning over samla pensjonsforpliktingar. Endring i pensjonsforpliktinga som skuldast endra økonomiske eller aktuarmessige føresetnader, vert fordelt over den gjennomsnittlege resterande oppteningstid. Pensjonsforpliktingane til selskapet er større enn pensjonsmidlane. Denne underfinansieringa er vist i balansen som ei avsetjing for påkomne kostnader og forpliktingar.

Pr 31.12.2017 er løpende pensjonsytelser i ytelsespensjonene for pensjonistene gjort om til fripoliser.

AFP-ordninga er ei fleirføretakspensjonsordning som skal finansierast gjennom premie fastsett som ein prosent av lønn. Rekneskapsmessig blir ordninga handsama som ei innskotsbasert pensjonsordning der premien blir kostnadsført løpande.

| Økonomiske føresetnader | 2018 | 2017 |
|---|---------|---------|
| Diskonteringsrente | 2,60 % | 2,30 % |
| Forventa avkastning på midlane | 2,60 % | 2,30 % |
| Forventa framtidig lønsutvikling | 2,75 % | 2,50 % |
| Forventa G-regulering | 2,50 % | 2,25 % |
| Forventa pensjonsregulering | 0,80 % | 1,20 % |
| Arbeidsgjevaravgift | 19,10 % | 19,20 % |
| Forventa frivillig avgang (etter 50 år) | 0,00 % | 0,00 % |
| Forventa AFP-uttak frå 62 år | 0,00 % | 0,00 % |
| Dødelgheitstabell | K2013BE | K2013BE |
| Uføretariff | KU | KU |

| MORBANK | | KONSERN | |
|---|--------------|--------------|---------------|
| 2017 | 2018 | 2018 | 2017 |
| (Tal i heile tusen kroner) | | | |
| Netto pensjonsforplikting i balansen | | | |
| 14.495 | - | - | 14.495 |
| -16.594 | - | - | -16.594 |
| -2.099 | - | - | -2.099 |
| Netto pensjonsforplikting i fondsbaserte ordningar | | | |
| 6.441 | 6.057 | 6.057 | 6.441 |
| - | - | 500 | 500 |
| 106 | - | - | 106 |
| - | - | - | - |
| 4.448 | 6.057 | 6.557 | 4.948 |
| Pensjonskostnad i perioden | | | |
| (3.611) | 1.410 | 1.410 | -3.611 |
| 590 | 142 | 142 | 590 |
| -294 | -1 | -1 | -294 |
| -1.130 | 250 | 250 | -1.130 |
| | 523 | 523 | - |
| -4.445 | 2.324 | 2.324 | -4.445 |
| 3.938 | 4.006 | 4.006 | 3.938 |
| -508 | 6.330 | 6.330 | -508 |
| Av dette usikra pensjonskostnad | | | |
| - | - | - | - |
| Rørsle i netto pensjonsforplikting i balansen | | | |
| 10.283 | 4.448 | 4.448 | 10.283 |
| -3.448 | 1.410 | 1.410 | -3.448 |
| -1.130 | 183 | 183 | -1.130 |
| -537 | 555 | 555 | -537 |
| -220 | -539 | -539 | -220 |
| -500 | - | - | -500 |
| 4.448 | 6.057 | 6.057 | 4.448 |
| Medlemer | | | |
| 68 | 68 | 68 | 68 |
| 25 | 25 | 25 | 25 |
| - | - | - | - |
| 25 | 25 | 25 | 25 |

Note 11 Administrasjons- og andre driftskostnader

| MORBANK | | | KONSERN | |
|---------------|---------------|--|---------------|---------------|
| 2017 | 2018 | (Tal i heile tusen kroner) | 2018 | 2017 |
| 23.036 | 28.000 | IT-kostnader | 28.000 | 23.036 |
| 4.992 | 6.060 | Marknadsføring | 6.060 | 4.992 |
| 5.293 | 5.384 | Andre administrasjonskostnader | 5.384 | 5.293 |
| 2.382 | 2.367 | Leigebetalinger | 1.421 | 889 |
| 5.687 | 5.102 | Av- og nedskrivningar (note 28) | 7.118 | 8.836 |
| 2.223 | 3.121 | Driftskostnader faste eiendomar | 6.073 | 5.258 |
| - | - | Gevinst ved sal /Nedskrivning på varige driftsmidler | - | -4.300 |
| 1.551 | 1.130 | Formuesskatt | 1.130 | 1.551 |
| 2.601 | 3.289 | Eksterne honorar | 3.289 | 2.601 |
| 8.640 | 6.387 | Andre driftskostnader | 6.387 | 11.500 |
| 56.406 | 60.840 | Sum administrasjons- og andre driftskostnader | 64.862 | 59.657 |
| | | Godtgjering til revisor | | |
| 400 | 500 | Lovpålagt revisjon | 556 | 450 |
| 595 | 804 | Andre tenester | 804 | 660 |
| 995 | 1.304 | Sum inklusiv meirverdiavgift | 1.360 | 1.110 |

Note 12 Skatt

| MORBANK | | | KONSERN | |
|---------------|----------------|--|----------------|----------------|
| 2017 | 2018 | (Tall i hele tusen) | 2018 | 2017 |
| 101.244 | 103.254 | Ordinært resultat før skattekostnad | 112.111 | 107.448 |
| - | - | Ikke resultatført estimatavvik | - | - |
| -45.247 | -33.551 | Permanente skilnader | -42.408 | -51.764 |
| 19.252 | 6.010 | Endring i mellombelse skilnader | 4.376 | 19.565 |
| 75.249 | 75.713 | Skattegrunnlag/skattepliktig inntekt for året før konsernbidrag | 74.079 | 75.249 |
| - | - | Ytt konsernbidrag | - | - |
| 75.249 | 75.713 | Grunnlag betalbar skatt etter konsernbidrag | 74.079 | 75.249 |
| 18.812 | 18.928 | Herav betalbar skatt 25% | 18.928 | 18.812 |
| 1.551 | 1.129 | Formuesskatt | 1.129 | 1.551 |
| 20.363 | 20.057 | Betalbar skatt i balansen | 20.057 | 20.363 |
| - | - | Skatt på avgitt konsernbidrag | - | - |
| -4.813 | -1.502 | Endring i utsett skatt | -1.502 | -4.813 |
| -283 | -184 | Skatt på ikke resultatførte estimatavvik | -184 | -283 |
| - | 675 | For (mykje)/lite avsett skatt tidlegare år | 675 | - |
| 20 | - | Avrekning betalbar skatt frå tidlegare år | - | 20 |
| 15.288 | 19.046 | Skattekostnad for året inkl. formuesskatt | 19.046 | 15.288 |
| -1.551 | -1.129 | Formuesskatt | -1.129 | -1.551 |
| - | - | Av dette overført til ekstraordinært resultat | - | - |
| - | - | Skattekostnad ordinært resultat | - | - |
| - | - | Utrekna ref. skatt etter delingsreglane | - | - |
| 13.737 | 17.917 | Skattekostnad for året eks. formuesskatt | 17.917 | 13.737 |
| | | Samansetning av balanseført og resultatført utsett skatt/skattefordel | | |
| | | <i>Mellombelse skilnader på:</i> | | |
| 3.770 | 2.336 | Driftsmidler | 2.336 | 13.930 |
| - | - | Utestående fordringar | - | 6 |
| 2.984 | 2.387 | Gevinst/tapskonto | 2.387 | 5.763 |
| - | - | Verdjusterte fastrenteutlån | - | - |
| -4.448 | -6.057 | Pensjonsforplikting | -6.057 | -4.448 |
| - | - | Annan gjeld | - | - |
| -7.289 | -9.660 | Verdipapir | -9.660 | -7.289 |
| - | - | Skattemessig verdi av framførbart underskot | - | -20.579 |
| - | - | Andre mellombelse skilnader - Beslutta konsernbidrag | - | - |
| -4.983 | -10.994 | Sum mellombelse skilnader | -10.994 | -12.618 |
| - | - | Skilnader som ikke inngår i utrekning | - | 7.635 |
| -4.983 | -10.994 | Grunnlag for berekning av uteatt skatt/utsett skattefordel | -10.994 | -4.983 |
| -1.246 | -2.749 | Utsett skatt/utsett skattefordel 25% | -2.749 | -1.246 |
| | | Avstemming av resultatført periodeskatt med resultat før skatt | | |
| 25.311 | 25.814 | 25% av resultat før skatt | 28.028 | 26.862 |
| -11.312 | -8.388 | Permanente skilnader | -10.602 | -12.863 |
| - | - | Skatt på konsernbidrag - mellombelse skilnader | - | - |
| - | - | Estimatavvik | - | - |
| -283 | -184 | Skatt estimatavvik | -184 | -283 |
| 20 | 675 | For (mykje)/lite avsett tidligare år | 675 | 20 |
| 13.737 | 17.917 | Skattekostnad på ordinært resultat | 17.917 | 13.737 |
| 14 % | 17 % | Effektiv skattesats | 16 % | 13 % |

| 2017 | 2018 | Samansetning av balanseført og resultatført utsett skatt/skattefordel | 2018 | 2017 |
|---------------|----------------|---|----------------|----------------|
| | | Mellombelse skilander på: | | |
| 3 770 | 2 336 | Driftsmidler | 2 336 | 13 930 |
| 0 | 0 | Utestående fordringar | 0 | 6 |
| 2 984 | 2 387 | Gevinst/tapskonto | 2 387 | 5 763 |
| 0 | 0 | Verdijusterte fastrenteutlån | 0 | 0 |
| -4 448 | -6 057 | Pensjonsforplikting | -6 057 | -4 448 |
| 0 | 0 | Annan gjeld | | |
| -7 289 | -9 660 | Verdipapir | -9 660 | -7 289 |
| 0 | 0 | Skattemessig verdi av framførbart underskot | | -20 579 |
| 0 | 0 | Andre mellombelse skilnader - Beslutta konsernbidrag | 0 | 0 |
| -4 983 | -10 994 | Sum mellombelse skilnader | -10 994 | -12 618 |
| | | Skilnader som ikke inngår i utrekning | | 7 635 |
| -4 983 | -10 994 | Grunnlag for berekning av uteatt skatt/utsett skattefordel | -10 994 | -4 983 |
| -1 246 | -2 749 | Utsett skatt/utsett skattefordel 25% | -2 749 | -1 246 |
| 2017 | 2018 | Avstemning av resultatført periodeskatt med resultat før skatt | 2018 | 2017 |
| 25 311 | 25 814 | 25% av resultat før skatt | 28 028 | 26 862 |
| -11 312 | -8 388 | Permanente skilnader | -10 602 | -12 863 |
| | | Skatt på konsernbidrag - mellombelse skilnader | - | - |
| | | Estimatavvik | - | - |
| -283 | -184 | Skatt estimatavvik | -184 | -283 |
| 20 | 675 | For (mykje/lite) avsett tidligere år | 675 | 20 |
| 13 737 | 17 917 | Skattekostnad på ordinært resultat | 17 917 | 13 737 |
| 14 % | 17 % | Effektiv skattesats | 16 % | 13 % |

Note 13

Kredittinstitusjonar - krav og gjeld

| MORBANK | | | KONSERN | |
|------------------|------------------|---|------------------|------------------|
| 2017 | 2018 | (Tal i heile tusen kroner) | 2018 | 2017 |
| | | Utlån til kredittinstitusjonar | | |
| 377.999 | 219.453 | Utlån til og fordringar utan avtalt løpetid eller oppseiingstid | 219.453 | 377.999 |
| 377.999 | 219.453 | Sum | 219.453 | 377.999 |
| 0,51 % | 0,82 % | Gjennomsnittrente utlån til kredittinstitusjonar | 0,82 % | 0,51 % |
| | | Gjeld til kredittinstitusjonar | | |
| 2.762 | 2.636 | Lån og innskot frå kredittinst. utan avt. løpetid eller oppseiingstid | 2.636 | 2.762 |
| 2.762 | 2.636 | Sum | 2.636 | 2.762 |
| 1,00 % | 4,80 % | Gjennomsnittrente utlån frå kredittinstitusjonar | 4,80 % | 1,00 % |
| | | Gjeld stifta ved uferding av verdipapir | | |
| 1.466.557 | 1.371.606 | Obligasjonsgjeld | 1.371.606 | 1.466.557 |
| 1.466.557 | 1.371.606 | Sum | 1.371.606 | 1.466.557 |
| 2,16 % | 1,99 % | Snittrente verdipapirgjeld | 1,99 % | 2,16 % |

Innskot og utlån frå/til kredittinstitusjonar har i hovudsak flytande rente.

Krav og gjeld mot kredittinstitusjonar er klassifiserte som utlån og fordringar ihht IAS 39 og er vurdert til amortisert kost.

Gjennomsnittleg rente er rekna ut på grunnlag av faktisk renteinntekt/-kostnad i året i prosent av gjennomsnittleg fordring og gjeld til kredittinstitusjonar.

Alle utlån og fordringar er i NOK.

Note 14

Utlån til og krav på kundar

| MORBANK | | | KONSERN | |
|---------------------------------------|------------------|--|------------------|------------------|
| 2017 | 2018 | (Tal i heile tusen kroner) | 2018 | 2017 |
| Utlån fordelt på fordringstype | | | | |
| 735.440 | 754.436 | Kasse-/drifts- og brukskredittar | 754.436 | 735.440 |
| 169.096 | 174.571 | Byggjelån | 174.571 | 169.096 |
| 6.503.208 | 7.247.931 | Nedbetalingslån | 7.184.901 | 6.440.177 |
| 7.407.744 | 8.176.938 | Brutto utlån og fordringar på kundar | 8.113.907 | 7.344.713 |
| -21.092 | -5.951 | Individuelle nedskrivningar | -5.951 | -21.092 |
| -34.096 | -27.909 | ECL nedskrivninger | -27.909 | -34.096 |
| 7.352.556 | 8.143.078 | Netto utlån og fordringar på kundar | 8.080.047 | 7.289.525 |
| Utlån fordelt på marknader | | | | |
| 6.025.160 | 6.596.515 | Lønnstakarar | 6.596.515 | 6.025.160 |
| 1.382.584 | 1.580.423 | Næringsfordelt | 1.517.392 | 1.319.553 |
| 7.407.744 | 8.176.938 | Brutto utlån og fordringar | 8.113.907 | 7.344.713 |
| -55.188 | -33.860 | Nedskrivningar | -33.860 | -55.188 |
| 7.352.556 | 8.143.078 | Netto utlån og fordringar | 8.080.047 | 7.289.525 |
| Av dette ansvarleg lånekapital | | | | |
| - | - | Ansvarleg kapital i andre finansinstitusjonar | - | - |
| - | - | Anna ansvarleg kapital | - | - |
| - | - | Ansvarleg lånekapital bokført under utlån | - | - |

| MORBANK | | | KONSERN | |
|------------------|------------------|--|------------------|------------------|
| 2017 | 2018 | Totale engasjement fortelt på risikogruppe | 2018 | 2017 |
| 3.535.505 | 3.760.846 | Svært låg risiko | 3.760.846 | 3.535.505 |
| 2.750.011 | 3.014.317 | Låg risiko | 2.951.287 | 2.686.980 |
| 1.548.604 | 1.641.411 | Middels risiko | 1.641.411 | 1.548.604 |
| 128.461 | 271.934 | Høg risiko | 271.934 | 128.461 |
| 134.663 | 207.278 | Svært høg risiko | 207.278 | 134.663 |
| 67.882 | 64.826 | Misleghald og nedskrive | 64.826 | 67.882 |
| 8.165.127 | 8.960.612 | Totalt | 8.897.581 | 8.102.096 |

| MORBANK | | | KONSERN | |
|------------------|------------------|--------------------------------------|------------------|------------------|
| 2017 | 2018 | Brutto utlån fordelt på risikogruppe | 2018 | 2017 |
| 3.152.652 | 3.295.842 | Svært låg risiko | 3.295.841 | 3.152.651 |
| 2.471.954 | 2.789.544 | Låg risiko | 2.726.514 | 2.408.925 |
| 1.468.281 | 1.557.178 | Middels risiko | 1.557.178 | 1.468.281 |
| 123.236 | 270.131 | Høg risiko | 270.131 | 123.236 |
| 124.985 | 199.602 | Svært høg risiko | 199.602 | 124.985 |
| 66.636 | 64.641 | Misleghald og nedskrive | 64.641 | 66.636 |
| 7.407.744 | 8.176.938 | Totalt | 8.113.907 | 7.344.713 |

| MORBANK | | | KONSERN | |
|---------------|--------------|---|--------------|---------------|
| 2017 | 2018 | Individuelle nedskrivningar fordelt på risikogruppe | 2018 | 2017 |
| - | - | Svært låg risiko | - | - |
| - | - | Låg risiko | - | - |
| - | - | Middels risiko | - | - |
| - | - | Høg risiko | - | - |
| - | - | Svært høg risiko | - | - |
| 21.092 | 5.951 | Misleghald | 5.951 | 21.092 |
| 21.092 | 5.951 | Totalt | 5.951 | 21.092 |

| MORBANK | | | KONSERN | |
|-------------------|-------------------|--|-------------------|-------------------|
| 2017 | 2018 | Totale engasjement fordelt på sektor og næring | 2018 | 2017 |
| 6.370.688 | 6.939.913 | Lønnstakarar o.l | 6.939.913 | 6.370.688 |
| 50.000 | 50.100 | Offentleg forvaltning | 50.100 | 50.000 |
| 127.039 | 129.984 | Jordbruk/skogbruk | 129.984 | 127.039 |
| 12.392 | 16.575 | Fiske/fangst | 16.575 | 12.392 |
| - | - | Havbruk | - | - |
| 73.102 | 65.276 | Shipping (brønnbåtar) | 65.276 | 73.102 |
| 383.305 | 374.546 | Offshore og oljerelatert verksemd | 374.546 | 383.305 |
| 25.175 | 28.880 | Industri og bergverk | 28.880 | 25.175 |
| 341.120 | 483.444 | Bygg og anlegg, kraft og vassforsyning | 483.444 | 341.120 |
| 211.998 | 221.367 | Hotell og handel | 221.367 | 211.998 |
| 9.945 | 12.767 | Transport og anna tenesteytande verksemd | 12.767 | 9.945 |
| 77.657 | 113.671 | Finansieringsverksemd | 113.671 | 77.657 |
| 343.954 | 378.688 | Eigedomsdrift | 315.657 | 280.923 |
| 46.143 | 59.239 | Forretningsmessig tenesteyting | 59.239 | 46.143 |
| 92.607 | 86.164 | Næringsar elles | 86.164 | 92.607 |
| 8.165.127 | 8.960.612 | Totalt | 8.897.581 | 8.102.096 |
| 2.421.455 | 2.426.537 | Lån overført SpareBank 1 Boligkreditt | 2.426.537 | 2.421.455 |
| 131.739 | 146.451 | Lån overført SpareBank 1 Næringskreditt | 146.451 | 131.739 |
| 10.718.320 | 11.533.599 | Samla engasjement | 11.470.569 | 10.655.290 |

| MORBANK | | | KONSERN | |
|------------------|-------------------|--|-------------------|------------------|
| 2017 | 2018 | Brutto utlån fordelt på sektor og næring | 2018 | 2017 |
| 6.025.160 | 6.596.515 | Lønnstakarar o.l | 6.596.515 | 6.025.160 |
| - | - | Offentleg forvaltning | - | - |
| 115.307 | 120.218 | Jordbruk/skogbruk | 120.218 | 115.307 |
| 4.372 | 6.550 | Fiske/fangst | 6.550 | 4.372 |
| - | - | Havbruk | - | - |
| 73.027 | 64.982 | Shipping (brønnbåtar) | 64.982 | 73.027 |
| 248.023 | 243.724 | Offshore og oljerelatert verksemd | 243.724 | 248.023 |
| 22.253 | 22.079 | Industri og bergverk | 22.079 | 22.253 |
| 304.486 | 368.457 | Bygg og anlegg, kraft og vassforsyning | 368.457 | 304.486 |
| 147.767 | 163.022 | Hotell og handel | 163.022 | 147.767 |
| 5.960 | 6.562 | Transport og anna tenesteytande verksemd | 6.562 | 5.960 |
| 77.657 | 113.665 | Finansieringsverksemd | 113.665 | 77.657 |
| 290.093 | 332.201 | Eigedomsdrift | 269.170 | 227.062 |
| 30.157 | 53.139 | Forretningsmessig tenesteyting | 53.139 | 30.157 |
| 63.482 | 85.825 | Tenesteytande næringar elles | 85.825 | 63.482 |
| 7.407.744 | 8.176.938 | Totalt | 8.113.907 | 7.344.713 |
| 2.294.632 | 2.289.181 | Lån overført SpareBank 1 Boligkreditt | 2.289.181 | 2.294.632 |
| 131.739 | 146.451 | Lån overført SpareBank 1 Næringskreditt | 146.451 | 131.739 |
| 9.834.115 | 10.612.570 | Samla utlån | 10.549.539 | 9.771.085 |

| MORBANK | | | KONSERN | |
|------------------|------------------|--|------------------|------------------|
| 2017 | 2018 | Brutto utlån fordelt på geografiske område | 2018 | 2017 |
| 5.770.740 | 6.204.338 | Søre Sunnmøre | 6.141.307 | 5.707.710 |
| 409.627 | 427.198 | Andre kommunar i Møre og Romsdal | 427.198 | 409.627 |
| 1.227.376 | 1.545.402 | Kommunar utanfor Møre og Romsdal | 1.545.402 | 1.227.376 |
| 7.407.744 | 8.176.938 | Totalt | 8.113.907 | 7.344.713 |

Note 15 Frårekning av finansielle eignelutar

Som ein del an den ordinære drifta gjer banken transaksjonar som resulterer i sal av finansielle eignelutar. Banken overfører slike finansielle eignelutar i hovudsak gjennom sal av bustadlån til SpareBank 1 Boligkreditt og SpareBank 1 Næringskreditt.

SpareBank 1 Boligkreditt

Banken kan tilby kredittføretaket å kjøpe bustadlån som tilfredsstillar krava til føretakets kredittpolicy. SpareBank 1 Boligkreditt utferdar obligasjonar til investorar med tryggleik i dei kjøpte bustadlåna. Det har i løpet av 2018 vore ein nedgong i sal bustadlån tilsvarande ein nettoverdi på 5 millionar kroner. Sum overførte lån utgjør 2.289,2 millionar kroner per 31.12.18. Låna blir selde til balanseført verdi.

Avrekning mot provisjonsinntekter

Banken mottek provisjon for dei selde bustadlåna for dei plikter som fylgjer med avtalen om forvaltning av utlåna. Vederlaget tilsvarer renteinntekta på låna redusert med gjennomsnittleg finansieringskostnad i SpareBank 1 Boligkreditt, samt eventuelle tap avgrensa oppover til eit års provisjon.

Renta vert fastsett av bustadkredittføretaket. Kreditføretaket reknar på og bokfører ECL nedskrivningar på dei kjøpte låna. Desse nedskrivningane kjem ikkje til frådrag i vederlaget. Dersom det oppstår kreditttap eller marginsvikt knytt til dei selde låna, kan SpareBank 1 Boligkreditt redusere banken sin provisjon, då avgrensa til samla provisjon i kalenderåret. Provisjon for 2018 utgjorde om lag 19,9 millionar kroner mot 22,7 millionar kroner i 2017. Det har ikkje vore innrekna tap i porteføljen sidan overføringane starta.

Dei overførte låna må ha en LTV på under 70 prosent på salstidspunktet. Gjennomsnittlig LTV for dei selde låna fra SpareBank 1 Søre Sunnmøre er omlag 53,1 prosent. Banken har verken overført eller halde attende alle fordelane eller risikoane knytte til dei selde låna. Vesentlege rettar og plikter som vert skapt eller oppretthaldne ved salet, vert innrekna separat som eigardel eller forplikting. Det er ikkje balanseført nokon eigardel eller forplikting knytt til dette for rekneskapsåret 2018.

Likviditetsfasilitet

SpareBank 1 Søre Sunnmøre har, saman med dei andre eigarane av SpareBank 1 Boligkreditt, inngått avtale om etablering av likviditetsfasilitet for SpareBank 1 Boligkreditt. Dette inneber at bankane forpliktar seg til å kjøpe obligasjonar med fortrinnsrett (OMF) utferda av føretaket avgrensa til ein samla verdi av dei neste tolv måneders forfall i SpareBank 1 Boligkreditt. Forpliktinga er avgrensa til føretaket si plikt til å innfri utferda

OMF etter at føretaket si eiga mengd av likviditet på forfallstidspunktet er trekt frå. Kvar eigar hefter prinsippalt for sin del av trongen for kapital, subsidiært for det dobbelte av det som er det primære ansvaret etter same avtale. Obligasjonane kan deponerast i Noregs Bank og medfører såleis ingen vesentleg auke i risiko for banken. Etter likviditetsstrategien til SpareBank 1 Boligkreditt held dei likviditet etter krava definert i Net Stable Funding Regime. Denne likviditetsreserven vert teken omsyn til ved vurderinga av bankene sitt ansvar. Det er derfor berre i dei tilfelle der føretaket ikkje lenger har tilstrekkeleg likviditet for forfall dei neste tolv månader at banken vil rapportere noko engasjement knytt til dette.

Soliditet

Saman med dei andre eigarane av SpareBank 1 Boligkreditt har SpareBank 1 Søre Sunnmøre og inngått avtale om å sikre at SpareBank 1 Boligkreditt alltid har ei kjernekapitaldekning på minst 12,8 prosent inkludert Pilar 2-krav på 0,8 %. Aksjonærane skal tilføre tilstrekkeleg kjernekapital innan 3 månader etter å ha motteke skriftleg melding om dette, med mindre det vert gjort andre grep for å redusere trongen for kapital. Aksjonærane si plikt til å tilføre slik kjernekapital er proratarisk og ikkje solidarisk, og skal være etter kvar aksjonær sin pro rata del av aksjane i SpareBank 1 Boligkreditt. Kvar eigar hefter prinsippalt for sin del av trongen, subsidiært for det doble av det som er det primære ansvaret etter same avtale. Føretaket har tilfredsstillande kapitaldekning. Sett saman med den svært låge risikoprofilen i føretaket har banken vurdert det som usannsynleg at det vert kalla inn kapital etter denne avtalen og har valt å ikkje halde nokon reserve for dette.

SpareBank 1 Næringskreditt

Banken kan tilby kredittføretaket å kjøpe næringslån med pant i næringseigedom som tilfredsstillar krava til føretakets kredittpolicy. SpareBank 1 Næringskreditt utferdar obligasjonar til investorar med tryggleik i dei kjøpte næringsseigedomlåna. Dei overførte låna må ha ein LTV på under 60 prosent på salstidspunktet.

Banken har i 2018 netto selt næringslån til ein nettoverdi av 14,7. Sum overført lån utgjør 146,4 mill. kroner per 31.12.2018. Provisjon for 2018 utgjorde 1,6 mill kroner mot 1,3 millioner kroner i 2017.

Likviditetsfasilitet

Som skrive under SpareBank 1 Boligkreditt, er det inngått tilsvarande avtale med SpareBank 1 Næringskreditt.

Soliditet

Som skrive under SpareBank 1 Boligkreditt, er det inngått tilsvarande avtale med SpareBank 1 Næringskreditt.

Note 16 Aldersfordeling på forfalne, men ikkje nedskrivne lån

Tabellen viser forfalne beløp på utlån og overtrekk på kreditt/innskott fordelt på tal på dagar etter forfall som ikkje skuldast forseinkingar i betalingsformidlinga. Heile engasjementet er inkludert når deler av engasjementet er forfalne.

| MORBANK | | | | | | |
|---|-------------------|-------------|--------------|------------------|---------------|----------------|
| 2018 (Tal i heile tusen kroner) | Under 30 dagar | 31–60 dagar | 61–90 dagar | Over 91 dagar | > 12 mnd | Totalt |
| Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar | - | - | - | - | - | - |
| Utlån til og fordringar på kundar | - | - | - | - | - | - |
| Privatmarknad | 68.080 | - | - | 27.837 | 23.410 | 119.326 |
| Bedriftsmarknad | 29.760 | - | 1.203 | 2.356 | - | 33.319 |
| Sum | 97.839 | - | 1.203 | 30.193 | 23.411 | 152.646 |

Tabellen viser forfalne beløp på utlån og overtrekk på kreditt/innskott fordelt på antall dagar etter forfall som ikkje skuldast forseinkingar i betalingsformidlinga. Heile engasjementet er inkludert når deler av engasjementet er forfalt.

| MORBANK | | | | | | |
|---|-------------------|--------------|--------------|------------------|---------------|----------------|
| 2017 (Tal i heile tusen kroner) | Under 30 dagar | 31–60 dagar | 61–90 dagar | Over 91 dagar | > 12 mnd | Totalt |
| Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar | - | - | - | - | - | - |
| Utlån til og fordringar på kundar | - | - | - | - | - | - |
| Privatmarknad | 132.905 | 8.709 | 9.380 | 13.089 | 28.189 | 192.272 |
| Bedriftsmarknad | 36.888 | 205 | - | 3.590 | 14.448 | 55.131 |
| Sum | 169.793 | 8.914 | 9.380 | 16.679 | 42.637 | 247.403 |

Tabell over hentes fra: 2017 12 RFS non performing loans

Note 17 Tap på utlån, garantiar m.m.

IFRS 9 er implementert fra 01.01.18. Siden sammenligningstall ikke er omarbeidet, følger sammenligningstallene under etter prinsippene i IAS 39. For detaljert beskrivelse av tapsmodellen se prinsippnotene i 1. kvartalsrapport for 2018. Tall i hele tusen kroner.

Tabellene under avstemmer inngående og utgående balanse per trinn. Avstemningsposter inkluderer:

- bevegelser mellom trinn, IB for lån som er flyttet til trinnene.
- nye ustedte lån, som reflekterer tapsavsetningen for nye innregnede lån, inkludert utlån som tidligere er fraregnet som følge av endrede vilkår.
- Utlån som er fraregnet reflekterer avsetning for utlån som er fraregnet i perioden uten at det er nedskrevet som følge av kredittap inkludert lån som er fraregnet som følge av endringer i vilkår.
- Ny måling av tap inkluderer effekt av endringer i input eller forutsetninger i modellen, delvis tilbakebetaling, opptrekk i eksisterende kreditt, og endringer i måling som følge av overføring mellom trinn.

| MORBANK/KONSERN | | | | |
|--|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Totalt balanseført tapsavsetning på utlån og garantier | Trinn 1 | Trinn 2 | Trinn 3 | Total |
| 01.01.2018 | 17.192 | 11.308 | 21.532 | 50.032 |
| Avsetning til tap | | | | |
| Overført til (frå) trinn 1 | 3.329 | -4.301 | -31 | -1.003 |
| Overført til (frå) Trinn 2 | -2.104 | 2.004 | -37 | -136 |
| Overført til (frå) Trinn 3 | -321 | -1.370 | 1.690 | - |
| Nye utferda eller kjøpte utlån | 5.182 | 1.347 | - | 6.530 |
| Auke i måling av tap | 1.853 | 7.500 | 5.029 | 14.382 |
| Reduksjon i måling av tap | -8.390 | -642 | -1.927 | -10.960 |
| Utlån som har blitt frårekna | -1.972 | -2.223 | -15.829 | -20.024 |
| Konstaterte nedskrivningar (konstaterte tap) | - | - | - | - |
| Innbetalinger på tidligere nedskrivningar(konstaterte) | - | - | -3.819 | -3.819 |
| 31.12.2018 | 14.769 | 13.624 | 6.608 | 35.000 |

| Totalt balanseført tapsavsetning på utlån til amortisert kost (PM) | Trinn 1 | Trinn 2 | Trinn 3 | Total |
|--|--------------|--------------|---------------|---------------|
| 01.01.2018 | 5.075 | 7.024 | 12.551 | 24.650 |
| Avsetning til tap | | | | |
| Overført til (frå) trinn 1 | 513 | -1.409 | -31 | -927 |
| Overført til (frå) Trinn 2 | -230 | 254 | -37 | -13 |
| Overført til (frå) Trinn 3 | -305 | -1.129 | 1.435 | - |
| Nye utferda eller kjøpte utlån | 2.167 | 922 | - | 3.089 |
| Auke i måling av tap | 705 | 3.069 | 5.029 | 8.802 |
| Reduksjon i måling av tap | -2.082 | -429 | -1.777 | -4.288 |
| Utlån som har blitt frårekna | -1.154 | -1.692 | -10.554 | -13.400 |
| Konstaterte nedskrivningar (konstaterte tap) | - | - | - | - |
| Innbetalinger på tidligere nedskrivningar(konstaterte) | - | - | - | - |
| 31.12.2018 | 4.687 | 6.610 | 6.616 | 17.912 |

MORBANK/KONSERN

| | Trinn 1 | Trinn 2 | Trinn 3 | Total |
|---|---------------|--------------|--------------|-----------------|
| Totalt balanseført tapsavsetning på utlån til amortisert kost (BM) | | | | |
| 01.01.2018 | 11.431 | 3.223 | 8.940 | 23.593,5 |
| Avsetning til tap | | | | |
| Overført til (frå) trinn 1 | 1.826 | -1.902 | - | -76 |
| Overført til (frå) Trinn 2 | -1.862 | 1.739 | - | -123 |
| Overført til (frå) Trinn 3 | -15 | -238 | 253 | - |
| Nye utferda eller kjøpte utlån | 2.358 | 404 | - | 2.762 |
| Auke i måling av tap | 1.065 | 4.346 | - | 5.411 |
| Reduksjon i måling av tap | -5.109 | -199 | -148 | -5.456 |
| Utlån som har blitt frårekna | -615 | -495 | -5.247 | -6.357 |
| Konstaterte nedskrivningar (konstaterte tap) | - | - | - | - |
| Innbetalinger på tidligere nedskrivningar(konstaterte) | - | - | -3.806 | -3.806 |
| 31.12.2018 | 9.078 | 6.878 | -8 | 15.948 |

| | Trinn 1 | Trinn 2 | Trinn 3 | Total |
|---|--------------|--------------|-----------|--------------|
| Totalt balanseført tapsavsetning på ubenytt/ garantier | | | | |
| 01.01.2018 | 686 | 1.060 | 42 | 1.788 |
| Avsetning til tap | | | | |
| Overført til (frå) trinn 1 | 990 | -990 | - | - |
| Overført til (frå) Trinn 2 | -12 | 12 | - | - |
| Overført til (frå) Trinn 3 | - | -2 | 2 | - |
| Nye utferda eller kjøpte utlån | 657 | 22 | - | 679 |
| Auke i måling av tap | 83 | 85 | - | 169 |
| Reduksjon i måling av tap | -1.199 | -14 | -2 | -1.216 |
| Utlån som har blitt frårekna | -202 | -36 | -29 | -267 |
| Konstaterte nedskrivningar (konstaterte tap) | - | - | - | - |
| Innbetalinger på tidligere nedskrivningar(konstaterte) | - | - | -13 | -13 |
| 31.12.2018 | 1.003 | 136 | 0 | 1.140 |

MORBANK/KONSERN

| | 31.12.17 | 31.12.18 |
|---|-----------------|-----------------|
| Periodens tap på utlån og garantier | 31.12.17 | 31.12.18 |
| Endring i individuelle nedskrivningar | -7.879 | -15.141 |
| Endring i gruppenedskrivningar | -5.450 | - |
| Endring i IFRS 9 nedskrivning | - | 1.899 |
| Konstaterte tap med tidligere nedskrivningar | 25.492 | 25.725 |
| Konstaterte tap uten tidligere nedskrivningar | 7.600 | - |
| Inngang på tidlegare konstaterte nedskrivningar | - | -2.457 |
| Andre korreksjoner / amortisering av nedskrivningar | - | 50 |
| Sum tap på utlån og garantier | 19.763 | 10.076 |

MORBANK/KONSERN

| | 31.12.17 | 31.12.18 |
|---|---------------|---------------|
| Misleghaldne engasjement: | | |
| Brutto misleghaldne engasjement over 90 dager | 74.786 | 60.632 |
| Trinn 3 nedskrivning | 21.092 | 5.951 |
| Netto misleghaldne engasjement | 53.694 | 54.681 |
| Brutto misleghaldne engasjement i % av brutto utlån | 1,02 % | 0,75 % |

KONSERN

| | Trinn 1 | Trinn 2 | Trinn 3 | Total |
|--|------------------|----------------|---------------|------------------|
| Brutto utlån totalt | | | | |
| 01.01.2018 | 6.942.345 | 341.840 | 70.597 | 7.354.782 |
| Avsetning til tap overført til Trinn 1 | 104.808 | -103.829 | -979 | - |
| Avsetning til tap overført til Trinn 2 | -302.910 | 307.731 | -4.821 | - |
| Avsetning til tap overført til Trinn 3 | -19.227 | -18.270 | 37.497 | - |
| 949.824 | 1.000.093 | Netto ansvarleg kapital | 1.025.951 | 969.281 |

| 2017 | 2018 | Risikovege berekningsgrunnlag | 2018 | 2017 |
|------------------|------------------|---------------------------------------|------------------|------------------|
| - | - | Statar og sentralbankar | - | - |
| 2.000 | 2.010 | Lokale og regionale styresmakter | 2.010 | 2.000 |
| - | - | Offentleg eigde føretak | - | - |
| 90.098 | 62.232 | Institusjonar | 62.232 | 90.098 |
| 1.125.288 | 1.243.813 | Føretak | 1.180.782 | 1.062.257 |
| 4.136 | 4.556 | Massemarknadsengasjement | 4.556 | 4.136 |
| 2.526.433 | 2.780.281 | Pant i fast eigedom | 2.780.281 | 2.526.433 |
| 47.747 | 48.477 | Forfalne engasjement | 48.477 | 47.747 |
| 14.098 | 10.594 | Obligasjonar med fortrinnsrett | 10.594 | 14.098 |
| 7.917 | 8.000 | Andelar i verdipapirfond | 8.000 | 7.917 |
| 127.271 | 136.202 | Egenkapitalposisjonar | 133.202 | 117.398 |
| 63.321 | 100.480 | Andre engasjement | 181.072 | 146.654 |
| 4.008.311 | 4.396.645 | Sum kreditt- og motpartsrisiko | 4.411.206 | 4.018.740 |
| 415.314 | 439.369 | Operasjonell risiko | 439.369 | 415.314 |
| 1.950 | 1.671 | CVA-risiko (Motpartsrisiko) | 2.683 | 1.950 |
| 4.425.575 | 4.837.684 | Totalt berekningsgrunnlag | 4.853.258 | 4.436.004 |

| 2017 | 2018 | | 2018 | 2017 |
|----------------|----------------|---------------------------|----------------|----------------|
| 21,46 % | 20,67 % | Kapitaldekning | 21,14 % | 21,85 % |
| 18,52 % | 17,67 % | Kjernekapital | 18,15 % | 19,05 % |
| 17,81 % | 16,71 % | Rein kjernekapital | 17,20 % | 18,49 % |

Note 35 Eigardelskapital og eigarstruktur

Det var emisjon 28.9.2017 ved innbetaling av 100 mill. kroner fordelt på 1 mill. eigenkapitalbevis à 100 kr.
Det var 368 eigenkapitalbevisegarar pr 31.12.2018.

| Dei største eigenkapitalbevisegarar | Tal på eigenkapitalbevis | Del |
|-------------------------------------|--------------------------|-----------------|
| Sparebank 1 Smn | 48.070 | 4,81 % |
| Sparebanken Møre | 48.070 | 4,81 % |
| Vartdal Holding AS | 37.125 | 3,71 % |
| Havila Holding AS | 37.125 | 3,71 % |
| H I Giørtz Sønner AS | 37.107 | 3,71 % |
| Grøvik Verk AS | 37.107 | 3,71 % |
| Marin Group AS | 37.107 | 3,71 % |
| Studentsamskipnaden | 30.873 | 3,09 % |
| Vartdal Fiskeriselsk | 25.436 | 2,54 % |
| Magne Sævik | 24.842 | 2,48 % |
| Har-Eiendom A/S | 22.383 | 2,24 % |
| Rasmus Magne Straume | 15.436 | 1,54 % |
| Brødrene Vartdal AS | 14.850 | 1,49 % |
| Seanergy AS | 14.843 | 1,48 % |
| Kåre Steinar Fjellet | 14.843 | 1,48 % |
| Vartdal Invest AS | 14.843 | 1,48 % |
| Seielstad Holding AS | 14.842 | 1,48 % |
| Kalvatn Invest AS | 11.922 | 1,19 % |
| Hbj Holding AS | 11.132 | 1,11 % |
| Brødrene Øyehaug AS | 9.859 | 0,99 % |
| Sum største eigarar | 507.815 | 50,78 % |
| Andre eigarar | 492.185 | 49,22 % |
| Utfjerda eigenkapital | 1.000.000 | 100,00 % |

Banken har inga beholdning av eigne eigenkapitalbevis.

Eigenkapitalbevisbrøk

| MORBANK (Tal i heile tusen kroner) | 31.12.2018 | 31.12.2017 | 31.12.2016 |
|--|------------------|----------------|----------------|
| Eigardelskapital | 100.000 | 100.000 | - |
| Overkursfond | 193 | 193 | - |
| Utjamningsfond | 18.307 | 10080 | - |
| A. Sum eigenkapitalbevisegarane sin del | 118.499 | 110.273 | - |
| Sparebankfondet | 895.613 | 825.933 | 757.837 |
| Gåvefond | 21.896 | 17.125 | 12.500 |
| Del annan eigenkapital | 1.482 | 1.482 | - |
| B. Sum samfunnsseigd kapital | 918.991 | 844.540 | 770.337 |
| Eigenkapital | 1.037.490 | 954.813 | 770.337 |
| Eigenkapitalbevisbrøk (A/(A+B)) | 11,42 % | 11,55 % | 0,00 % |

Note 36

Vesentlege transaksjonar med nærstående selskap

Transaksjonar mellom nærstående partar. Nærstående partar er her definert som felleskontrollerte verksemder og dotterselskap.

| | Dotterselskap | | Felleskontrollerte verksemder | |
|---|---------------|---------------|-------------------------------|--------------|
| | 2018 | 2017 | 2018 | 2017 |
| Lån (Tal i heile tusen kroner) | | | | |
| Lån utestående pr 1.1. | 63.031 | 125.046 | 3.932 | 13.990 |
| Tilgang / avgang nye døtre | - | -54.313 | - | - |
| Lån innvilga i perioden | - | - | - | - |
| Tilbakebetaling | - | 7.702 | - | 10.058 |
| Utestående lån per 31.12. | 63.031 | 63.031 | 3.932 | 3.932 |
| Renteinntekter | 2.017 | 3.832 | | |
| Tap ved utlån | - | - | | |
| Innskot (Tal i heile tusen kroner) | | | | |
| Innskot per 1.1. | 590 | 4.161 | - | - |
| Nye innskot i perioden | 2.062 | - | - | - |
| Uttak | - | 3.571 | - | - |
| Innskot per 31.12. | 2.652 | 590 | - | - |
| Rentekostnader | - | 5 | | |
| Valutahandel | - | - | | |
| Provisjonsinntekt | - | - | | |
| Utfærdige garantiar og kausjonsansvar | - | - | | |

Note 37

Hendingar etter balansedagen

Det er ikkje registrert andre vesentlege hendingar etter balansedagen som påverkar banken sin rekneskap.

Note 38

Skildring av utrekning måltal og utrekning frå offisiell rekneskapsoppstilling

| Alternativt resultatmål | Årsak til bruk av alternativt resultatmål | Definisjon | Utrekningsforklaring Dersom ikkje anna er sagt, er alle tilvisingane henta direkte frå resultat- og balansenlinjer i års- og/eller delårsrapport |
|---|---|---|---|
| Resultatsamandrag i % | Resultatsamandrag i % viser dei ulike resultatetelementa som funksjon av gjennomsnittleg forvaltningskapital. | Resultatsamandrag i % reknar ein ut ved å dividere kvart resultatetelement med gjennomsnittleg forvaltningskapital. I forklaringa til utrekninga er resultatetelementet netto renteinntekter brukt som døme. Ved opplysningar av resultatsamandrag i % for kortare periodar enn heile rekneskapsår, blir resultatetelementa annualiserte. | <u>Netto renteinntekter</u> (Eignelutar i år + eignelutar i fjor)/2 |
| Resultat frå underliggjande drift | Resultatsamandraget viser resultat frå bankverksemda. | Resultatsamandrag frå renteinntekter, andre inntekter minus kostnader. Utbytte, avkastning frå finansielle eignelutar, tap og skatt er ikkje med. | Netto renteinntekter + provisjonsinntekter - kostnader |
| Eigenkapitalavkastning | Nøkkeltalet viser avkastninga på eigenkapitalen til konsernet. Nøkkeltalet reflekterer evna konsernet har til å omsetje kapitalen i lønsom verksemd. | Eigenkapitalavkastninga vert utrekna ved å dividere resultat i perioden/resultat for rekneskapsåret med gjennomsnittleg eigenkapital siste året. Ved opplysningar av eigenkapitalavkastning for kortare periodar enn heile rekneskapsår, blir perioderesultatet annualisert. | Resultat i perioden/Resultat for rekneskapsåret <u>(Sum eigenkapital i år + sum eigenkapital i fjor)/2</u> |
| Kostnadsprosent | Kostnadsprosent er eit normalt nøkkeltal innanfor bank/finans. Nøkkeltalet reflekterer kor effektivt banken/konsernet blir drive. | Kostnadsprosenten reflekterer evna banken/konsernet har til å omsette driftskostnadene sine til skaffe inntekt. Kostnadsprosenten blir rekna ut ved å dividere sum driftskostnader på sum inntekter. | <u>Sum Driftskostnader</u> Sum Inntekter |
| Innskotsdekning | Innskotsdekning er eit normalt nøkkeltal innanfor bank/finans. Nøkkeltalet viser kor stor del av utlånsværksemda til banken som vert finansiert av innskot frå kundar. | Innskotsdekninga reflekterer evna banken har til å finansiere utlån til kundar gjennom innskot frå kundar. Innskotsdekninga er utrekna ved å dividere sum innskot på sum utlån. | <u>Innskot frå og gjeld til kundar</u> Brutto utlån til og fordringar på kundar |
| Utlånsvekst siste 12 månader | Utlånsvekst siste 12 månader er eit normalt nøkkeltal innanfor bank/finans. Nøkkeltalet reflekterer aktiviteten og veksten i utlånsværksemda til banken. | Utlånsvekst siste 12 månader reflekterer utlånsværksemda i balansen frå tilsvarende tidspunkt i fjor til i år. | <u>(Brutto utlån til og fordringar på kundar i år - Brutto utlån til og fordringar på kundar i fjor)</u> Brutto utlån og fordringar på kundar i fjor |
| Brutto utlån til kundar inkl. SpareBank 1 Boligkreditt og SpareBank 1 Næringskreditt | Banken nyttar SpareBank 1 Boligkreditt AS og SpareBank 1 Næringskreditt AS som finansieringskjelde for noko av utlånsværksemda. Nøkkeltalet reflekterer banken sitt totale utlånsvolum inkludert volum overført til kredittføretaka. | Summen av brutto utlån til og fordringar på kundar og volum boliglån som er overført til SpareBank 1 Boligkreditt AS og SpareBank 1 Næringskreditt AS. | Brutto utlån til og fordringar på kundar + Volum overført til kredittføretak ¹ |
| Utlånsvekst inkl. SpareBank 1 Boligkreditt og SpareBank 1 Næringskreditt | Banken nyttar SpareBank 1 Boligkreditt AS og SpareBank 1 Næringskreditt AS som finansieringskjelde for noko av utlånsværksemda. Volum overført til kredittføretaka er frå banken sine kundar, og er tilført frå aktivitet og vekst i banken. Utlånsvekst inkl. SpareBank 1 Boligkreditt og SpareBank 1 Næringskreditt er derfor eit nøkkeltal som reflekterer aktiviteten og veksten i bankens utlånsværksemda betre. | Utlånsvekst inkl. SpareBank 1 Boligkreditt reflekterer utlånsværksemda fra tilsvarende tidspunkt i fjor til i år, både utlån i eigen balanse og utlån finansiert gjennom SpareBank 1 Boligkreditt AS og SpareBank 1 Næringskreditt AS. | <u>(Brutto utlån til og fordringar på kundar i år + Volum overført til kredittføretak¹ i år) - (Brutto utlån til og fordringar på kundar i fjor + Volum overført til kredittføretak¹ i fjor)</u> Brutto utlån og fordringar på kundar i fjor |
| Innskotsvekst siste 12 månader | Innskotsvekst siste 12 månader er eit normalt nøkkeltall innanfor bank/finans. Nøkkeltalet reflekterer aktiviteten og veksten i banken si innskotsværksemd. Nøkkeltalet blir også oppgitt for segmenta privatmarknad og bedriftsmarknad i årsmeldinga frå styret. | Innskotsvekst siste 12 månader reflekterer innskotsværksemda i balansen frå tilsvarende tidspunkt i fjor til i år. | <u>(Innskot frå og gjeld til kundar i år - Innskot frå og gjeld til kundar i fjor)</u> Innskot frå og gjeld til kundar i fjor |

| | | | |
|---|---|--|--|
| Forvaltningskapital inkl. SpareBank 1 Boligkreditt og SpareBank 1 Næringskreditt | Banken nyttar SpareBank 1 Boligkreditt AS og SpareBank 1 Næringskreditt AS som finansieringskjelde for noko av utlånsverksemda. Volum overført til SpareBank 1 Boligkreditt AS er frå bankkundane og er tilført frå aktivitet og vekst i banken. Nøkkeltalet reflekterer banken sine totale eignelutar inkludert volum boliglån overført til SpareBank 1 Boligkreditt AS. | Summen eignelutar i balansen og volum boliglån som er overførte til SpareBank 1 Boligkreditt AS og SpareBank 1 Næringskreditt AS. | Eignelutar + Volum overført til kredittføretak ¹ |
| Inntekt frå anna verksemd enn tradisjonelle balanseprodukt | Nøkkeltalet gir lesarane informasjon om diversifiseringa i konserninntektene. Inntekter frå tradisjonelle balanseprodukt omfattar netto renteinntekter og provisjonar frå SpareBank 1 Boligkreditt AS. Desse inntektene avheng i stor grad av nivået på styringsrenta og pengemarknadsrenta, og er difor sett på som relativt sykliske inntekter. Det er rekna som fornuftig å gi lesarane informasjon om kor stor del av inntektene ein ikkje kan sjå som like sykliske. | Summen av netto provisjons- og andre inntekter elles (eks. provisjonsinntekter frå SpareBank 1 Boligkreditt AS og SpareBank 1 Næringskreditt AS) dividert med sum inntekter eks. netto resultat frå finansielle eignelutar. | Netto provisjons- og andre inntekter - Provisjonsinntekter frå kredittføretak ⁴ Sum inntekter - Netto resultat frå finansielle eignelutar |
| Bokført eigenkapital per eigenkapitalbevis | Nøkkeltalet gir lesarane informasjon om verdien av den bokførte eigenkapitalen per eigenkapitalbevis. Nøkkeltalet gir lesaren høve til å vurdere kor rimeleg børskursen er i forhold til eigenkapitalbeviset. | Eigarkapitalbevisegarane sin del av eigenkapitalen dividert på tal eigenkapitalbevis. | Sum eigenkapital x Eigardelsbrøk ⁵ Tal på eigenkapitalbevis ³ |
| Resultat per eigenkapitalbevis | Nøkkeltalet gir lesarane informasjon om innteninga per eigenkapitalbevis. Nøkkeltalet gjer det mogleg for lesaren å vurdere kor rimeleg børskursen er i høve til eigenkapitalbeviset. | Eigenkapitalbevisegarane sin del av resultatet dividert på tal eigenkapitalbevis. | (Resultat i perioden/Resultat for rekneskapsåret - ikkje-kontrollerande eigarinteresser) x Eigardelsbrøk ⁵ Tal på eigenkapitalbevis ³ |
| Tapsprosent utlån | Nøkkeltalet oppgir resultatført tapskostnad som funksjon av brutto utlån på balansetidspunktet. | Nøkkeltalet viser resultatført tapskostnad i perioden dividert med brutto utlån på balansetidspunktet. Ved opplysningar om tapsprosent utlån for kortare periodar enn heile rekneskapsår, blir resultatført tapskostnad annualisert. | Tap på utlån og garantiar Brutto utlån til og fordringar på kundar |

1. Volum overført til SpareBank 1 Boligkreditt AS og SpareBank 1 Næringskreditt AS kjem ikkje fram i balanseoppstillinga. Talet reflekterer sum utlån til kundar som er overførte SpareBank 1 Boligkreditt AS på balansetidspunktet. Sjå i tillegg note 14 og note 15 i årsrekneskapen for vidare kommentarar knytte til avtalane banken har for sal av utlån til SpareBank 1 Boligkreditt AS.
2. Gjennomsnittleg avkastning på utlån i perioden blir utrekna i rekneskapsystemet til banken og kan ikkje avstemmast direkte mot resultat-/balanselinjer i kvartals- eller årsrekneskapen. Gjennomsnittleg avkastning blir rekna ut ved å dividere rente- og kredittprovisjonsinntekter frå utlån i perioden med dagleg gjennomsnittleg volum på utlånsporteføljen i perioden.
3. Gjennomsnittleg avkastning på innskot i perioden blir utrekna i rekneskapsystemet til banken, og kan ikkje avstemmast direkte mot resultat-/balanselinjer i kvartals- eller årsrekneskapen. Gjennomsnittleg avkastning blir rekna ut ved å dividere rente- og kredittprovisjonskostnader frå innskot i perioden med dagleg gjennomsnittleg volum på innskotsporteføljen i perioden.
4. Provisjonsinntekter frå SpareBank 1 Boligkreditt AS og SpareBank 1 Næringskreditt AS går inn i totale provisjonsinntekter i resultatoppstillinga. Postane som inngår i provisjonsinntekter er spesifiserte i note 7 i årsrekneskapen.
5. Eigardelsbrøken er spesifisert i note 35 i årsrekneskapen.

Note 39 IFRS 9

IFRS 9

IFRS 9 Finansielle instrument skal erstatte noverande IAS 39 Finansielle instrument – innrekning og måling. IFRS 9 omhandlar innrekning, klassifisering og måling, nedskrivning, frårekning og sikringsbokføring. IFRS 9 gjeld frå 01.01.18 og er godkjent av EU. I 2015 sette SpareBank1 Gruppen saman eit tverrfagleg implementeringsteam med deltakarar frå alle bankane som nyttar IFRS, som vil betre gjennomføring og implementering av IFRS 9. Prosjektet har hatt ei styringsgruppe, og følgjande undergrupper:

1. Modellar og metodikk
Utvikling av utrekningsløyse og modellar for å etablere forventningsrette estimat for framtidige forventa tap.
2. Strategi, organisering og prosessar
Definere opp korleis organiseringa av det løpande arbeidet med rekneskapsføring etter IFRS 9 skal organiserast mellom dei samarbeidande bankane
3. Rekneskap og rapportering
Konkretisere sjølvre rekneskapsføringa og notar inkl. prinsippnote og notemalar.
4. Klassifisering og måling
Kartlegge gruppa sine finansielle instrument og klassifisere instrument i ulike kategoriar.

Overgangsreglar

IFRS 9 skal nyttast retrospektivt, med unntak for sikringsbokføring. Retrospektiv bruk inneber at SpareBank 1 Søre Sunnmøre skal lage opningsbalansen 01.01.18 som om dei alltid har nytta dei nye prinsippa. Det betyr ikkje at samannlikningstala for 2017 må omarbeidast etter dei nye prinsippa, og standarden seier at dei heller ikkje har lov til å omarbeide samannlikningstala dersom dette ikkje kan gjerast utan bruk av etterpåklokskap. Effektane av nye prinsipp i opningsbalansen for 2018 skal førast mot eigenkapitalen.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre har valt å vidareføre sikringsbokføring etter IAS 39.

Klassifisering og måling Finansielle eignelutar

Etter IFRS 9 skal finansielle eignelutar klassifiserast i tre målekategoriar: verkeleg verdi med verdiendring over resultatet, verkeleg verdi med verdiendring over andre inntekter og kostnader (OCI) og amortisert kost. For finansielle eignelutar skil ein mellom gjeldsinstrument, derivat og eigenkapitalinstrument, der gjeldsinstrument er alle finansielle eignelutar som ikkje er derivat eller eigenkapitalinstrument.

Finansielle eignelutar som er gjeldsinstrument

Gjeldsinstrument med kontraktsfesta kontantstraumar som berre er betaling av rente og hovedstol på faste datoar, og som blir haldne i ein forretningsmodell med formål å motta kontraktsmessige kontantstraumar, skal målast til amortisert kost. Instrument med kontraktsfesta kontantstraumar som berre er betaling av rente og hovedstol på faste datoar, og som blir haldne i ein forretningsmodell både for å motta kontraktsmessige kontantstraumar og for sal, skal målast til verkeleg verdi med verdiendringar over OCI, med renteinntekt, valutaomrekningseffektar og eventuelle nedskrivningar presentert i det ordinære resultatet. Verdiendringar førte over OCI skal reklassifiserast til resultatet ved sal eller annan avhending av eignelutane. Dei andre gjeldsinstrumenta skal målast til verkeleg verdi med verdiendring over resultatet. Dette gjeld instrument med kontantstraumar som ikkje berre er betaling av normal rente og hovedstol, og instrument som blir haldne i ein forretningsmodell der formålet i hovudsak ikkje er mottak av kontraktsfesta kontantstraumar.

Instrument som i utgangspunktet skal målast til amortisert kost, eller til verkeleg verdi med verdiendringar over OCI, kan peikast ut for måling til verkeleg verdi med verdiendringar over resultatet dersom dette eliminerer eller vesentleg reduserer eit rekneskapsmessig misforhold.

Derivat og investeringar i eigenkapitalinstrument

Alle derivat skal i utgangspunktet målast til verkeleg verdi med verdiendring i resultatet, men derivat som er utpeikte som sikringsinstrument, skal rekneskapsførast i tråd med prinsippa for sikringsbokføring. Investeringar i eigenkapitalinstrument skal målast i balansen til verkeleg verdi. Verdiendringar skal som hovudregel førast i det ordinære resultatet, men eit eigenkapitalinstrument, som ikkje er halde for handelsformål, og som ikkje er eit betinga vederlag etter ei overdraging av verksemd, kan utpeikast som målt til verkeleg verdi med verdiendringar over OCI.

Finansielle forpliktingar

For finansielle forpliktingar er reglane hovudsakleg dei same som i dagens IAS 39. Ei endring frå IAS 39 er at for finansielle forpliktingar som er bestemt rekneskapsførte til verkeleg verdi over resultatet, skal endringar i verdien som skuldast selskapet sin eigen kredittrisiko, reknast inn i OCI, og ikkje i det ordinære resultatet som i dag, med mindre innrekninga i OCI skaper eller forsterkar eit rekneskapsmessig misforhold.

Tapsnedskriving utlån

Etter gjeldande reglar skal nedskrivingar for tap berre skje når det er objektive bevis for at ei tapshending har funne stad etter første gongs balanseføring. Etter IFRS 9 skal tapsavsetningane reknast inn basert på forventade kreditttap (ECL). Den generelle modellen for nedskrivingar av finansielle eignelutar i IFRS 9, vil gjelde for finansielle eignelutar som blir målte til amortisert kost eller til verkeleg verdi med verdiendringar over OCI, og der det ikkje hadde skjedd tap ved første gongs balanseføring. I tillegg er også lånetilsagn, finansielle garantikontraktar som ikkje er målte til verkeleg verdi over resultatet, og leigeavtalefordringar, omfatta.

Målinga av avsetninga for forventade tap i den generelle modellen, er avhengig av om kreditttrisikoen har auka vesentleg sidan første gongs balanseføring. Ved første gongs balanseføring, og når kreditttrisikoen ikkje har auka vesentleg etter første gongs balanseføring, skal det setjast av for 12-månaders forventade tap. 12-månaders forventade tap er det tapet som er forventade å kome over levetida til instrumentet, men som kan knytast til hendingar som skjer dei første 12 månadene. Hvis kreditttrisikoen har auka vesentleg etter førstegongs-innrekning, skal det setjast av for forventade tap over heile levetida. Forventade kreditttap er utrekna basert på noverdien av alle kontantstraumar over gjenverende forventade levetid, dvs. skilnaden mellom dei kontraktsmessige kontantstraumane etter kontrakten og den kontantstraumen som banken forventar å motta, diskontert med effektiv rente på instrumentet.

I tillegg til den generelle modellen er det egne prinsipp for utferda inkludert reforhandla lån som blir behandla som nye, og kjøpte lån der det har kome til kreditttap ved første gongs balanseføring. For desse skal det reknast ut ei effektiv rente som tek omsyn til forventade kreditttap, og ved endringar i forventade kontantstraumar, skal endringa diskonterast med den opprinneleg fastsette effektive renta og resultatførast. For desse eignelutane er det såleis ikkje behov for å overvake om det har vore ein vesentleg auke i kredittisiko etter først gongs balanseføring, då det uansett skal takast omsyn til forventade tap over heile levetida.

For kundefordringar utan vesentlege finansieringskomponentar, skal ein forenkla modell nyttast, der det blir avsett for forventade tap over heile levetida frå første gongs balanseføring. Banken har valt som rekneskapsprinsipp å bruke den forenkla modellen også for kundefordringar med vesentlege finansieringselement og leigefordringar

Innrekning og frårekning av finansielle eignelutar og forpliktingar

Finansielle eignelutar og forpliktingar blir rekna inn på handledagen, det vil seie tidspunktet banken blir part i dei kontraktsmessige vilkåra til instrumenta.

Finansielle eignelutar blir frårekna når dei kontraktsmessige rettane til kontantstraumane frå den finansielle eigneluten er avslutta, eller når rettane til kontantstraumane frå eigneluten er overførte på ein slik måte at risiko og avkastning knytte til eigarskapet i det alt vesentlege er overførte. Finansielle forpliktingar skal reknast frå når dei kontraktsmessige vilkåra er innfridde, kansellerte eller avslutta.

Modifiserte eignelutar og forpliktingar

Dersom det blir gjort modifiseringar eller endringar i vilkåra til ein eksisterande finansiell eignelut eller forplikting, skal instrumentet behandlast som ein ny finansiell eignelut dersom dei reforhandla vilkåra er vesentleg forskjellige, skal den gamle finansielle eigneluten eller forpliktinga reknast frå, og ein ny finansiell eignelut eller ei forplikting reknast inn. Generelt vurderer ein eit utlån til å vere ein ny finansiell eignelut dersom det blir utferda ny lånedokumentasjon, samtidig som det skjer ein ny kredittprosess med fastsetjing av nye lånevilkår.

Dersom det modifiserte instrumentet ikkje blir vurdert å vere vesentleg forskjellig frå det eksisterande instrumentet, blir instrumentet rekneskapsmessig sett på som ei videreføring av det eksisterande instrumentet. Ved ei modifisering som blir rekneskapsført som ei videreføring av eksisterande instrument, blir dei nye kontantstraumane diskonterte med instrumentet si opprinnelege effektive rente, og eventuell skilnad mot eksisterande balanseført beløp førast i resultatet.

Innføringa av IFRS 9 har resultert i følgjande prinsippendringar og effektar

Det følgjer i det vidare ei skildring av utvalde finansielle instrument, og korleis dei er klassifiserte etter IAS 39 og IFRS 9 med tilhøyrande beskriving av kva for nokre vurderingar som er lagde til grunn i klassifiseringa. Finansielle instrument som ikkje har fått endra måleprinsipp ved overgangen til IFRS 9, og der det ikkje har vore problemstillingar ved vurderinga av SPPI-test og forretningsmodell, er ikkje inkluderte i denne noten. Dette gjeld også for finansielle forpliktingar.

Detaljert beskriving av tapsmodellen etter IFRS 9 er også inkludert, i tillegg til effekten på tapsnedskrivingane per 01.01.18 som følgje av overgangen til IFRS 9.

Nedskrivingsmodellen

Tapsanslaget skal lagast kvartalsvis, og vil bygge på data i datavarehuset som har historikk over konto- og kundedata for heile kredittporteføljen, utlån, kreditt og garantiar. Tapsestimata vil bli utrekna basert på 12 måneders og livslangt sannsyn for misleghald frå kunden si side (probability of default – PD), lånetap ved misleghald (loss given default – LGD) og eksponering av lånet ved misleghald (exposure at default – EAD). Datavarehuset inneheld historikk for observert misleghaldsrate (PD) og observert tapsgrad (LGD). Dette vil danne grunnlag for å lage gode estimat på framtidige verdiar for PD og LGD. Banken vurderer fremtidsretta informasjon som makroøkonomiske faktorar, som for eksempel arbeidsløyse, BNP-vekst, renter, bustadprisar og økonomiske prognosar for å kunne gi framtidsretta informasjon som er så korrekt som mogleg.

Misleghaldsdefinisjonen under IFRS 9 fell saman med IAS 39, og her blir det avsett for forventade tap over levetida. Definisjonen av misleghald under trinn 3 er samanfallande med intern risikostyring og kapitalkravsutrekningar, her nyttar ein også 90 dagars overtrekk som eit viktig kriterium for misleghald. Kriteria for vesentleg auke i kredittisiko er skildra i trinn 1 og 2 under. Vesentleg auke i kredittisiko blir målt for det einskilde utlånet. Tapsavsetninga i trinn 2 og 3 blir rekna ut og rapportert i grupper av finansielle instrument. For utlånporteføljen skil ein mellom PM og BM.

I tråd med IFRS 9 grupperer banken sine utlån i tre trinn baserte på anvendt metodikk som er skildra under.

Trinn 1

Dette er startpunkt for alle finansielle eignelutar som er omfatta av den generelle tapsmodellen. Alle eignelutar som ikkje har vesentleg høgere kredittisiko enn ved førstegongsinnrekning, får ei avsetning til tap som tilsvarer 12 månaders forventade tap. I denne kategorien ligg alle eignelutar som ikkje er overførte til trinn 2 eller 3.

Følgjande kriterium må vere oppfylte for at det ikkje har skjedd ein vesentleg auke i kredittisiko:

- PD er mindre enn dobla frå innvilging, og/eller
- PD < 1,25 %

Trinn 2

I trinn 2 i tapsmodellen er eignelutar som har hatt ein vesentleg auke i kredittisiko sidan førstegongsinnrekning, men der det ikkje er objektive bevis på tap. For desse eignelutane skal det avsettast for forventade tap

over levetida. I denne gruppa finn vi utlån med vesentleg grad av kredittforverring, men som på balansedato tilhøyrer kundar som ikkje er i misleghald (risikoklasse er ikkje J eller K). Grensa mellom trinn 2 og 3 er derfor klar frå standarden. Når det gjeld avgrensing mot trinn 1, må banken sjølv definere kva som er vesentleg grad av kredittforverring. IFRS 9 beskriv likevel at det har vore ein vesentleg auke i kredittisiko, med mindre dette kan tilbakevisast, dersom betaling er forseinka med 30 dagar eller meir.

Banken har vidare definert at eignelutar knytte til kundar som kjem på watchlist, skal gå inn i trinn 2, og at det som hovudregel har vore ein vesentleg auke i kredittisiko dersom PD er minst dobla sidan innvilging, og PD er høgere enn 1,25 %. Vidare vil ei betaling som er minst 30 dagar forseinka, indikere vesentleg auke i kredittisiko, uavhengig av nivået på PD.

Følgjande kriterium må dermed vere oppfylte for at det skal ha skjedd ein vesentleg auke i kredittisiko:

- PD er minst dobla sidan innvilging, og
- PD > 1,25 %
- eller, minst 30 dagars forseinka betaling

Trinn 3

I trinn 3 i tapsmodellen er eignelutar som har hatt ein vesentleg auke i kredittisiko sidan innvilging, og der det er objektive bevis på tap på balansedato. For desse eignelutane skal det avsettast for forventade tap over levetida. Banken har definert at det er objektive bevis for tap når eit utlån er i misleghald (risikoklasse J eller K). Denne definisjonen er i tråd med definisjonen som gjeld for intern risikostyring og for regulatorisk kapitalkravsberäkning for IRB-bankane. Misleghald er definert som følgjande:

- 90 dagar overtrekk og beløp over 1.000 kroner.
- Tapsavsetning/konstatert
- Konkurs/gjeldsordning

Modifiserte finansielle eignelutar

For modifiserte finansielle eignelutar vurderer banken om det har vore vesentleg auke i kredittisiko ved å samanlikne misleghaldsrisikoen på rapporteringstidspunkt ut frå instrumentet sine modifiserte kontantstraumar med misleghaldsrisikoen ved førstegongsinnrekning, basert på instrumentet sine opphavlege kontraktsmessige vilkår (før modifisering).

Effekt av framtidretta informasjon

Det skal produserast månadsrapportar for validering og stresstesting, som inneheld historikk for observert

PD og observert LGD. Dette er viktige analysar for å kunne lage gode estimat på PD og LGD framover, som ECL-formelen krev. Stresstestane inneheld ulike scenarior for makroøkonomiske hovudstorleikar, og korleis dette kan påverke estimata for PD, LGD, EAD, EL og UL

både i regulatoriske og økonomiske kredittmodellar. Basisscenariot frå stresstestane er laga på bakgrunn av referansebanen i Pengepolitisk rapport frå Noregs Bank. Dette gir eit grunnlag for å lage eit basisscenario for IFRS 9-berekingane.

| Note | Instrument/post | Beskriving av instrumentet | IAS 39 | IFRS 9 Førebels konklusjon |
|------|--|---|---|--|
| | Kontantar og fordringar på sentralbankar | Ordinære renteinstrument. Normalt påslag, ingen annan type risiko. Formålet er å halde for å motta kontraktmessige kontantstraumar. | Amortisert kost -AC | Amortisert kost AC |
| | Utlån til og fordringar på kreditinstitusjonar | Innskott SMN og andre bankar, med tillegg av lån til SB1 Kredittkort 170 mill kr | Amortisert kost -AC | Amortisert kost AC |
| | Utlån til og fordringar på kundar med fastrente | Ifølgje IFRS 9.B4.1.12(b) er betaling av ein rimeleg tilleggskompensasjon for tidlig innløyning av eit finansielt instrument konsistent med at kontantstraumane til instrumentet berre er betaling av rente og hovedstol. Underkurs er ikkje ein tilleggskompensasjon for tidlig innløyning, men eit frådrag i kontantstraumane som elles skulle ha vore betalte. Det blei gjort ei endring i standarden på dette området som medfører at gjeldsinstrument som inneheld vilkår om tidlig betaling, inkludert negativ kompensasjon, også kan bestå SPPI-testen. Måling til amortisert kost eller verkeleg verdi over OCI vil altså kunne vere alternativ for slike finansielle instrument, dersom ein ikkje vel FVO. Banken ønsker å oppretthalde same måling som etter IAS 39, og nyttar seg difor av verkeleg verdi- opsjonen (accounting mismatch) basert på at eksponeringa i fastrentelån er sika med rentebytteavtalar. | Verkeleg verdi over resultat (verkeleg verdi opsjon) | Verkeleg verdi over resultat (Verkeleg verdi opsjon) |
| | Utlån til kundar med flytande rente | Pt. vilkår er normale vilkår i Noreg for utlån til bustad med flytande rente og til deler av bedriftsmarknaden, og vilkåra er normalt standardiserte og gjeld likt for alle utlån av denne typen. Låntakaren sin rett til tidleg innløyning og konkurransen mellom bankar, gjer at låna sine kontantstraumar i liten grad vil kunne avvike frå det som er definert som betaling av renter og hovedstol på faste datoar i IFRS 9. Banken si vurdering er derfor at vilkåra for desse utlåna er konsistente med måling til amortisert kost. | Amortisert kost -AC | Amortisert kost AC |
| | Utlån til bustadeigedom som kan overførast til kredittføretak | Utlån som haldne for sal til kredittføretak skal i utgangspunktet ha måling til verkeleg verdi med verdiendringar over OCI, med renteinntekt, valutaomregningseffekter og eventuelle nedskrivningar presentert i det ordinære resultatet. Verdiendringar ført over OCI vert reklassifisert til resultat ved sal eller anna avhending. | Amortisert kost -AC | Verkeleg verdi med verdiendring over OCI - FVOCI (TFS) |
| | Renteberande verdipapir/ likviditetsportefølje | SPPI-test er vurdert å vere bestått, då det berre er betaling av renter og hovedstol på faste tidspunkt. Bankens vurdering er at forretningsmodellen inneber både mottak av kontrakten sine kontantstraumar og sal. Det er varierende grad av omsetning i banken sine likviditetsporteføljor, og innanfor ulike deler av likviditetsporteføljene. Porteføljene har som formål å bidra til at banken oppfyller det lovpålagde LCR-kravet i tillegg til å kunne stille sikkerheit for lån i Noregs Bank. At porteføljene er likviditetsporteføljor, medfører derfor ikkje nødvendigvis at bankane har intensjon om å selje instrumenta som inngår i porteføljene, då likviditet blir sikra gjennom stilling av sikkerheit og lån i samband med lån i Noregs Bank i staden for sal av instrument som inngår i porteføljene. Det har ikkje vore vesentlege endringar i forretningsmodellen. Verkeleg verdi-opsjonen etter IAS 39 er brukt basert på at porteføljene blir følgd opp på virkelig verdi-basis. Då er det pliktig klassifisering til verkeleg verdi over resultatet under IFRS 9 etter som forretningsmodellen er oppretthalden. | Verkeleg verdi opsjon over resultat (oppfølging på verkeleg verdi basis) -FVP&L (FVO) | Verkeleg verdi over resultat (pliktig) -FVP&L (FVO) |
| | Aksjar, partar og andre eigenkapitalinteresser - ikkje trading | Aksjporteføljene til banken består i all hovudsak av strategiske anleggsaksjar. Tilgjengeleg for sal-kategorien som eksisterer i IAS 39 blir ikkje vidareført i IFRS 9. Aksjar klassifiserte som tilgjengelege for sal etter IAS 39 må derfor måleast enten til verkeleg verdi med verdiendringar over resultatet eller til verkeleg verdi med verdiendringar over OCI utan reklassifisering etter IFRS 9. Banken har valt å klassifisere aksjporteføljene til verkeleg verdi over resultatet. | Verkeleg verdi med verdiendring over OCI - FVOCI (TFS) | Verkeleg verdi over resultat - FVP&L |

REVISJONSMELDING



KPMG AS

Telephone +47 04063
Sjøgangen 6

Fax +47 73 80 21 20
N-7010 Trondheim
Internet www.kpmg.no

Enterprise 935 174 627 MVA

Telephone +47 04063
Fax +47 73 80 21 20
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

Til generalforsamlinga i

SpareBank 1 Søre Sunnmøre

Melding frå uavhengig revisor

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert SpareBank 1 Søre Sunnmøre sin årsrekneskap som er samansett av:

- selskapsrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2018, resultatrekneskap, oppstilling over endringar i eigenkapital og kontanttraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, og
- konsernrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2018, resultatrekneskap, oppstilling over endringar i eigenkapital og kontanttraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- er årsrekneskapen gitt i samsvar med lov og forskrifter
- gjev selskapsrekneskapen som fylgjer med eit rettvisebilete av den finansielle stillinga til SpareBank 1 Søre Sunnmøre per 31. desember 2018 og av selskapet sine resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret som blei avslutta per denne datoen i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsett av EU.
- gjev konsernrekneskapen som fylgjer med eit rettvisebilete av den finansielle stillinga til konsernet SpareBank 1 Søre Sunnmøre per 31. desember 2018 og av konsernet sine resultat og kontantstraumar for det avsluttande rekneskapsåret i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsett av EU.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Offices in:

KPMG AS, a Norwegian limited liability company and member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity.

Statsautonserte revisorer - medlemmer av Den norske Revisorforening

| | | | |
|---------|--------------|--------------|------------|
| Oslo | Elverum | Mo i Rana | Stavanger |
| Alta | Finnsnes | Moide | Stord |
| Arendal | Hamar | Tromsø | Strøme |
| Bergen | Haugesund | Trondheim | Tynset |
| Bodø | Karvik | Skien | Sandefjord |
| Bryne | Kristiansand | Sandnessjøen | Ålesund |
| Drammen | | | |



Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar årsmeldinga, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og administrerande direktør sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og administrerande direktør (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsett av EU. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen er leiinga ansvarleg for å ta standpunkt til selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta og på tilbørleg måte å opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen med mindre leiinga enten har til hensikt å avvike konsernet eller legge ned verksemda, eller ikkje har noko realistisk alternativ til dette.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjøn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekkta, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet og konsernet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.



- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis driftføresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet eller konsernet ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet, inkludert tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gjev eit rettvisande bilete.
- innhentar vi tilstrekkeleg og formålstenleg revisjonsbevis knytt til den finansielle informasjonen til einingane eller forretningsområda i konsernet for å kunne gi uttrykk for ei meining om den konsoliderte årsrekneskapen. Vi er ansvarlege for å leie, følge opp og gjennomføre konsernrevisjonen. Vi åleine er ansvarlege for vår revisjonskonklusjon.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekkta i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskrevet ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskrevet ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisjonskontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet og konsernet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Trondheim, 9. mars 2019
KPMG AS

Sverre Einersen
Statsautorisert revisor

**SPAREBANK 1 SØRE SUNNMØRE**

Føretaksregisteret: NO 937 899 785

HovudkontorGymnasvegen 2, 6102 Volda
Tlf. 70 07 00 00**Kundesenter**Tlf. 70 07 00 00
Ope 07–24 alle dagar**Bedriftssenter**Tlf. 70 07 00 07
Ope 08–16 mån–fre